



1880-1948

ANDREAS O. AGDESTAIN

I SUDRAGE

—FORTELJING—



1913.
ERIK GUNLEIKSONS FORLAG
RISØR.

Besta sat ved vindauga i tussmyrke. Andlite var bleikt og skrinnt og store rukkor laag yver skallen, der det graa haare strita fram under huva.

Ho tok seg ein skumingsblund, besta.

Maanen steig upp att um aasen og sende elt trollske skin inn yver golve og upp yver veggen paa hi sida i stova.

Rund og gul glytte han inn gjennom glase og liksom lo aat besta fordi ho dubba.

Men rett som det var snudde ho seg paa stolen, saag imot døri og lydde:

— Kom dei ikkje snart, tru ?

So kika ho gjennom glase burtetter vegen imot landhandlarbudi i Vaagen.

Der var liv og røra der burte. Svart og bruntjøra smaabaatar laag i tette rader klemde inn imillom einannan ved bryggja og vad-maalsklædde folk med skrin og store tinor i henderne larka upp etter vegen imot krambudi.

Ved døri stogga dei litt, drog store graa-kvite ullvottar av nævarne, heldt dei millom tennerne og slo floke med armarne, for det var kaldt i ætti. So smeit dei seg inn um døri.

4

Men besta dubba igjen so hovude var mest ned ved knei. Og maanen han lo. Ho drøymde besta.

Ho hadde havt ein annsam dag med aa skipa til rettes i nyestova, for ho venta framande.

Det var adjunkt Berg og ei ung dama av skyldrolke hans som hadde sagt seg hit fraa byen i paaskehelgi.

Og no hadde ho og tenestgjenta vaska og skura og steilt alt som best dei kunde; og Svale var reist paa bryggja til aa ta imot dei og til aa frakta tye deira til gards. Eimbaaten fraa byen hadde alt vore der, so dei var ventande kvar stundi.

Og no sat ho daa og venta og halvsov i tussmyrke, besta. Det dura og brann i omnen med smaa lystuge knepp, og ljøsken fraa eldsmaale leika paa veggen til liks med maanestraalarne. Men besta ansa det ikkje. Ho seig meir og meir av i halvvakne draumar, uklaare tankar som leika langt av leid med halvgløymde minne.

Det var som take hevja seg av og alt i kring henne fekk liv og farge. Maanestraalarne og eldschine paa veggen vart til gidrande solstraalar ein skir, skir sumardag. Og rundt ikring steig grøne lider med kaate fjellbekkjer og svimrande ange av ungt lauv, medan sumarvinden vogga bjørkekrunorne som ei lang

5

veltande bylgja av ljøsgrønt. Men tett inn under svarte fjellveggen steig røyken upp fraa heimehusi i den vesle grendi der ho sjølv hadde trøtt sine barnesko.

Ja der var det leiken gjekk i barndoms dagar, og aller best naar *han* var med. For ingen kunde laga slike seljeflytor som han, og ingen var so snild og god i heile verdi.

Og daa dei sistpaa bytte barneleiken for vaksnekveiken, so var det der dei livde sine ljøsaste dagar daa og. For ingen stad i verdi var det so som i heimegrendi naar vaareu gjekk sin sigersgong gjenom lande, og snjoen braana og om av foss og sus av sjø og skog blanda seg med fuglesang og solglitter.

Ein slik dag heldt dei brudlaup, ho og han. Og slik som daa hadde aldri fuglarne sunge, tykte ho.

Slik ein vaardag, so blank og skir! Slike kyrkjeklokkor og blommar! Og doggi laag som smaa fine perlor paa gras og straa, og ho tenkte i si lukka:

— Det er jordi som græt gledetaaror yver alt det væne og gilde som finst i live.

Alt la seg liksom saman til aa høgtida brudlaupsdagen deira.

*

Besta kvakk upp. Der let kjerreramml ut paa tune. Ho sat eit bil og undrast paa seg

sjølv. Det vart meir og meir til det med henne no, at naar ho sat soleis aaleine, sveiv det alltid mest for henne det som hadde hendt for lenge sidan, medan ho var i farsgard. Det var vel med henne som med mange andre gamle, at ho gjekk i barndomen litt etter kvart.

— Aa ja ja san!

Ho reiste seg og nøyttte burt aat glase og no saag ho hest og kjerra staa ute paa tune, og ho hørde eit grovt mannsmaal segja:

— Ja her er det vi skal bo!

Men eit spitigt gjentemaal, ho ikkje kjende, spurde høgt og kjapt:

— Tror du vi skal bo over eller under jorden?

I.

Adjunkt Berg var ein snild og godlidande kar tykte besta — til eit bymenneskje aa vera; og dei tvo samstavde mest i alle ting, naar det var slikt dei baae kunde tala um. Og besta var innpaa mangt, for ho hadde røynt mykje i si tid.

Berg var sjølv runnen av bonderot, og han saag paa bondefolk og bondesed med andre augo enn byfolk flest. For han var dei meir enn lassdyr eller maskiner som gjorde sitt arbeid utan tanke og kjensla. Dei var tenkjande menneskje, som gjorde større og vandare verk enn mangein stovelærd fraa dei høgre samfundslag drøymde um. Menneskje som aatte gaava til aa tenkja og handla logisk og som livde eit fagert menneskeliv i sorg og gleda, siger og nederlag, og alle livsens umskiftingar.

Han var fødd og hadde livt si tid i byen millom byfolk; men han var ungar, utan nære skyldfolk der i byen, og so tok han likso godt ut paa lande naar han hadde ei fritid.

Der kunde han faa liva i ro og kvila seg ut til arbeide tok til igjen.

No var han komen hit til Sviland att, liksom dei tvo aari fyrr. Daa hadde han vore aaleine; men no hadde han brordotter si med seg.

Ho hadde vore i Amerika eit par aars tid. Foreldri var fraa henne dø for fleire aar sidan, og systkin hadde ho ikkje, so ho hadde ikkje nokon stort nærmare enn han aa ty til helder. Og no daa han sku reisa, hadde ho kome paa at ho vilde vera med, for ho var maalar, og heimpaa lande kunde ho kanskje finna motiv ho lika aa maala etter.

Det var soleis ikkje han som hadde lokka henne med seg. Han hadde tvert imot, ærlegt og sant, sagt henne at han trudde det vilde verta keidsamt for henne og bu paa lande saman med ein femti aar gamall ungar ifraa byen, og resten bønder. Men ho hadde berre lætt aat han, og sagt at ho sku teikna og han sku kvila og sank nye krefter til arbeide, og so sku dei ikkje tenkja vidare etter kva som var keidsamt eller ikkje.

Og no var dei her daa baae tvo.

Men det hadde ikkje vorte mykje med teikningi hennar, til dessar. Ho dreiv for det meste rundt og saag seg ikring, naar vere var til det; men var det uver sat ho inne hjaa adjunkten og snakka kvinnesaksnakk aat han,

til han mest var ende paa av argskap og motgrunnar som han ikkje fekk koma fram med avdi ho snakka ustanseleg.

Han lika ikkje kvinnesak!, adjunkten. Ikkje kvinnesakskvinner helder. Han var konservativ i sine meiningar um det der og vilde ha gamall god skik paa tingi. Men aa prøva koma til ords aldri so lite medan „mansipa-sjonskverni" gjekk visste han var faafengt arbeid. Og Ester var som alle dei andre, difor let han henne rolegt mala til ho var tom. Men daa var han yver henne som eit hardt ver:

— Um ho meinte noko med dette snakke sitt? Dersom ho det gjorde var det synd for henne, og han sku med gleda rettleida henne lite grand og det so fjerre faderslegt, at ho sku sleppa døy i si villfaring. Det var bra nok at ein freista gjera det noko lettare for kvinna til aa forsyta seg sjølv. Der var mange slags arbeid i samfundet, der ho særleg vilde høva. Og det var det einaste gode med heile kvinnesakssjauen at han kanskje kunde ha gjort litegrand til at der vart opna kvinna eit langt lettare tilføre til aa forsyta seg sjølv enn fyrr det hadde vore.

Men kvinfolk! var kje nøgde med det. Dei kravde meir. Meir, meir og alltid meir. Og det var *det* som var gale og skjemde ut alt saman.

Det var soleis, at saag ein paa dei unge av kvinnekynne no ura dagen, maatte ein fæla, so sant ein ikkje var synkverd.

Det saag væl ut til at det vilde føra fram imot undergang, ikkje berre for kvinna, men for heile mannaætti.

Her gjekk dei, alle desse unge gjentorne, og fekk hovude fullt av latin og græsk, av kemi og fysik, og Gud maatte vita kva det heitte alt. Dei studerte seg bleike og holøygde. Hjerne- og nervelive vart spana paa ein maate som ho slett ikkje taalde, især i yvergangen fraa barneaari til ungdomsaari.

Daa kravdest der just mykje varsemnd i den leid. Men det var det ingen tale um. Det galdt aa køyra paa. Ho sku gjerast før til aa kunna tevla med mannen paa umkverve der ho slett ikkje høvde. Ho sku inn i alle dei styre og umbod som beid. Mannen kunde gaa heim og leggja seg. No kom kvinna! No var hennar tid og time. No sku der verta ein annan drei baade paa det eine og det andre.

Men naar ein saag ein flokk slike beinrangl driva til og fraa skulen med bøkerne under armen, og naar ein liksom han var sett til aa mana visdom inn i desse stakarane, so kunde det nok henda fleire enn han at dei laut spyrja korleis det sku verta med den ætti desse unge peplingarne sku verta mødrar til.

Maatte ikkje det verta ei veik ætt ?

Naar ein saag alle desse syfjanaars gjen-torne dra seg i veg, med ein muskelbygnad som alt var øydelagd, og med andlit so bleike og blodlause, at ein laut ottast dei leid baade av tæring og bleiksott paa ein gong, var det ttraad aa tenkja noko anna.

Men det som var skuld i alt dette, var den bakvende maaten ein no i tidi bruka aa ala upp gjenteborn paa.

Heretter laut ein setja sine voner til bondefolke og dei samfundslag som endaa ikkje hadde brytt seg um alt dette emancipasjons-jugle, dersom ein sku ha nokor von um ei sterk ætt i framtidi.

Det kunde endaa vore, dersom alle desse kravi um jamstilling og serrettar hadde kome fraa dei samfundslag der kvinna hadde det verst. Men det slapp du for. Kvinnorne der tykte det stod væl til som det hadde vore, dei. Dei kjende seg nøgde med aa fylgja sin naturgivnad; daa visste dei at dei var paa sin rette plass.

Men den rette plass for ei kvinna er i heimen millom huslyden, ikkje paa ein talarstol i eit politisk møte.

Nei heile staake kom nok fraa alle desse livsleide kynløysorne i dei høgre samfundslag, desse som ikkje hadde anna aa ta seg fyre enn aa reisa kjekl og kjav om smaating.

Men herregud, ein kunde daa ikkje setja verdi paa ende berre for nokre grillor fiaa den kanten.

Kvinna maatte kunna greida seg med den rett ho hadde, no som fyrr.

Det var ikkje verre steilt, enn at den kvinna som vilde fram, ho kom fram utan serretter.

Og adjunkt Berg slo seg paa kne og kjende seg ovanpaa.

Men Ester sette berre i med ein laatt, tok adjunkten i armen og dreiv rundt paa golve med han.

Ho vilde fortelja han noko, og det var at den lange talen hans var svært forvitneleg, men Ute sætande; og naar han bar paa so mange galne meiningar, so visste ikkje ho noko likare raad for han enn han iaute og gifta seg med ei kvinnesakskvinna. Det var nok i seinaste lage. Men fekk han ei av dei likaste, so kunde der vel endaa verta menneskje av han.

Adjunkten mylte og rette fram handi:

— Vilde ho ta til takkar med han — so?

Mja, — aa nei. Ho for sin del heldt paa fri kjærleik. Ho kom visst ikkje til aa gifta seg, trudde ho.

Men no vart det adjunkten sin tur til aa læ, og han gjorde det so mannslegt at Ester heldt seg for øyro.

— Naar ein sku driva noko nemnande med fri kjærleik, tru ein ikkje lett vilde koma til aa auka folketale noko meir enn ein i grunnen ynskte daa, undrast han.

Men Ester svara ikkje, for ho var alt ute.

Ho gjekk sin veg. Ikkje for det, ho visste væl kva ho sku svara han. Men det var aldri verdt aa lata han faa vita for mykje paa ein gong. Ho sku gje' han inn litt etter kvart.

Og Ester Berg knipsa med fingrane og plystra medan ho rusla burtyver tune fram i mot skogen. Svale heldt paa og arbeidde med noko timber der ein stad, og no hadde ho funne eit motiv der som ho vilde teikna etter.

Det var ei liti tjørn som mest var attgrodd, og rundt ikring stod nokre gamle kro-kutte tre — bjørk og fura um einannan — men lengst i bakgrunnen stod Svale og arbeidde.

Ho trudde det vilde koma til aa ta seg bra ut, naar det kom paa papire.

Ho hadde elles ikkje gjort større med det endaa, for ho sku liksom vera skikkeleg ein grand ho og, og halda helg som dei andre.

Men no helgi var yver, sku ho gaa laus for godt. Og daa kom Svale til aa arbeida derburte stødt. Det hadde berre vore smaa-stunder han hadde vore der fyrr — dei tvo dagarne fyre skirtorsdagshelgi. Denne Svale

var ellers noko for seg sjølv, tykte ho. Han var fager, men ho hadde ikkje kunria lika han korso — i fyrstningi. Men no hadde det kome seg mykje med det; og naar ho var trøytt av aa teikna, sette ho seg til aa svalla med han lange stunder. Han hadde vore litt skygg for henne fyrst. Det var liksom han ikkje vaaga seg til noko tneir enn aa jatta med naar ho sa noko.

Han tykte der fylgde henne noko agelegt som han ikkje heilt vaaga aa gjera seg kjend med. Og naar han ein hende gong saag upp paa henne og fekk ein glimt av dei myrkblaa augo hennar, vart han heit all igjenom.

Just som ein dag han hadde drista seg burt der ho stod og teikna, og ho hadde spurt han:

— Naa, hvad synes De om det? Vilde De forførdelig gjerne være maler ?

Han hadde raudna alt upp i haarroti som ein annan unge og berre stama noko tull

Men no i det siste hadde han gjeve seg denne blygskapen, og samrøda fall lett imillom dei, baade i einrom og elles.

Han kjende seg reint byrg av at denne fine bygjenta vyrde han so fjerre at ho vilde vera i lag med han. Og naar ho kvik og alvelet kom gaaande, kunde han snaudt tenkja seg noko vênare. Det skinande brune liaare fall i stride krullar ned under hatten.

Den skire andlitsfargen og dei myrke brunerne yver dei blaa augo, ei liti viktig nasa, den vesle klufta haka og den friske munnen, alt ihop skapa ein eggjande vênleik han ikkje vann staa seg imot.

Og naar ho sat attved han niedan han arbeidde, tok han dubbelt i.

Daa kunde ho stundom segja: Det er da græsselig hvor sterk De er, Svale!

Daa lo han og kjende seg i himmels høgd.

*

Daa det leid yver paaske noko, tok adjunkten attende til byen, men Ester vilde tøvra endaa ei stund.

Ho skulda paa at ho ikkje hadde fenge teikna stort endaa, og desutan hadde ho ikkje stort aa omna med i byen helder. Dette var der ingen som sa noko imot. Ho raadde seg sjølv og kunde gjera som ho sjølv lysta.

Eit lite stykke ifraa land laag ei liti skog-klædd øy og der trudde ho det maatte vera «henrivende deilig". Men utan baat kunde ho ikkje koma dit, difor laut Svale vera med og ro. Sjølv kunde ho ikkje. Og so bar det i veg ein dag i glitrande solskin. Det hadde ikkje snjoa sidan i mars, og no var det i slutten av april; difor var marki berr, for det meste. Berre upp i liderne og paa a/søles stader laag ein og annan klatten og sveitta i

solsteiken. Her ut paa øyi fanst ikkje snjo, men smaa grøne grasspirer taut upp or jordskorpa, og der det var eit lite sike, tedde det ljøsgrønt um ein var eit stykke ifraa og.

Dei farta ikring ei stund, utan at Ester fann noko som ho rett kunde lika aa teikna etter.

Soli stakk og vermde so velsigna godt. Dei vart late, og Ester slengde seg i solbakken heit og forkava.

— Jeg orker ikke mer, stunde ho.

— Sid ned og prat lidt med mig da. Han sette seg, han og. Han vart so underleg ør og tankevalen.

— Ikke saa langt fra mig De. Er De ræd mig! sa ho med ein smil og eit sugande augnekast fraa dei blaa fargeskiftande augo.

Det tok han som ein trolldom. Vit, vilje, sømd, alt liksom drukna i dette sugande aug-nekaste, og ør av all hennar ynde flutte han seg tett inn til henne medan der gjekk som tusund fine naalestikk gjenom blode.

Han kjende ein haarkrull leika kjælen yver kinne sitt og eit par mjuke lippor kviskra inn til øyra hans:

— Aa saa kys mig da, Svale!

Og som i ein rus la han armarne ikring henne og kyste paa munnen, paa kinni og panna.

Tyrstande etter elskhug drog ho han tett inn til seg som ho aldri meir vilde sleppa han, og han kjende ho skalv.

Ein baat kom flakkande ned med lande og eit par gulgrøne augo stirde upp paa dei; men dei saag og hørde inkje.

Daa let der ei lang plystring nedantil strandi og dei gulgrøne augo dukka seg ned att um ein busk. Men smaatt um senn drog dei seg fram att, og plystringi let paa nytt.

Ester hørde det og sprang upp. Men Svale drog anden tungt, og skamfull og fortumla vende han seg burt.

No kom dei gulgrøne augo heilt fram og det synte seg at dei stod i eit turrt graableikt andlit. Litt etter kom heile bulen fram og eit gneitt mannstnaal helsa:

— Godag.

Dei fekk orsaka at han kom og uroa dei, men han sku vera stutt som tobak for tvo skilling berre han fekk tala litt med Svale under fira augo. Og dei gulgrøne augo hans drog seg glidande fraa den eine til den andre, medan munvikarne tøygde seg litt ned og til sides til ein flir.

— Fy saa lumsk han er i ørnene, tenkte Ester; men Svale stod og grunda paa kva Per Bøen no igjen kunde vilja.

Ester rusla burt yver øyi eit stykke medan ho venta. Ho gjekk som i draumar. Ho

smilte ørlite. — Tru det gamle turrskinne hadde lege paa lur her i nærleiken og set paa dei?

Han var vist truande til noko av kvart, etter som han saag ut. Men det var aldri iaarlegt med det. Han maatte so gjerne sjaa alt ihop, for henne. Dei rnaatte gjerne sjaa det nett kven som helst. Ho hadde berre leika kjærast med Svale Htegrand. Og so fjerre maatte ein ha lov til naar ein var ung og sterk os blode gjekk ein heitt gjennom barmen. Naar ein vart gamall og gikti vart for strid, kunde ein setja seg til aa vera moralsk og meir slikt.

No vilde ho *Hva*. Og fritt sku det vera til alle kantar. Livsens ljøs og sol sku faa slrøyma med ubrotne straalar yver henne, kvar dei so kom ifraa.

Ho sette seg paa ein flat, mosegrodd stein. Ho var uroleg og kjende som ei sæl bivring fara igjenom seg. Det var som ei linn varmebaara vogga seg i barmen, og taarorne vilde mest losua. Men framfor seg saag ho eit par blaa tirande augo, og ho kjende ein ljøs lugg stryka yver panna si.

Det var i grunnen so rart det heile. Mest berre som noko ho sku ha drøymt ein gong.

Det var visst ikkje heilt rett av henne heller aa leika seg slik med denne bondeguten. Hadde det endaa vore ein herre; men dette

mannfolke! Han tok det gjeme i aalvor og vart ulukkeleg for hennar skuld?

Aa pytt, nei so taapen var han ikkje!

Naar ho reiste vilde han gløyma det heile, liksom ho, eller i det høgste minnst det ender og daa som eit lite eventyr han hadde upplivt for lenge sidan.

Det fekk elles vara med' det vara vilde. Med han *vilde* ho freista ein leik. Han var so søt.

— Herregud saa søt han er, sukka ho.

At ho nokon gong kunde ha gjenge og misslika han! Det var meir enn ho kunde faa seg til aa skyna no. Det var eit stygt mistak, som ho vilde gjera godt att.

Svale kom oppetter imot henne. Han gjekk tungt og seinvore. Han tenkte paa at det som hadde hendt han i dag ikkje maatte henda oftare. At han kunde vera so golpen og gløyma seg so reint burt! Han skyna det ikkje sjølv. Det var reint som ein trolldom som kom yver han, ei ørska som tok vit og samling fraa han.

Han kjende med seg, at i ei slik stund kunde det henda eitvart burt i natti gale, dersom *ho* ikkje var likare enn han.

Han var litt brydd daa dei raakast att, men gjorde seg trassug og glytte burt paa henne som snarast:

— Ho vilde vel helst ha han til ap etter

dette, var det von. Han slo augo ned att. Han kunde ingen ting merka paa henne.

— De blev længe, sa ho.

— Aa ja, han Per var noko langtalande av seg, svara han laagt.

Dei gjek tagalle eit bil. Ester gjekk og saag paa han fraa sida. Ho gjekk og granska han væl med augo. Ho tykte noko av dette skygge fraa dei fyrste dagarne ho var saman med han var komen yver han att, og ho gjekk og grunda paa um det kunde vera det som hadde hendt dei imillom som hadde gjort det, eller um det var samtalen millom han og Per Bøen som var orsaki.

Det vilde vera keidsamt um han no sku faa att denne dumme blygskapen, nett rned same dei elles kunde havt det so gildt.' Det maatte ikkje henda. Ho viide ikkje sleppa det take ho no hadde ienge paa han.

— Det er lidt bratt her; nu maa De hjelpe mig.

Ho la armen sin inn under hans og saag upp paa han. Han skvatt litt med same, men so vart han roleg gaaande. Litt hjelp kunde han daa ikkje negta aa yta. Og atter gjekk det han som tusund fine naalestikk gjenom blode. Og naar han fekk eit straalande glimt av dei blaa fargeskiftande augo hennar, vart hau heit all igjennom. Det var slik ein serskild hugnad aa kjenna henne tett inn til seg.

Og han seig meir og meir inn i denne sanse-heite ørska som han halvt elska og halvt var rædd.

Som i ein blid draum gjekk han der ved sida hennar, medan ho kjæli studde seg upp til han. Den friske klingande laatten hennar let som fager musik, tykte han, og han ynskte berre det maatte vara — vara!

Men Ester jubla, for ho skyna han var i hennar vald.

Mest fyrr dei vardest det, var dei komne ned der baaten laag.

—Isch denne kjedelige baaten!

Det var elles noko med det gildaste ho visste aa faa vera i baat. Helst naar det gjekk for fulle segl og skumsprøyten dreiv ein frisk og salt i andlite. — Men i dag!

Ein ny tanke for henne gjenom hovude:

—No vilde ho sitja attmed han.

Ho tok seg ei aar og sette seg jamsides med han paa framtofta:

—Nu maa De lære mig ro.

Han sa henne ikkje imot. Han kjende seg heilt byrg av at han kunde noko som ho vilde han sku læra henne.

Ho tok nokre aaretak, so heldt ho upp.

— Er jeg ikke flink De? spurde ho.

Han kytte.

— Nu skal De se hvordan strilene ror.

Og so sette ho upp eit grøtelegt andlit,

tok langt fram med aari og lagde seg like so langt attyver, og for kvar gong ho lyfte aari paa nytt gjorde ho ein liten knikk paa seg. Steinar laut læ av full hals.

Ei ustyrlig kjæta tok han. Han kjende hug til aa huja i villan sky som ein gutunge.

Han tok i med samanbitne tenner og braae rykk, so baaten gjekk i ring. Ester drog si aar inn,

— Nu kan De se hvor langt vi kommer, naar ikke jeg er med, sa ho.

Og so skvette ho sjø i andlite paa han, og alt løyste seg upp i styr og kjæta, so der korkje var ev elder stev.

Men upp i stova paa Sviland sat Per Bøen og kika ned paa dei gjennom glase. Dei gulgrøne augo hans lyste, og munnvikarne drog seg litt ned og til sides til ein flir.

II.

Tidi skreid. Mai var komen med mild luft og Ijose dagar, og yver all bygdi laag ein frisk daam av grønt.

Sjøen laag so blank og blaa. Sol var det yver all verdi og alt livande yngdest upp att til nytt liv.

Men Ester gjekk som i ein draum heile dagarne, og um netterne vilde sjevnen ikkje koma. Kvar ho var, og kva ho gjorde paa, støtt saag ho eit par blaa tirande augo framfor seg, og ender og daa strauk ein ljøs lugg yver panna hennar.

Ho gjorde seg hard. Dette her maatte aldri henda. Ho vilde det ikkje. Ho vilde reisa, men gjorde det ikkje korso.

Ho var ei einaste heit lengsla, som vilje og vit ikkje raadde med. Gong etter gong sa ho til seg sjølv at det var galskap dette her, det skire vannvit. Men likevel, — det var og vart det ramaste svartaste aalvor: Ho heldt av han — bondeguten — ikkje paa lestsom lenger, men for fullt aalvor.

Det utenkte hadde hendt.

Ho hadde aldri havt nokon sers vyrdnad for det andre kynne. Tvert imot. Fager som ho var, hadde ho alt fraa skuledagarne havt nok av hugtekne adamssøner aa velja millom. Men ho hadde berre leika seg med dei og havt moro av aa faa dei til aa fria og so hadde ho synt dei vettervegen.

Men no hadde det hendt. Svale var den fyrste som hadde fenge hjarta hennar til aa banka i kjærleik. Ein ør heit kjærleik utan vit i.

Men for Svale hadde det meir og meir vorte klaart, at den leiken Ester dreiv med han laut han agta seg for.

I det siste hadde han meir enn ein gong undra seg paa kva som kunde liggja attum hjaa henne. Han tykte det vart for mykje til aa vera berre ap og jaaleskap og, stundom.

Det var som ei ørliti von heldt paa aa daga ein stad langt inne:

— Tru det kunde vera aalvore ? Tru det kunde laga seg? Kunde denne fine bygjenta bry seg noko um han, som berre var ein bondegut. Aa nei, det var visst berre tull av han aa tenkja sovore. Ho meinte vist ikkje noko med det heile. Men eitt var visst: Aldri hadde ei gjenta av dei høgge samfundslag tedt seg soleis imot han, som Ester, for ho hadde i alle maatar fare aat med han som ein jamlikar.

Elles var det vel tryggaste ikkje aa gjera seg noko voner. Ho vilde vel ha tedt seg soleis imot kven det hadde vore. Men han kjende tankarne hadde for sterkt tak i han til at han kunde gjera seg hard nok. Han hadde visst vore for godtruen ifraa fyrst av. Dei hadde sett seg fast i han og leika rundt som dei sjølv vilde. Von og tvil brautst i han. Stundom hadde voni yvertake og stundom tvilen. Daa vart han skygg, og han kjende seg reint sjælesjuk. Men naar han atter stod under straalarne fraa augo hennar og han hørde laatten og maale hennar vart han ør, og vilje og vit var som burte.

Det hende av og ti! at ho stod i ferd med aa segja alt soleis som det var, men mode vanta, og det hadde aldri hendt henne fyrr.

Ho sette seg i einrom og gret. Det var so raadlaust alt ihop.

— Kvifor sku live pinast or henne paa denne maaten? Kvi sa han ikkje noko? Han maatte daa sjaa og skyna at ho var hans med all sin hug og all sin heite tra.

Men dagarne gjekk, og Svale „sa" ikkje noko, og pina og otten vaks.

*

Den 17de mai hadde ungdomen i grendi skipa til ein liten fest paa ein av granne-

gardarne. Um kvelden hadde Svale haraa seg som best han kunde og var paa veg til festen, han og. Han hadde teke av aalmannvegen, inn gjennom skogen, for det gjekk ein snarveg der, og han var huga koma snart fram.

Det var so stillt og lognt inn i skogen. Berre fuglarne heldt leik millom greinerne, elder ein hare hoppa skræmd yver vegen.

Men Svale agta ikkje paa det. Han gjekk i sine egne tankar og saag korkje til høgre elder vinstre. Han undrast paa um Ester vaaga seg paa festen ikveld. Aa nei, ho brydde seg vel ikkje um ei slik samkoma der det var berre ukjend bondeungdom samla. Og rett det same kunde det no vera og.

Han stogga med eitt, for strakst burtanfor seg saag han Ester sitja under ei svær bjørk.

Ho sat med ryggen halvt imot han; men so reiste ho seg og vart han var. Ho helsa med sin vanlege hugtakande smil.

— Jeg trodde virkelig jeg var det eneste menneske i hele skogen. I flere aftener har jeg spaseret hid naar ikke veiret har været for fælt.

Er her ikke yndigt De? Malerisk!

— Jau, her er vænt svara han medan han vart staaande og sjaa inn i det oppvende andlite hennar, som blømde av vänleik og helsa.

— Jeg er hverken sentimental eller poetisk,

heldt ho fram, men De skulde bare vide hvor underlig stemt jeg blir naar jeg sidder her og ser paa elven som uden stans løber videre. Jeg maa altid sammenligne den med livet. Det løber og løber avsted, og vi ved ikke hvorledes og hvor det skal ende.

~~ Eg hev høyrte for meg at live skal ha sitt opphav i det endelause, og der skal det finna sin endskap igjen. Jordlive skal vera ei fyrebuing til det liv som koma skal, svara han.

Ho stod og undrast ei stund. Han var so ulik seg ikveld, tykte ho. Det var visst dumt av henne at ho hadde teke til aa snakka u m dette.

— Ved De hvad, De er meget kjedelig, sa ho etter ei Uti togn.

— Det liv som skal komme. Sig mig: tror De virkelig at dette liv kun skal være forberedelse for det hinsides?

— Eg hev høyrte so, iminsto. Trur ikkje De og det daa?

— Aa, — jeg ved ikke rigtig. Jeg har i grunden aldrig tænkt noget videre over det, saa jeg aldeles ikke er paa det rene med hvad jeg tror eller ikke tror, svara ho.

— Men hvis det virkelig er saa, da maa jo alle livets glæder og fornøielser være tidsspilde. Forberedelser for livet hinsides er det ialfald ikke. Er det vel?

— Det er det vel snaudt; men det er visst ikkje dermed sagt at me skal negta os all gleda. Me hev tvert um rett til aa gle' oss yver alt fagert og godt,

— Det var da endda naadig, sa ho ein grand speande.

— Skjønner forresten ikke, hvorfor De ikke har studeret til prest. I granden interesserer slige dybsindige betragtninger Dem langt mere end alle andre ting i verden. Ikke sandt? Kom ikke med benægtelse! Jeg har nok forstaaet at De ikke likte Dem i mit selskab.

Dømmer jeg ikke sandt kanske?

Svale hadde ikkje svar ferdugt; men han stod og saag henne rolegt inn i augo.

Ester beit seg i lippa. Det var daa fælt so dum og keidsam han var i kveld. Slikt eit framifraa høve som ho hadde gjeve han til aa segja henne ein kompliment.

Ho saag paa klokka si.

— Nei ved De hvad, hrr. pastor! Dersom De er færdig med Deres moralisering over livets flod, ledsager De, mig kanske paa festen? Jeg er prosaisk nok til at føle mig sulten som en ravn.

Vi kan vel gaa denne vei? sa ho og peika frametter. Han nikka berre, men sa ikkje noko.

Dei gjekk tagalle eit bil. Ho kunde slett ikkje verta klok paa han i kveld. Han var

reint grov. Og likevel: Ho beintfram hungra etter eit smeikjande, elskhugsfylt ord ifraa han.

— Jeg haaper De ikke er fornærmet paa mig, sa ho sistpaa.

Han lo. Aa nei, han var nok ikkje fornerma. Det kunde vera rimelegare at ho var fornerma paa han daa. Men um so var, fekk ho orsaka.

Ho saag han var fælende beintfram og uhyvla og ikkje det minste van med aa vera i lag med damer.

Til hans store forundring sette ho i med ein klingande laatt.

— Nei, det var utmerket, — aldeles glimrende utmerket. I Deres angst for at befri Dem for et ubetydeligt dilemma, giver De Deres bestemor og Deres andre kvindelige bekjendte en temmelig tvilsom kompliment. Er 'ke de damer da? Ho lo igjen,— slik ein forlivande laatt og saag han skjelmsk inn i augo.

Han maatte læ, han med.

— Eg meinte berre, at eg ikkje er van aa vera saman med bydamer. Landsfolk legg svært lite brett paa um ein er litt klunten stundom.

No opna skogen seg, og dei saag det lysa ut fraa feststova. Dei vart gaaande tagalle det vesle stykke, som var att fyrr dei

naadde fram. Der let frisk laatt og raodigt svall imot dei gjennom opne dørar.

I kjøkene stod kokkarne og sveitta yver eldsmaale, og réidkonorne svinta lette som erlor ut og inn med kungefat og kaffikruser. Kvick gutar og lottemilde gjentor skvatt i kvar den dør, medan skjemt blanda seg med aalvorstale.

Men inn i stova sat folk sessa kring langbordi, Surne stader var det berre smaasvall mann og mann imillom; men andre stader gjekk røda med skrøyt og storlæte, elder med skjemt og gaman og til slutt var det mest ikkje mannemaal aa høyra.

Berre kvar gong nye gjester synte seg i stova stogga surren litt; men um ei stund var folk lika høgmalte og surren lika stor.

Presten i bygdi hadde lova so halvveges aa halda ein tale aat ungdomen, men i siste liten skikka han atterbod, og det var der ingen som misslika, for han var ingen talar.

Men um no presten ikkje kom, so kom Trond med fela si; og det lika dei unge betre enn baade presten og talen hans. Og daa folk hadde søkt sitt nøgje ved borde, vart stova rudd til dans. Trond tok fela fat, og snart svinga par etter par seg i dansen.

Ved eit av bordi hadde Svale vorte var ei gjenta som han ikkje hadde venta aa raaka her i kveld. Ei som han sku kjenna att mil-

lom tusund andre. Daa bordi vart vekktekne og dansen byrja, hadde ho kome vekk eit bil; men han sette seg og venta til ho kom att,

— Jau det var ho. Sigvor Aas. Leikesyster og skulekamerat, — hans ungdoms ljose drum. Den gildaste gjenta i verdi.

Ho hadde vore inne i byen, paa skule, no e.it aars tid, og han var forviten etter aa faa greida paa um ho var den ho hadde vore. Var ho det, so sytte han ikkje. Det var den greidaste gjenta som beid. Det fagraste og bedste han endaa hadde livt, var saman med henne, og mange var dei minni dei aatte saman.

Han hadde stundom tenkt so stort at ho gjerne ikkje hadde noko sers imot aa flytta heim til Sviland til han helder, dersom han bad henne vakkert um det. Daa kunde dei liva saman all sin dag. I minsto var det hans varmaste ynskje, for ingen i verdi var som Sigvor.

Det var alltid noko serskilt godt og skirt som fylgde henne, og han kjende seg som eit betre menneskje naar han var saman med henne. Det hadde alltid kome for han, at sku nokon kunna gjera mann av han, so var det Sigvor og ingen annan.

Far hennar var ein vælstandsmann. Han hadde arbeidt seg fram fraa smaa kaar, so

han visste nok det kunde gaa andre slik slag, naar dei elles hadde vilje og vit til det. Der til var han ein snild mann, so han vilde visst ikkje setja meinsperre for dei, naar dei var samde seg imillom.

Svale sat og venta til dess spelemannen bytte slaatt, daa reiste han seg og vilde gaa burt og helsa paa henne; men ho møtte han paa halvvegen. Ho stogga og var litt brydd daa han helsa.

— Eg sku ut og svala meg litt. Her er so varmt og kvæve her inne, sa ho.

— Daa slær eg fylje med, sa han medan dei smatt gjennom døri.

— Det var noko utenkt aa raaka deg her, heldt han fram daa dei var komne ut paa tune.

Ho var komen heim for godt no, fortalde ho, var vorti lei av byen.

Dei vart staaande eit bil og talast ved.

Han spurde etter eitt og anna fraa byen, og ho fortalde.

Inne tok fela til aa laata igjen og han spurde um ho vilde dansa ein laat med han. Ho svara ikkje, men gav han stillt handi og fylgde med. Men naar dei hadde dansa den dansen, vilde han dansa neste gong og med henne. Og kvar gong spelemannen bytte slaatt, drøste dei med einannan og lika seg. Dei lika seg betre og betre di lenger det leid.

Men det var ei som ikkje lika seg, og det var Ester. Ho hadde berre dansa nokre gonger med ein keiven krambudsvein som ho slett ikkje kunde lida.

Svale hadde ikkje so mykje som set til den sida der ho var ein gong. Og dei andre bondegutarne var altfor smaalaatne til aa vaaga seg aat henne, og ikkje gav ho seg noko um dei helder.

Men um ho no ikkje hadde dansa tidi burt, so hadde ho brukt augo so mykje betre. Ho skyna væl at Svale var hugteken i denne gjenta han hadde funne fat i. Ho kjende svartsykja æsa i seg, og ho lova seg sjølv at ho nok sku vaaga striden med denne bonde-gjenta som ikkje var væn ein gong.

Der var einkvan i laget som ropa : — Gjentorne sin dans, og fleire tok det upp att.

Ester spratt upp som sat ho paa gløder. Ho vende seg til Svale.

— Det er damernes dans. Maa jeg ha den fornøielse at danse med Dem?

Halvt motviljande fylgde han med. Ho merka det og sende Sigvor eit stikkande augnekast. Kjæli studde ho hovude sitt upp til herdi hans, medan den gamle slitne valsen let og *han* førde henne i dansen, han den einaste. Augo skein og kinni glødde, og ho kjende med seg at ho var ynskjelaus, berre ho alltid fekk kjenna den trygge armen hans ikring seg.

Men slaatten tagna og dansararne skildest og med ein sæl sukk seig ho ned paa benken ved sida av Svale.

— Aa gid, — tænk saa kort den valsen var, sa ho.

Sigvor strauk framum med det same.

— Sig mig, er hun der en slegtning af Dem siden De synes at staa paa slig en venkabelig fod med hende?

— Slegtning er det ikkje, svara han, det er berre ein gamall kjenning.

— Men De er rasende forlibt i hende, ikke sandt?

— Pøh, var det likt seg daa! Aa nei, men det var ei gild og greid gjenta, for han kjende henne han.

— Nei tænk, saa fuldkommen! Hun maa være en uhyre kjedelig person at bo under tag med.

— Kvifor det daa, undrast han.

— Jo, for det første, fordi fulkomne personer altid er nogle store farisæere, som ser ned paa almindelige mennesker.

Fuldkommen er nemlig ingen ung pige undtagen i sine egne øine og i sin — kjærestes. For det andet, fordi en føler sig saa liden og ussel, saa fuld av feil og daarskaber ved siden af et saadant eksemplar! Nei» takke mig til, — da foretrækker jeg heller at leve sammen med almindelige folk. Vi stakkars

dødelige osr syndige henede passer ikke for helgener, de hører kun til blandt englene der ovenfor, svara ho spitig.

Svale sat berre og glodde. Han. skyna ikkje at det han sa um Sigvor kunde ha terga henne, difor svara han:

— De tek i mist, storleg i mist tek De, dersom De trur at Sigvor er ein farisæar.

Ho merka ein varm glimt i augo hans og kom endaa meir i ulag.

— Det maa være behageligt, overmaade deilig at blive omtalt paa en saa'n begeistret maade, svara ho. — Men — som jeg før sa' —: Enkelte unge piger er fuldkomne i sine egne øine og i sin — kjærestes. Faar jeg lov at gratulere?

Der rann som eit Ijos upp for Svale. No fyrst skyna han. Men han svara ikkje. Ho fekk tru kva ho vilde.

Ester sat som venta ho svar paa det ho hadde sagt. Men daa der ikkje kom noko svar, trykte ho seg tett inn til han og saag paa han med ein glimt i augo, der all hen-nar hjartans traas spela.

— Uf, det er stygt av mig! Vil De tilgi mig? sa ho.

Han fanga glimten av augo hennar i sine, og det gjekk han som tusund fine naalsstikk gjennom blode og han kjende atter den øre

fysna, som alltid fyrr hadde teke han i slike stunder.

Med milde ord let han henne vita at det alt var tilgjeve fyrr ho bad um det,

Braadt reiste han seg og gjekk ut. Det tok alt til aa dagast. Fuglarne kvitra burt i skogholt! kring husi og doggi laag frisk og vaat i grase. Men ifraa dansestova let døyvd tramping og brotne feletonar.

Han sette seg ned. I grunnen var han baade svevnug og trøytt, endaa han ikkje hadde dansa stort helder. Og her ute i audni kjendest det so mykje sterkare enn daa han ferdast inne millom all ungdomen. Men den svale morgenluft!, med ange av gras og blom i, gjorde godt, og han saup i seg i fulle drag.

Han hadde utsyn yver heile Vaagsbygdi der han sat. Der var stillt burtetter gardarne endaa. Berre ned paa Vaagen for ein baat og flakka. Det var venteleg ein fiskar. Men ned gjenora alle skard og utyver alle lider og aasar strauk morgenvinden frisk og svalande, med kviskring i lauv og bar og linn kjæling i logne krær.

Ender og ei skogtjørni glitra med bleike glimt ut or barskogen, elder stirde som svarte augo upp or dalbotnen, der halvmyrkre raadde.

Men ovanum, i vest, reiste fjelle sine graasvarte veggjer, og i aust og nordaust skaut

Folgefonni rygg, sveipt i draum og dis tie miler til lands.

Lenge vart han sitjande. Han drøymde seg burt paa villan veg, yver alle vidder og gjenom alle blaane til eventyrslott og hufdre-hcimar, medan all bygdi kvilde i stigande morgonsol og sjøen vogga i lange blaablanke rullingar inn mot land.

Han reiste seg og rusla frametter vegen eit stykke. Han kjende seg reint glad. Ver-keleg hadde det vore gildt i kveld. Og det som hadde gjort det so gildt var berre den eine tingen, at Sigvor hadde vore med.

No fyrst saag han for aalvor kor jaalne dei var desse grillorne han hadde gjenge og nørt i det siste:

Dette med Ester. Nei Sigvor var den einaste han for aalvor brydde seg um, og alltid hadde brytt seg um. Og henne sku det verta. Med henne kunde han snakka um kva som helst. Ho skyna han alltid so godt. Og ho var ikkje broti or høgare berge eim han sjølv var. Det var sant det gamle orde at *Mbonde treivst millom bønder best*". Det skyna han no. Grillorne sine laut han sjaa aa verta kvitt. Aldri tenkja paa Ester meir — paa den maaten. Og no naar Sigvor var komi heim att vilde det verta lett aa gløyma. Dei kunde raakast, som fyrr dei hadde gjort — i barndomen og seinare frametter aari og.

Han braasnudde og dreiv attende same vegen, som han var komen. Dei heldt paa og dansa endaa, var det høyrande til. Men han vilde ikkje inn der meir han no. Han vilde helst heim med det fyrste; men han torde vel ikkje gaa fyrr Ester fekk vita um det, elles kom ho vel sagta til aa misslika det og tykkja han hadde lite folkeskikk, naar han kunde renna sin veg paa den maaten. Det lei i ei dør og Sigvor stod i dørglytten. Ho vart staaande og æva seg um ei stund. So skreid ho fort yver tune. Ho stogga, liksom litt uviss, daa ho raaka Svale.

— Skal du alt fara? spurde han, for han saag ho var ferdabudd.

— Uf ja, eg vart so trøytt, dessutan er det alltid best aa slutta naar leiken er paa det giidaste, svara ho litt tankespreidd.

Han slo fylgje med burtetter. Ester fekk tenkja um han kva ho vilde. Det kom ikkje han ved.

Dei vart gaaande tagalle burt etter vegen. Han gjekk og tenkte paa um han torde bera upp maalemne no. Det kunde aldri høva seg laglegare enn no. Men dersom ho ikkje sjølv paa ein elder annan maaten sette han paa glid, so torde han visst ikkje no helder.

Dei nærma seg meir og meir fram imot vegskile. Han gjekk og skjennte paa seg sjølv. Alltid sku det vera so lite tiltak i han.

No var det visst for seint aa nemna noko — denne gongen og. Naar dei kom til vegskile, takka ho vel for fylgje og gjekk sin veg, So stod han der, som um baaten sku vera fraa han reken. Ja det var greidt. Han var og vart ein kruk all sin dag.

Ein storfugl flaug skræmd upp framfor føterne deira og hasta med tunge vengjeslag inn millom kjørri ved vegkanten.

Sigvor kvakk og gjorde ein braasving burt imot Svale med sama, som venta ho berging hjaa han. Han visste ikkje rett korleis det gjekk til. Men han hadde fenge tak i den eine handi hennar daa, og ho freista ikkje paa aa ta henne til seg att helder.

— Vart du skræmd, spurde han.

— Ja eg kjende snaudt til meg, lo ho.

Dei var komne heilt burt aat vegskile no. Dei hadde stogga, men han heldt henne i handi endaa. Han kjende det tok til aa rykkja i fingrane hennar. Ho vilde vel ta handi til seg og gaa. Men det maatte ho ikkje.

Han fekk med eit slikt mod. Han visste ikkje sjølv kor han tok det ifraa. Og fyrr han rett hadde sansa etter det, hadde han sagt alt, rolegt og greidt, utan noko slags ovse eller tilgjerdsla.

Ho stod og leika nervøst med lumeduken i den handi ho hadde fri og saag ned med

ein uroleg glimt i augo. Det tok til aa bivra kring munnen, og maale var veikt og andlite halvt ifraa han vendt daa ho svara:

— Det kann ikkje verta noko av. Det gjerer meg vondt aa maatta segja det, men — men eg kann — eg vil — eg vilde —

Maale brast for henne. Ho sleit handi til seg og gjekk. So snudde ho seg att.

— Du maa kje vera vond paa meg for det, bad ho.

— Eg kann kje annarleis gjera.

Han stod der so handfallen, — reint hjelpelaus. Som ovandotten stod han, stirande og tagall. Det var liksom ingen ting kom han ved lenger.

Ho gjekk nærmare. Ho var bleik. Ho tala laagst og hastande.

— Du sku kje ha nemnt dette, Svale.
Lat oss gløyma denne stundi baae tvo.

Svale samla seg liksom saman. Andlite var oskegraat og mæle hardt,

— For deg vil det visst verta lett aa gløyma denne stundi, det tvilar eg ikkje paa. Annarleis for meg. Eg hev so lenge sett mine beste voner til dette møte og drøymt mine ljostaste draumar um denne stundi, at dersom eg sku kunna gløyma det som no er hendt, maatte eg gløyma alt det eg til dessar hev livt.

Du hadde kunna gjort menneskje av meg, um du hadde vilja. Men kva det etter dette kann verta til med meg, er ikkje godt aa vita.

Han gjekk. Han hadde ikkje meir aa staa her etter. No var det gjort. Alle hans draumar var brostne. Han sjangla som ein drukken frametter vegen, og berre ein einaste tanke stod han for hovude. No var de gjort. Men inn i dei tette kjøri ved veikanten sat ei dame paa lur. Daa Svale og Sigvor skildest og var komne ut or augneleite, steig ho burt paa vegen og rusla heimetter ho og.

Det hadde gjenge herlegt, tykte ho. Heretter vilde ho faa ha Svale i fred for denne simple gjenta. Og ho sku nok vita aa stella seg soleis at han aldri slapp ifraa henne meir.

Ester Berg smilte, og Ester Berg tenkte medan ho rusla heimetter til Sviland i stigande morgonsol.

III.

Paa hi sida av Vaagen, midt for eimbaatsbryggja, reiste fabrikkens sine brungraae veggjer upp or flomaale. Og upp yver det brune take stakk ei svart sotutt pipa som det støtt rauk or. Men attum hamrar og rantar glytte smaa verslitne arbeidarhus fram. Dei fleste var laage og utnaala, Take kaka seg tungt og flatt utyver dei laage veggjerne og saag ut som um det ikkje torde elder ikkje vilde reisa seg i vere. Og soleis som husi saag ut, soleis var folke som budde i dei: tunge, seine, nedkuva.

Men var arbeidarhusi smaa og pjuskne, so var fabrikkens, Teodor Aas, sitt so mykje grusare. Som det stod der paa ein knaus for seg sjølv, synberre for heile grendi, saag det ut som eit Ute slott. Og Teodor Aas kjende seg som ein liten konge, konge i fabrikkens sitt, Arbeidarne hadde alle dagar vore hans undergjevne. Han hadde sett si æra i aa hjelpa dei fram som best det let seg gjera, og dei paa si sida hadde sét upp til han som ein far.

Men i det siste hadde det vorte skralare og skralare med dette gode samdrætte. Arbeide gjekk med uhugnad og lite vart det av det. Arbeidarne stod nok sine timar ved arbeide no som fyrr; men den gamle ihugen vanta. Det var liksom det var komi ei ny aand inn imillom dei. Særleg kunde dei unge vera styvne. Det gjekk jamvel so vidt, at dei vaaga kny naar det var noko dei aldri so lite misslika. Teodor Aas saag med uro at han heldt paa aa tapa vyrnaden millom sine eigne arbeidsfolk. Han furda meir og meir paa kva som kunde vera orsak til det, men det var han ei gaata, som han ikkje fann løysing paa.

Der var nok berre ein, som kunde ha gjeve han greida paa det; men han tagde. Det var ein ung arbeidar fraa byen, som ny-leg var komen hit til fabrikkens. Med eld og glod la han ut for dei andre, um korleis arbeidarne best kunde vinna fram imot ljosare kaar. Han eggja dei. Dei maatte gjera streik. Her gjekk dei og sleit for mest ingen ting, I fyrstningi for han varlegt. Det gjadlt um te ikkje skræma dei gamle som alle dagar hadde tenkt at det aa syna blind tiltru til sin yver-mann, og lata han styra og tenkja for seg var den einaste rette maaten aa berga seg gjennom verdi paa. Dei unge hadde han lett vunne ior seg. Med fysnad hadde han set

misnøgje veksa og breida seg. No heldt dei ;nøte i all løynd kvar kveld etter arbeidstid. Dei møttest i ei gamali stova upp i Svilandstre. Der var fredelegt og langt fraa anna folk. Kjeringi som budde der, berga seg som best ho kunde med ulovlegt ølsalg og kva som elles kunde falla. Men anna enn fabrikkfolk kom kje der i huse. Dei andre i grendi hadde ho ikkje noko samkvæme med. Det kunde nett vera Svale Sviland som kom der stundom. For det var han som aatte husi ho budde i. ^vilandstre hadde fyrr vore husmannsplass under Sviland; men no var det berre husi som stod att — stova og fjøs.

*

Denne fjosen i Svilandstre, hadde Svale tenkt aa riva ned. Han vilde flytta han heim til Sviland og laga saudehus av han.

So var det ein kveld han tok seg fyre og gjekk burt der. Han vilde vøla køyrevegen ein grand, for han var so skral surne stader, og sku han tenkja paa nokor flytting, maatte vegen vera istand.

Men fyrr han tok til med arbeide gjorde han ein sving burtum til fjosen. Han kom til aa tenkja paa, at det kunde vera godt aa sjaa etter um han turvte bry seg med noko nytt, elder um alt det gamle vyrke var so fjerre tak i at han kunde sétja det upp att som det var.

Daa han kom fram aat fjosen, vart han staaande og lyda ei stund, for heimantil stova let slikt eit svært staak.

Han hørde song og laatt, og studom var det som um einkvar slo i borde med knytt næve.

Staake hørdest sterkare og sterkare, og Svale vart meir og meir forviten. Kven kunde det vera tru ? Sispaa gjekk han fram aat kjøkendøri. Han stogga uviss der eit bil. So opna han døri og steig inn i gongen. Kom der nokon ut, so kunde han alltid spyrja etter kjeringi i huse, elder son hennar, han Paal.

Gjennom den opne stovedøri saag han kjende andlit. Det var fabrikkarbeidarar alle saman.

I den innste kraai i stova, sat dei. Paa borde framfor dei stod flaskor og halvtømde glas. Men midt imillom seg hadde dei Pitter Tønnessen, den nykomne byarbeidaren.

Dei var alt fulle, sume av dei, saag det ut til. Pitter Tønnessen førde orde.

— Som de alle veit, so er me kje komne saman her berre til aa fylla øl i oss. Daa me sist var samla her, gjorde me os samde um aa beda fabrikk.eigaren, Teodor Aas, um aa leggja paa løni vaar; i anna fall vilde me gjera streik alle som ein. No er det kome til det at det er ikkje noko onnor raad enn aa freista med streiken. Teodor Aas negtar

aa leggja paa arbeidsløni aat oss. Difor gjeld det no um at me stend samstelte og ikkje firer, dersom me skal kunna venta oss noko att for brye vaart.

Heile flokken ropa i munnen paa einannan:
— Ja, ja ! Pitter er føraren vaar. — Pitter er føraren.

Der vart stort staak etter dette. Mykje skravl og høg kyting. Dei skaala og drakk.

Svale hørde ein hard klask i borde og eit brumlemaal, som han tykte han kjende:

— Pinadø gjerer me streik ja. Lat Aas'n sjølv staa paa fabrikk ! Lat han faa røyna seg ! Det var kje for mykje um dei ein gong fekk læra, slike folk. I hundrader av aar hev arbeidaren sveitta sin beiske sveitte til aa skaffa øle paa kapitalisten sitt bord og klædi paa hans dovne kropp. Det er paa tidi at det vert ein umsnunad paa dette no. Lat kapitalisten slita og slæpa sjølv dersom nokon endeleg skal slita og slæpa. Slotte hev lenge nok kasta skugge paa hytta.

Dei andre ropa bravo.

Han som sist tala, Paal, son aat kjeringi i huse, sat so at Svale ikkje kunde sjaa han. Men han tykte han kjende maale.

Paal skravla i veg att, høgmaelt og uppøst.

— Ned med kapitalisten! Ned med umbodsmannen. Dei er alle tvillingtjuvar som

Hver av vaart stræv. Er me ikkje alle av ei ætt, søner etter ein far! Kvi so all denne skildnad millom silkevesten og vadmaalskufta, dersom det dei skyler er av eit to ?

Ein av flokken:

— Bravo! Paal talar om ein mann. Me er alle av kjøt og blod, og no vil me ha drikka til me sturtar. „Skal man vera glad, saa maa man drikka", song han medan han rusla ut i kammerse paa sida av stova.

Der var ein annan som skøyte i:

— Ja drikka maa me ha, me lika so væl som tyrannen, som Hver av vaart stræv,

Der var nokre som lo, og ein som sa:

— Det maatte vera ein smaalaaten kar som sku kunna liva av ditt stræv, Torgeir; naar ein kjem i hug at di meste tid gjeng burt i aa slurka øl i deg, so maa ein tykkja det er rart naar du tek til aa snakka um stræv.

Torgeir vart sinna og kvesste i:

— Dersom du ikkje held din skitne kjeft, skal eg slaa baade arraar og føter av deg — ditt langkjaka naut!

Pitter Tønnessen laut stagga paa dei litt.

— Naa naa, godt folk, ikkje noko kjekl!
Det var streiken me sku snakka um.

Ein som var full klappa han paa aksli. — Str—ei—ken ja. Du skal betterdø vera føraren vaar du ! hi—hi—hi, lo han.

Svale gjekk ut att Han vilde ikkje staa der lenger. Dei kunde snart verta var han.

Han var alt komen halvveges ned til fjose att, daa han raaka ein som ikkje hadde vore med inne. Han kom nett heimantil daa. Dei var kjenningar, og arbeidaren bad Svale med inn.

Daa dei kom inn i gongen, raaka dei han som Svale saag gjekk aat karmmerse. No kom han ned lemtropi med fange fullt av ølflasker.

— Der godtfolk er, kjem godtfolk til, sa han.

Til dei som sat ved borde ropa han:

—No skal me utyrsta oss karar!

Gamla banna so steikheitt paa at ho aatte ikkje meir øl, enn hadde lus i tannkjøte mitt; — men — ja her ser de sjølv.

Der vart skjenkt øl ikring i glas og koppar. Svale fekk sin part, han som dei andre. Han hadde sett seg fyre at han ikkje vilde drikka noko nemnande, — ikkje so at han vart full; ikkje so mykje, at han kjende det minste i hovude ein gong.

Men han var tyrst, og daa han sistpaa var vorten nokosonær utyrst, kjende han det i hovudet likevæl. Daa gav han seg meir og meir yver: I grunnen var det ikkje so faarlegt um han vart paa ein liten lette helder,

— her i dette lage. Sistpaa vart han baade lettmælt og smilande, han som alle dei andre.

Pitter Tennessen kom og gjorde seg kjend med han. Det var ein liten spinkel fyr med eit rundt gjenteandlit. Haare, og skjegge paa yverlippa, var biksvart. Væflidd og fjong som han var, saag han ut som en herremann, imot dei andre, Og endaa han var den yngste av alle, var det han som styrde heile flokken. Naar han sa noko, stod der age av karen.

Men øl like han, var det sjaaande til. Paal som var vorten meir og meir drukken, hadde sete heilt fortenkt ei stund.

No reiste han paa hovudet og, saag seg ikring med stive, fordrukne augo.

— Karar, karar! tok han til med haast maal, — skal eg fortelja dykk noko? Veit de at det var eg som sku butt deruppe paa Aas der fabrikeigaren no raar?

— Fortel, var der einkvan som sa.

— Men fyrst maa me ha ein kjeft drikka, sa ein annan.

Der vart skjenkt rundt i lage, og denne gongen tok Svale imot utan aa orsaka seg.

— Eg er fødd og uppalen paa Aas, heldt Paal fram daa han hadde drukke.

Eg som eldst var, sku sjølvsagt ha garden etter far. Men han far sat tungt i det. Stor skuld og mange born. Difor var det ikkje tenkjande paa for meg aa verta verande

heime. Eg tnaatte ut og teria pengar, so me kunde verta skuldfri.

Amerika var daa som no vissaste vegen for slike som vilde tena pengar i ei snarvenda. Den vegen tok eg og, so snart eg vart vaksen. Men fyr eg reiste, gjorde eg det visst med henne Serina. Ho vilde venta paa meg, sa ho, kor lenge det sku vera. Me hadde vakse upp saman, og eg tykte det var slik ei fager og gild gjenta,

So reiste eg med godt mod.

Arbeide var tungt, og eg totte langt i fyrst ningi; men eg tente pengar, og det gav mod.

Brev fekk eg heimantil, baade fraa far og Serina, og dei pengarne eg kunde avsjaa sende eg heim. Men so vart eg sjuk, — laut liggja paa sjukehuse i mange maanar. Dei faa skillingarne eg hadde, vart strakst ende paa, og sidan laut eg lita paa Gud og godt folk.

So fekk eg ein dag brev ifraa far. Han kunde ikkje greida seg lenger. Kreditorarne gav ikkje fred. Særleg var Per Bøen paa-gaaande.

Dersom eg ikkje no kunde gjera ein utveg, so saag han seg nøydd til aa selja Aas og alt det han aatte. Og han vilde fyrr selja det til framande, fyrr han vilde sjaa det i henderne aat Per Bøen og dei andre kreditorarne.

No nett høvde det so godt med det og,

skreiv han, for ned i Vaagen sku seijast upp fabrik, og han som eigar sku vera, vilde meir enn gjerne kjøpa Aas.

Ja, kva sku eg segja. Der laag eg som ein annan stokk. Vandt um eg vart arbeidsfør paa lange tider. Han fekk i Gudsnamn selja daa.

Men eg kom meg att, snøggare enn von kunde vera. Der gjekk ei tid. Serina hørde eg ikkje gjete meir. So kom det ein dag eit brev fraa ein av venerne mine heime. I det breve stod at Serina hadde gift seg med ein riking burtantil grannebygdi. Daa var det som alt svartna ikring meg. Alt og alle var meg imot. Garden min seid og gjenta mi gift med ein annan. Ho som eg hadde gjenge og drøymt um i barneaari frametter og som eg trudde so godt um.

Det var aldri verdt aa liva lenger. Berre dei som var rike kunde koma fram i verdi. Og rik vart eg aldri.

Eg slo meg laus og livde viilt naar eg hadde pengar. Og naar eg ikkje det hadde so—so—

Paal seig ut yver borde og tok til graa-ten. Den magre kroppens hans skok seg i strid fyllegraat.

Um litt rette han seg i vere att, treiv ei flaska og tømde henne til botn.

— Aa, naar eg tenkjer paa kor eg hev

stræva og kor raykje vondt eg hev lide og det likevæl berre er svult og vesaldom for meg, fær eg slik ein usiyrleg hug til aa kverka alle slike som karm magga seg i ovlivnad, og som aldri hev kjent naud, — ærleg naud!

Hadde eg han her, Aasmannen, i kveld, eg sku tala med han paa ein maate som han sku kome til aa hugsaa !

Han saag ut yver flokken eit bil.

— Karar, veit de korleis eit slikt avaat skal takast? Jau, negli inn i halskjøte. Godt tak yver barken. Det er snart gjort, murra han.

Svale tykte det gjekk væl vidt no.

Hev Teoder Aas gjort uret imot deg nokoleis, med di du er so foxtroten paa han, spurde han.

Paal drog paa akslerne.

— Teodor Aas er rik. Men det er urett godt nok at surne skal ha meir enn dei treng, medan surne lid naud.

Med gir i maale:

— Men endaa, — *men endaa* kann Aaskongen koma til aa maatta minnast at fatigmannen og hev vener. Eg hev sett frægare slott enn hans siga i grus.

Daarar I Kvi kann me ikkje knusa, plundra, brenna alt dette avaat som syg vaart hjarteblood ?

Det vilde vera eit lystelegt syn aa sjaa

dei dansa livrædde ikring paa dungarne av sine eigne gullslott!

Men her stend de, godt folk, som sauder-ne i ein kvi og trur paa alt dette kristelege rølle som prestarne proppar i dykk.

De tek imist folk! Dei gjev dykk stei-nar for braud. Tek maten fraa kona og ungeflokken og proppar sine eigne gormagar med han.

Men det ser de ikkje.

Kjuklingheilen dykkar fatar det ikkje. Difor sviv de ikring som i ei øydemark, utpinte og arme, utan maal og utan ro. De kom berre til verdi til aa døy igjen.

Aa, ver ikkje taapelege drøymarar lenger. Lat oss fram til den kjelda, som kann gjeva kraft og mod.

Drep I Brenn ; slaa ned ; gaa paa. Kverk all denne yngel, som syg all vaar kraft av oss.

Yl! yl høgare, høgare I Mode veks naar der vert ylt dugelegt ikring ein.

Tak til manskpen, godt folk! Lat dei faa staa paa restarne, liksom me so tidt lyt staa paa resterne av vaare slott.

Paal seig magtlaus og andpusten fram yver borde, og fyllegraaten tok han paa nytt og stridare enn fyrste gongen.

Tvo andre, som var mindre fulle, tok og studde han inn i kammerse og let han leggja seg.

Svale var vorten heilt underleg av seg. Han hadde fenge slik snakkehug. Men ordi vilde stundom fløkja seg saman for han. Det krisla i kvar den nervetraaden med ei underleg kjæte-kjensla. Han kjende slik ein ustyrleg hug til aa huja ende ut i vere, spika alt ikring seg.

Svale Sviland var full.

Han reist seg og sjangla ut. Takka ikkje for seg eingong. Var kanskje meint paa aa koma inn att.

Ute strøymde det imot han med sval natluft, blanda med ange av døkk barskog og kvitleggja bjørker. Han stod litt og saup i seg i djupe drag. So var det liksom ein tanke stakk han. Han sette paa sprang, hastande, snøflande. Ned i skogen tok han i farten sine eigne arbeidstarvende, hivde dei dunder i vald inn gjennom smaa-skogen og huja i villan sky,

I villt mod sprang han vidare. Han vilde heim, heim !

Som gjennom dimme horngluggar skimta han nyestova. Eit minne rann han i hugen:

Ein vaardag ut paa øyi. Eit par mjuke gjentearmar kring halsen. Ei rad kvite tenner millom friske lippor som kviskra.

Inn?

Ja so dægeren gjekk han inn ja!

Sigvor? Pøh ! Sigvor var ei taska. Ho hadde synt han vintervegen. Ho vilde vera kvitt han ho. Men han sku syna henne at han kunde faa frægare gjentor enn ho var.

Ved nyestovedøri stogga han litt og lydde. Jau, ho var inne. Han steig inn. Burt ved sengi skrimsla han ein gjenteskapnad i kvit natt-bunad og han høyrde ho halvt ijaatt og halvt i rædsla kviskra:

— Gud, hvor De skremte mig.

— Jeg trodde De sov paa denne tid!

Han slengde seg ned paa ein stol og rolsa i veg um laust og fast, so Ester visste lite kva ho sku segja.

Fyrr hadde det alltid vore ho som hadde maatta helde prate gaaande; men i kveld var han so rødug, at ho lite fekk ord for seg. Det var snaudt ho kjende guten att.

Han prata og lo og var morosam utan ende.

Det var lett nok aa merka at han hadde teke ein liten taar yver torsten; men herregud, kva gjorde det. Han *var* søt korso.

Ho tok til aa pusla burt ved hylla. So kom ho fram med glas og flaska. Ho nemnde noko um at det var ein liten skvett konjak, som stod att etter adjunkten. Dei kunde gjera seg til godar av det, meinte ho.

Dei skaala og drakk og hadde det gildt. Skaala og drakk dus.

— I morgen reiser jeg, sa ho og flutte seg nærare inn til han; so nær, at han kjende den varme anden hennar stryka seg kjælen yver kinni. Som tusund fine naalsstikk for det han gjenotn blode. Og daa den vesle, mjuke handi henner litt etter, liksom uforvarande, kom inn til hans, slo han baae armarne sine kring henne i vill øsna. Og som um ei usynleg hand hadde tak i dei, bøygde dei andliti imot einannan og tvo par lippor møttest i lange, heite kyss.

— Svale, Svale! Du er farlig! stunde ho millom kyssi.

— Eg held av deg! kvein han i ørska. Ingen er fager og gild som du, Ester! Vil du vera kjærasten min?

— Ja det vil jeg, Svale, naar du bare ikke holder mig for nar.

IV.

Sigvor Aas hadde vore heime hjaa far sin i tri vikor. Mo lengta mest til byen att. So underleg kunde ein vera laga!

Daa ho var i byen, gjekk ho mest støtt og tenkte paa dei her heime og paa kor gildt ho sku faa det, naar ho ein gong vart ferdug med skulen og fekk koma heim for godt.

Men no, naar ho var heime, gjekk ho og bar paa same uroi som fyrr. Det var berre paa ein annan maate. Ho skyna det ikkje sjølv lenger kva som vanta.

Far hennar var den same snilde mannen, han alltid hadde vore, og stykmori kunde visst ikkje ha vore vyrkare for henne um det hadde vore rette mor hennar. Alle var snilde mot henne. Alt var det same som fyrr det hadde vore; men det var kje det same korso. Der laag liksom ein annan daam yver alt, tykte ho. —

Berre minni var dei same. Som ein stor barneflokk strøynde dei imot henne ailestader ifraa, surne lette, glade, med sol og smil yver, andre aalvorsfulle, dirrande av graat. Og i

dei fleste var Svale Sviland med — som ventande kunde vera. Dei budde so nær einannan, og han var den vissasie leikebroren og kameraten ho hadde havt fram gjenom aari. Mor hennar døydde fyrr ho kunde minnast, og systkin hadde ho ikkje. So vart det daa aa springa ned til Sviland naar ho hadde ei stund, eller Svaie kom upp til henne. Og so gjekk leiken med olster og sjau til seine kvelden. Ho kunde hugsa ho hadde vore hortegt vill i smaagjentedagarne, — mest som ein annan gutunge; men folk hadde vore gilde imot henne korso, særleg mor aat Svale.

Ho hadde ofte maaita tenkt paa Anna Sviland sidan. Ho hadde mest vore som ei mor mot henne. Hadde ho no livt, vilde ho ha takka henne for alt det gode ho hadde gjort imot henne. Men no var det for seint, og daa tidi var til det, hadde ho ikkje rett skyn a det.

Ja ho hadde vore vill av seg og lite fyre-tenkt. No kom kanskje straffi for dei No fekk ho fulla trega det. Tenk um Svale vart ulukkeleg for hennar skuld. Ho vllde aldri koma til aa faa fred meir. Det vilde pina og plaga henne so lenge ho livde. Ho kom visst stødt til aa sjaa han for seg soleis som han var den morgonen daa dei gjekk heim fraa festen. Dei bedande augo hans kom til aa forfylgja henne. Ho kjende endaa den skjel-

vande handi hans i si og hørde tonefalle i maale hans, tykte ho. Hadde ho endaa ikkje vore skuld i det sjølv at han var komen so vidt i desse tankarne sine som han visst var, kunde det endaa vore. Men det var daa visst meir enn rimelegt, at ho paa ein elder annan maaten maatte ha sett han paa fare. Ho maatte ikkje ha vore den jaala ho var utan, Ja naar ho drog seg til minnes alle dei faa-mutte draumarne ho hadde bore paa fram gjenom aari, kjende ho seg viss um det, endaa ho ikkje kunde hugsa noko serskilt han kunde ha aa halda seg til. Men heile hennar ferd maatte vel ha vore soleis, at han kanskje rein umedvitande hadde kome paa slike tankar. Ho hadde visst fare fram etter som draumarne sa henne til, og dei var soleis at dei var kje nemnande. Stødt var det eitkvart som ho og Svale var med i.

Just som i barneskulen. Fortalde læraren um Harald Haarfagre, so vart det til Svale sistpaa. Det var han som slo alle smaakongarne og samla Norig til eitt rike. Men fyrst hadde ho set han paa den tanken, — liksom Ragna med Harald. Og daa han so kom heim att og hadde sigr, heldt dei stort gjestebod paa Aas; han var konge, og ho dronning. Og naar dei kom køyrande til kyrkja um sundagsmorgonarne i vogni aat far

hennar, lyfte bygdefolke paa hatten for dei og helsa.

Jamvel presten og gamleskrivaren tok til hatten.

Elder gjekk soga um Olavarne, Sverre, Tordenskjold, — kven det so var: Alt vart til Svale, stillt og umedvitande. Og det var nok ikkje berre i barneskulen ho hadde gjenge med slike underlege hugsyner. Aa nei. Etter ho liksom sku vera yaksi hadde det og kome for henne noko slikt, um det enn var paa ein litt annan maate enn fyrr. Han hadde leika i hugen hennar meir enn ho fyrr vardest.

Ho rnaatte visst ha vore glad i han likevel. Var det kann henda endaa. Herregud um ho hadde teke i mist. Tenk um det var Svale ho heldt av, og ikkkje han andre, han i byen — Pitter. Ja tenk um det berre var medkjensla ho hyste for han, fordi han var fatig og hadde det vondt, og ikkje ein kjærleik, som kunde vara live ut. Det vilde vera fælt um so var. Um ho gjekk her og narra baade seg sjølv og han. Gjekk og trudde ho heldt av han, og so — kanskje etter at dei var gifte — saag det ikkje var so. Det vilde vera det fælaste ho kunde tenkja seg. Ho vilge aldri kunna halda det ut.

Di meir ho tenkte yver dette, di urolegare vart ho. Sistpaa gjekk ho reint som i ein feber. Verst var det um kveldarne og

næterne. Ho laag og vreid seg i sine lakan og fekk ikkje sova.

— Aa, ho var so ulukkeleg. At ho sku koma burt i slik møda!

Det var Svale, som hadde teke hjartefreden fraa. henne. Han sku ikkje ha sagt det. Han burde ha tagt. Aldri ineir vilde ho kunna møta han med slik kameratsleg tiltru, som fyrr ho hadde gjort — etter dette.

Ho greidde ikkje aa bera dette lenger. Ho laut ha einkvar ho kunde tru seg til. Enn um ho fortalde det til stykmor si. Elder han far. Han far var ein snild mann. Han vilde visst hjelpa henne, naar ho bad han um det.

Elder tru han vart vond paa henne, fordi ho hadde trulova seg utan hans jaminne?

Ho hadde set han vond ein gong, og daa vart ho reint rædd, endaa det ikkje var henne det galdt.

Nei ho torde vist ikkje korso. Ikkje endaa i minsto.

Men so var det ein kveld far hennar uventa kom henne til hjelp.

Dei var i stova aaleine. Ho sat ved borde og arbeidde med noko saum. Han sat i rugge-stolen med pipa si, kvilde seg og saag paa henne av og til. Sistpaa reiste han seg og dreiv nokre gonger yver golve, so stogga han attmed henne eit bil.

—Er det noko som tyngjer deg, Sigvor?

Du er so still og uglad um dagarne, sa han og strauk henne linnt yver haare.

Ho sat djupt bøygd yver saumen, so han fekk ikkje sjaa henne i , andlite. Ho svara ikkje strakst,

— Du var ikkje slik fyrr, heldt jhan fram.

Ei gjenta i dm alder kann aldri gaa slik

og stura uten det er for noko sers. Kann du ikkje fortelja kva det er?

Likar du ikkje stykmor di, kanskje?

Seg det. Det er godt aa tru seg til einkvar naar det er noko som tyngjer. Ein vert lettare i hugen av det. Og meg veit du daa du trygt kann tru deg til. Eg vil so gjerna hjelpa deg, so sant eg berre kann.

Ho saag upp og der stod taaror i augo.

— Eg vei det, eg veit det, kviskra ho mest.

Ho gav seg yver. Ho vilde segja det no.

— Du maa kje verta vond paa meg, bad ho.

Han tok orde upp att litt forundra : Vond ? Nei det kann eg visst lova, eg ikkje skal verta. Men kva er det daa ?

— Eg hev — hev trulova meg med ein — ein som du og mor ikkje kjenner. Eg er rædd de ikkje tykkjer han er god nok, stota ho og var raud som ei njupa, i andlite.

Far hennar hadde sett seg igjen. Han

hadde visst venta paa rioko reint fælt. No var det liksom han lettna ein grand.

— Naah; ein bykar daa, kanskje? Frega han.

— Ja.

Ho glytte burt paa far sin. Men han sat frygg og logn, som ingen ting var. Det gav henne mod, og ho heldt fram med meir ro.

— Eg var van aa driva ut ein tur um kveldarne naar eg hadde gjort leksestræve ifraa meg. So var det ein kveld daa eg var paa heimveg att; eg hadde endaakjøpt litt som eg bar i tvo smaa pakkas under armen. Den eine av desse pakkarne misste eg; men i det same kom der ein herre farande, han tok pak ken upp og flidde meg han. Eg takka, og i farten skifte me nokre ord. Sidan raaka eg han ofte. Me vart kjende. Stundom fylgde han meg heim um kveldarne naar eg hadde vore ute nokon stad; stundom skreiv han til meg og.

— Svara du paa brevi hans?

Sigvor saag paa far sin. Ho tykte det var eit underlegt spursmaal, dette. Elder kanskje han sat her og trudde at ho hadde lova seg burt til ein som ikkje var svar verd?

— Du kann daa skyna eg svara. Eg maatte kje havt det minste folkeskikk, dersom eg ikkje det hadde gjort. Reint hjartelaus maatte eg ha vore. Du kann aldri tru, du, kor kløkkjande brevi hans var!

Han var so ulukkeleg. Han var av gode folk, men det hadde gjenge reint ut med far hans, og mor hans hadde aldri brytt seg vidare um han. Difor laut han arbeida seg fram. No hcldt han paa og arbeidde med ei ny oppfinning han hadde gjort. Han hadde von um aa tena mange pengar paa henne, naar han fekk henne ferdug.

No nett, fyrr eg reiste heim, fekk eg brev ifraa han. Han var sjuk, og trudde snaudt han kunde liva lenge.

Teodor Aas hadde teke pipa or munnen. Han sat og drog seg fortenkt i skjegge. Men Sigvor tykte grant ho kunde merka ein lystug glimt i augo hans og at han sat og streid, so laatten ikkje sku faa magt med han.

Ho tykte mest det var stygt av han, at han kunde ta so fjerre aalvorlege ting so lett.

— Det breve var vel skrive med blyant og skjelvande hand det. Var det ikkje ?

Ho saag so forundra ut, at han sette i aa læ.

— Jau, det var skrive med blyant; men korleis kunde du vita det daa ?

— Aa ein lærer med' ein liver, ser du. Du hadde vel sagt han, at du hadde ein bra arv i vente, kann eg tenkja.

— Men far daa, at du kan tenkja slikt!

At du kann tru -----

Hadde du sett han. Talt med han sku

du, og eg er viss um du hadde fenge berre gode tankar um han.

Teodor Aas drog nokre djupe drag av pipa og bles røyken med stor umtanke upp under lofte.

Der var stillt i stova ei rid, Sigvor var falli i tankar. Ho saag Pitter for seg, sliten og bleik. Han bad henne um hjelp, for han var sjuk og hadde det vondt.

Tankarne arbeidde seg sistpaa yver i eit anna far. Det vart Svale ho saag for seg.

Ja, 'han hadde det visst ikkje for godt, han helder. Ho hugsa kor hjelpelaus og ned-tyngd han saag ut, daa han skildest med henne den morgonen. Men herregud, kva sku ho gjera. Ho kunde ikkje onnorleis. Pitter hadde fenge jaorde hennar, og ein lovnad sku ein halda so sant der var raad til det. Svale torde ho ikkje nemna noko um no.

Gjorde ho det, maatte far hennar visst tru ho var ei jaala. Kann henda han alt trudde det.

Ho saag burt paa han.

Han sat i stolen sin som fyrr, rugga seg og røykte.

— Naah, var det ikkje meir? spurde han. Svare kom noko ugreadt, so han fekk ikkje rett tak i det.

—Du held vel mykje av han, kann eg tenkja ?

Han drog seg atter i skjegge og ho tyktest merka den lystege glimten i augo hans paa nytt.

Ho var litt i vande med svare. For det vai just dette som hadde valda henne so mykje uro og pine i det siste.

Men det var helder ikkje likt til at han venta noko svar, for han heldt fram med same:

— Vilde du verta mykje ulukkeleg um det kom til det at de laut skiljast att. Eg hev nemleg fenge ein misstanke um at det ikkje er fyrste gongen den herren er ute paa slike eventyr.

— Men far daa! Eg kann kje! Aldri! Pitter er so fatig og ulukkeleg, sutra ho.

Tak det med ro, barn, trøysta han. Eg vil ikkje tvinga deg naar du ikkje kann, skynar du. Det kann so godt henda eg tek i miss. Eg kjennar han ikkje, ser du.

Men hugsaa paa det, Sigvor; de fær ikkje mitt samtykke fyrr eg hev lært han grundegt aa kjenna.

Litt etter la han til.

— Ein gjev kje so gjeme einaste dotter si burt til kven som helst.

— Takk far! Eg vissts du vilde vera rimelig, jubla ho. Du tykkjer visst eg hev vore for godtrui og fare tankelaust aat. Men

eg er viss um at naar du lærer han aa kjenna, so vil du tykkja væl um han, du og.

— Me fær sjaa, sa han som i andre tankar.

Litt etter reiste han seg og dreiv nokre eonger yver golve, stogga so framfor Sigvor att,

— Vilde du kje tykkja gildt um aa faa koma litt meir ut tnilom folk enn du gjerer, Sigvor. Her er for stillt og avstengt her paa Aas for deg. Eg trur du kunde ha godt av aa sjaa deg um i verdi ein grand. Det du kunde faa sjaa av live inn i byen, var vel ikkje so mykje, spaar eg.

Me var framum hjaa doktaren i gaar, eg og ho mor, og han meinte ho vilde ha godt av aa koma ut litt, for nervorne sine.

No høver det so godt med det at eg kann faa slaa fylgje med dykk. Du veit alle arbeidsfolk! mine hev slege seg vrange og vil ikkje arbeida lenger, for den løni eg kann gjeva. Men eg bryr meg ikkje um aa leiga noko nye folk. Eg hev nemleg rekna ut at med den umsetnad me no hev, vil der gaa fire maanader fyrr lagerhuse er tømt, og til dess vonar eg at arbeidararne hev spakna ein grand og. Det er visst ein kar eg tok i arbeid for nokre vikor sidan som stend attum heile staaake —. Han heiter Pitter og er fraa byen. Men det er sjølvsagt ikkje din Pitter.

Dette siste sa han halvt paa skjemt og halvt i aalvor.

Ja ja, me reiser um otte dagar. Otte dagar i morgo til. Slaattekar hev eg tinga, og gjentorne fær styra huse so lenge.

Fyrst skal me giesta nokre skyldfolk ho mor hev paa austlande, og sidan fær me ta det etter som hugen og raadi segjer os til.

Fær me deg so med?

— Visst vil eg vera med, sa ho, og ein ljøs smil gleid yver andlite hennar.

Han hadde sett seg ned i ruggestolen att. Han sat og vakta henne med augo.

— Veit du kva eg tykkjer! Jau eg tykkjer du er for god til aa gjeva burt, sa han skjemtande. Helst naar det er til ein som heiter Pitter. Du minner so um mor di, rette mor di, at eg tykkjer stundom det maa vera ho, og ingen annan.

— Ja, men det underlegaste er at eg tykkjer det sjølv og stundom, endaa eg ikkje kann minnast henne. Eg trur det maa vera avdi du hev fortalt so jamt um henne, sa Sigvor stillt.

Litt etter heldt ho fram:

— Men du far, kann ikkje du iortelja meg litt um henne som no er meg i mors stad.

Det er Ute nok eg veit kvar ho er ifraa dess helder. Og slett ikkje hadde eg noko

greida paa at ho hadde skyldfolk paa austlande.

Det vilde verta bra pinesamt aa raaka skyldfolk som ein slett ikkje visste var til.

— Det er sant du segjer. Det vilde visst verta snodigt.

— Rart at ho mor ikkje hev fortalt deg noko um seg sjølv elder ætti si.

— Aa nei, det er ikkje so rart. Du veit eg hev ikkje vore stort heime sidan ho kom her, svara Sigvor.

— Eg var slett ikkje tenkt aa gifta meg upp att, sa han i ein tone som bad han um orsaking. Eg hadde ikkje hjarta til aa gjeva deg stykmor. Men so var det for væl eit aar sidan, eg var eit erend burt i grannebygd. Eg er kjend med klokkar-folke der, og so var eg innum og helsa paa dei, etter gamalt. I fleire dagar vart eg verande der, og daa var det eg vart kjend med henne som no er mor di. Ho var enkja og budde der hjaa klokkaren. Eg tykte væl um henne, og stutt aa melda: fyrr halve aare var lide, var me gifte.

Ho hadde vore gift med ein kjøpmann inne i byen fyrr. Og denne kjøpmannen hadde vore ein velstaaande mann. Men so tok han til aa sumla. og drikka so fælt, at dei sistpaa ingenting aatte, og endskapen paa det

vart at dei ein morgo hadde funne han livlaus nede i ein kjellarhals.

Dei hadde ein son saman. Men ho fekk liti gleda av han. Det synte seg snart at han hadde ervt alle udygderne aat far sin. Det vart ei stor ukjura av han. Og daa han væl var vaksen, vart det ingi onnor raad enn aa senda han til Amerika.

Han skreiv visst heim til henne stundom.

Men so var det ein dag alle blad kunde melda um ei fælsleg gruveulukka som sku ha hendt der burte. Millom namni paa alle dei som kom vekk, var hans og nemnt. Og det er trulegt at han var med, for ho hev aldri høyrte gjete han sidan.

Det er vist mykje denne stenduge uroi og motgongen, som hev svekt nervorne hennar og, slutta han.

— Ja sovore maa visst kunna veikja endaa til dei sterkaste, meinte Sigvor, ho sat og streid med graaten. Ho heldt av stykmor si, og no ho fekk høyra um all den liding ho hadde gjenge igjenom, greip medkjensla henne so sterkt at ho med all si magt ikkje vann tvinga seg.

— Berre rart at ho mor kunde staa i alt dette. At det ikkje reint tok paa vite!

— Eit menneskje kann mykje tola, naar ingi onnor raad er, sa han.

Samtalen vart avbroten, for ho mor kom

inn, fjaag og smilande, og fortalde at ho hadde vore med gjenta og mjølka, og at ho hadde vore rundt og gjeve hønsi og kalvarne mat.

— Det er slik ein hugnad med desse velsigna dyri at eg vilde ikkje vera dei forutan for mykje godt. Dei er so milde og kloke, mest som eit menneskje.

— Mest som eit mannfolk, meiner du vel, skjemta han; for han hugsar ho fyrr um dagen hadde sagt at mannfolki ja;nt var so dumme.

— Ja nett og, sa ho.

Han far lo, og ho mor lo, og so laut Sigvor læ med endaa ho nyss hadde grete.

So fortalde han far at han hadde fenge „lov" aa ta Sigvor med paa denne turen dei etla seg ut paa.

Og det var ho mor glad for.

Dei vart sitjande og røda um eitt og anna eit bil, so gjekk dei til sengs.

Men lenge etter at ho hadde lagt seg laag Sigvor og tenkte paa det som hadde vore sagt fyrr um kvelden.

Ho var glad. Gladare enn ho hadde vore paa lenge. Det var som ei tung byrda var teki av henne. Godt at ho gjorde aalvore av det og trudde seg til han far. No vilde alt jamna seg, gudskjelov.

Berre no Pitter vilde senda henne eit brev, so ho fekk høyra korleis han hadde det. Tenk um han laag sjuk endaa! Dumt at ho ikkje tok seg mannskap til og leitte han upp fyrr ho reiste heim.

Men dersom dei tok inn til byen fyrst, no naar dei tok ut paa ferd so vilde ho gjera det godt att daa. Gud velsigne han far for dette! Han kunde aldri ha gjort henne ei større glede enn no han gjorde. I grunnen hadde ho alltid havt hug til aa faa koma ut og sjaa seg um ein grand. Ja verkeleg vilde det verta gildt.

Nokre klaare slag av ei kubjølla let inn gjennom det opne vindauga til henne.

Det førde tankarne ei onnor leid.

Litt etter høyrde ho det rauta. Aa, so godt ho kjende baade bjølla og den kjælne rautingi! Ho sku gjerne vaaga alt ho aatte paa at det var ho Svartsid, bjøllekui paa Sviland.

So gild ei ku, som Svilands Svartsida, fanst ikkje. Aldri spente ho uppi bytta og aldri heldt ho mjølki. Og slik ei mjølk der var i henne, so feit og raud! Ho og Svale hadde mjølka henne so jamt. Ho hugsa so væl korleis dei bar seg aat. Svale heldt bytta, og so mjølka dei av kvar sin spene. Og Svartsida stod so breid og aalvorleg, som ei gamall bestemor.

Sanneleg vilde ho segja det med Svale so snart ho raaka han, at Svartsida maatte han ikkje selja so lenge ho kunde ragga og gaa.

Aa tøv! Uff, no var det dette gamle rølse att.

Sigvor snudde seg til veggen. No vilde ho sova.

V.

Svale Sviland gjekk og var leid seg sjølv. Vondt samvit hadde han, og draumarne um Sigvor kunde han ikkje faa seg til aa sleppa.

Det som hadde hendt millom han og Ester kvelden fyrr ho reiste, iddest han snaudt aa tenkja paa. Men naar det likevæl stundom sveiv han i tankarne, var det alltid med eit saart agg i samvite. Han kjende Stlaarare enn nokon gong fyrr, at han ikkje heldt av henne, soleis som han burde.

Sigvor var den einaste han brydde seg um. Men ho brydde seg ikkje um *han*. Det var so vonlaust alt i hop. Svart i svart; natt!

Han hadde vore ein tosk, eit naut, som vanleg. Tenk lata seg lokka, so ein vart baade full og galen og lite visste kva ein gjorde. Det var so ein kunde graata, sputta, banna.

Fy for ei skam! Han fekk visst lida for det so lenge han livde.

Jau, no kunde han vera kar; gjekk og var trulova med ei som han ikkje brydde seg um. Ei dama! Ei som skreik — „aa gud“

— berre ho møtte ein sau! Den som kunde vita kva han sku med henne. Ha henne sit-jande i eit glasskaap til stas! Det var vel det einaste ho dugde til. Men slik stas hadde ikkje han raad til aa ha.

Dersom ein kunde gjera det um inkje att, han gjorde det i denne stund.

Men gudfader visste um det ikkje alt var for seint. Han hadde ein klein tru. Han kjende seg ikkje trygg.

Den fyllekvalden vart han kanskje ein dyr kveld. Det var so haare kunde reisa seg paa hovude, berre han tenkte paa det. Det tok han med skjelterider, so han mest fekk vondt.

Men stundom slo han seg laus. Jaga alle vonde tankar paa viddi. Hin og den maatte syta!

Var beinsam med tenestgjenta, so ho, gamle kjotla, vart tryllt og gjorde seg tankar. Styrmdde ut og inn i dørarne, som ein vill unge. Gamlebesta, som for det meste hekk yver salmeboki og huspostillen og tenkte paa enden, laut jamt undrast paa han. Ho skynta ikkje kva som Reid av han

Det var elles ikkje berre gjentesorger som plaga han. Der var anna og som gjorde han uroleg.

Daa Eirik Sviland, far hans, døydde, var han upp yver øyro i skuld. Han hadde vasa

seg inn i ei sak um ein skogteig upp i fjellmarki. Denne skogteigen hadde fyrr høyrte Sviland til; men kor det no var elder ikkje, ein av grannarne tok til aa hogga' der, og i det heile rekna skogteigen for sin.

Saki tykttest vera beintfram, og Eirik let difor domstolarne faa med det aa gjera, so han kunde faa sin rett stadfest. Og Eirik vann, fyrst ved underretten og sidan ved yverretten. Men grannen let saki gaa til høgsterett, og der tapte Eirik og vart dømd til aa leggja 500 kroner til motparten. Dessutan kvilde der ei pante-skuld paa Sviland. Og naar alt kora i hop, smaa-skuld til handlararne i Vaagen tnedrekna, gjorde det seg upp i heile 5000 kroner.

Daa so Eirik døyde, visste enkja og gamlebesta seg ingi onnor raad enn aa gaa til Per Bøen og be um hjelp. Per var nærmaste grannen og ein mann som kunde hjelpa, dersom han vilde. Ikkje for det at dei hadde nokor von um aa greida seg, paa lengdi; men dei tykte det var greidaste naar skuldi' var paa ein stad. Dessutan kunde dei faa tid til aa umrøma seg ein grand. Kannskje kunde Svale gjera ein utveg, so han løyste Sviland inn att naar han um nokre aar vart vaksen, dersom dei kunde faa Per til aa gaa god for seg nokre aar. I vissa var det no betre enn

aa maatta gaa fraa alt no med ein gong, korleis det kom til aa gaa seinare.

Ja Per var ikkje uviljug. Dei vart samde med han. Han sku kvitta all skuldi deira. Til trygd for pengarne sine sku han ha pant i Sviland. Dessutan sku dei betala ei aarleg renta til han.

Kvinnfolki var glade dei var komne so fjerre lett til det. Og Per var glad paa si vis han og, for no kjende han seg som eigar av Sviland.

Mor aat Svale hadde ikkje livt meir enn eit aars tid etter dette og no vart det berre Svale og Besta som laut baska med alt ihop. Og det gjekk paa ei vis, Desse siste tvo aari hadde Svale styrt med alt aaleine. Han hadde maatta leigt taus, for besta var ikkje stort aa rekna paa lenger, utanfor huse.

So hadde han gnage seg fram dag for dag, meir og meir modfallen og huglaus. Han saag det vilde so lite nytta. Inkomorne var so faae. Utloga var viss. Han saag det klaarare og klaarare for kvar dag som gjekk, at det var faafengt for han aa strida imot. Han var som ein baat i elvesoge, som stødt og jatntit nærma seg fossen.

Modløysa tok han stundom, so han var sjuk. Kor mykje han sleit, og kor mykje han stræva, var det snaudt nok han tente til renta. desshelder noko til avdrag paa skuldi. Han

visste at den dagen Per sa laane upp, vart han heimlaus. Og at det ikkje kunde vera so svært lenge til, tyktest han vera viss um.

Nei kvi sku han drygja. Best aa gjera pina stutt. Han dreiv det vel til auksjons, so kunde han faa det for ein spottpris, riva merkesteinarne ned og Sviland var ikkje meir. Alt heitte Bøen, og Per var som ein konge i bygdi.

Syt aldri for det. Han Per hadde nok slikt utrekna fyreaat. Den mannen seide kje sine høns i regnvere.

Ein kunde likso godt gjeva upp med ein gong, so slapp ein meir møda med det.

Men det var ikkje berre Svale som gjekk med uro og otte i seg. Per Bøen hadde det ikkje likare, han helder.

Han hadde sett seg i hovude at Svale sku vekk no. Sviland vilde han sjølv ha.

Det han hadde vorte vitne til ut paa øyi den dagen, hadde skræmt han. Um no Svale gjekk stad og gifte seg; fekk ei rik ei. Ikkje so mykje som eit spadtak fekk han av Sviland daa; og det vilde vera meir enn harmelegt. So mykje folk, som det no sette seg til rundt Vaagen, kunde ein selja Sviland ut i smaabitat og hustufter og faa paa tusundvis med kroner meir enn ein elles vilde faa

— den som hadde raad til aa drygja og ta det med tol.

Men kvi sku kje Svale gifta seg, han som andre ? Og kva vissa var der for at det vart ei fatig lus han fekk?

Svale var ein hamleg kar, og gjentorne for vel mest etter andlite no som fyrr, baade dei som hadde pengar og dei som ikkje hadde, so det var best aa vera fyre var. Elles visste ikkje han kor mykje det kunde vera i det med Svale og denne bydama han hadde fare og halde lag med. Han visste kje um ho hadde pengar helder, men ein ting var han viss um, og det var at det kunde vera spelegt aa lata Svale ha Sviland lenger.

Ikkje for det at han hadde noko imot Svale personlegt. Han var ein gild kar, flink kar, klok. Hadde Per havt døtre, vilde han meir enn gjerne havt han til verson, men som no det stod var der ingi raad med det.

Men Per Bøen hadde samvit, stort samvit hadde han, helst naar det hōvde so at han kom i drøs med presten elder andre som vaar-herre hadde sett til styre og rettleiding aat oss. Og no tok dette samvite hans til aa gjera seg urolegt, att imillom. Det kunde jamvel gi han inn so ubljuge tankar stundom som at det i grunnen ikkje hasta so faarlegt helder. Pengar hadde han nok av fyrr og renta hadde han fenge rett og redelegt til den-

ne dag. Og kunde Svale greida seg, so hadde han ærlegt fortent det.

Det var denne gamlebesta og det var nokso leitt med. Ho burde lagt seg til aa døy, no etter kvart.

Sette han henne paa berr bakke, no paa hennar gamle dagar, vilde folk kalla han eit umenneskje. Og Per vilde so naudleg koma i folkemunn, paa nokon klen maate. At han hadde retten paa si sida, brydde visst ingen seg um. Han kjende folke so fjerre, at han visste det var vaagallt, slikt noko.

I slike anfektelsens stunder laut han trøysta seg med eit gudsord, som alltid hadde vore so hagt aa ta til. Det lydde um lag so :

— Eftertanke, klokskab og forsigtig omsorg for fremtiden er rosværdige egenskaber.

Han hugsa ikkje so nett kvar han hadde det ifraa, anten det var fraa barnelærdomen sin, elder det var fraa den tid han var medhjelpar i kyrkja. Og slik slag kunde no det vera. Rett ettertenkt var det eit godt ord, væl verdt aa leggja seg paa minne.

Han for sin part hadde hausta stor vel-signing av det. Det hadde vore til styrkn og hugsvaling so ofte.

I vaare dagar fekk ein ikkje alltid fara etter kjeringskjenslor og blautvorne tankar, sku ein greide seg. Kvar var seg sjølv nærmast.

Og den som ikkje vilde tenkja paa framtidi gjekk det gale med.

Han manna seg upp. Det fekk vaaga seg med gamla. Ei kor leis maatte ein vel kurma skipa seg, so mykje det kunde koma i gang soleis som han hadde tenkt.

Ho var so gamall at ho visst ikkje kunde gjera so lenge av det, no her etter, gamla, so han vilde tena paa det um han so sku maatta ta henne heim til Bøen eit halvt aars tid og. Elles kom ikkje det han ved so lenge Svale var i live.

Og kunde ikkje Svale helder ta seg av henne, hadde me noko som heitte fatigkassa, som var til hjelp for slike som ikkje kunde berga seg sjølv lenger.

Per Bøen gjekk lenge og funderte, baade att og fram. Det som tyngde han mest, var dette at Svale kanskje kunde ha kome seg inn med dette bykvinnfolke, og dersom det var ei som hadde pengar, so var det lett aa rekna ut korleis det vilde bera til daa.

Men so var det ein dag det drog etter med han, at han visst burde sjaa aa faa ho Brita, tausi aat Svale i tale. Slike halvgamle atter-gløymor var jamt gløggsynte, naar det gjaldt sovorne ting.

Mi sann vilde han kjøpa for tie øre i sirupskaka hjaa handlaren, so kunde kjeringi

beda henne heim til Bøen paa gjestebod naar sundagen kom.

Han sku nok faa ut av henne det ho visste, han; og fekk han daa høyra aldri so lite mistenkjélegt, so sku det bera laust, og det strakst.

Og Per smilte, skakt og av hjarta.

VI.

Ute i hagen paa Aas, væl løynd i ein svær apall, sat ein kar paa lur. Hatten hadde han drege godt ned yver andlite, so ingen sku bera kjensel paa han, um han vart sedd. Han sat elles godt løynd, so han kjende seg trygg.

Inne var lampa kveikt og glase stod ope, so han hadde god yversyn yver heile stova, og han høyrde mest kvart orde dei sa der inne.

Tri kveldar paa rad hadde han sete her, men aldri hadde det lukkast. I kveld sku det ske, kva som hende. For i morgon reiste dei. Daa var det for seint. Pengar laut han ha, um han so sku stela dei. Og onnor raad vart det vel ikkje helder.

Ho mor hadde vel ikkje so mykje ho raadde yver sjølv. Ho hadde alt gjeve han so mange pengar, at han var mest undren paa kvar ho kunde ha dei ifraa alle. Men det forslo kje stort for han korso. Det var denne fordømte drikkingi si skuld alt ihop.

Men kva fan' sku ein gjera! Naar alt sku vegast, so var det vel berre ein laak arv han laut dragast med. Hadde faren vore eit svin, so var det vel ikkje noko urimelegt at sonen vart det og. Og at far *hans* beintfram hadde drukke seg i hel, var der visst ingen som tvilte paa, endaa det sku heitast at han hadde vore ute for ei ulukka.

Nei, for ein slik som han, var alle vegjer stengde. Han hadde freista alt. Ingen brydde seg um han. Ikkje mor hans ein gong.

Naar ho ender og daa hadde slengt i han nokre kroner, so var det daa visst ikkje av godhug for han. Nei. det var berre fordi ho vilde vera kvitt han. Ingen maatte vita han var til. Og minst av alle maatte søteprinsen hennar, Teodor Aas, vita noko. Tenk det daa! Han kunde faa slag, dersom han fekk høyra at eit slikt ufygle livde. Mi sæl gjekk ho her og dyrka den gamle knarken, som ein gud! Ja, for tenk han hadde vore so naadig han hadde teke henne paa slæp og lete henne faa gode dagar.

Men *han* kunde slita, og *han* kunde ha det vondt. Han hadde kje fortent det betre han, for han var son aat far sin. Men jagu var han son aat mor si og. Og var det so um aa gjera for henne aa faa han til aa løyna seg burt med eit laant namn og smetta seg inn i dei verste avkrokar av verdi, for at

ingen sku bere kjensel paa han, so sku ho faa betala han for det og. Han var kje den kar som let seg ta ved naserne av slikt eit kvinnfolk.

Ho meinte vel ho sku vera kvitt han for godt no. Men nei takk! Nett no, i denne kveld sku ho faa sjaa han, faa ta paa han, um ho vilde.

Han var leid av dette elendige live no. han vilde ha seg pengar, *Hva* nokre dagar. Fekk han dei med det gode, var det sjølvsagt best. Men dersom han ikkje det gjorde so! — ja dei kunde setja han i hoie etterpaa.

Han greidde alltid det. Stort verre enn han hadde havt det vart det vel ikkje.

No hadde han slite i denne fille fabrikk nokre vikor. Men meir enn til maten vart det ikkje. Drikka var kje tenkjande paa ein gong.

Og denne streiken han hadde fenge i gang, nytta kje det minste grand.

Desse landsarbeidarane var dei upaalitelegaste folk han endaa hadde vore i lag med. Dei var fan' so modige i fyrstningi. Men naaar det rett røynte paa, og søtepaperen, Teodor Aas, negta aa gi dei meir løn enn dei alt hadde, og attaat truga med aa ta nye arbeidsfolk, seig hjarta ned i broki paa dei med ein gong.

Og no var dei daa visst viljuge til aa

byrgja med same slite, for den same svultne dagløni dei fyrr hadde havt. Slike folk greidde ikkje svelta ein halv dag.

Naar dei berre hadde nett so mykje dei greidde seg, kunde føda ei kjering og setja ein unge inn i verdi kvart aar, so takka dei Vaarherre paa sine berre kne. Slike folk var ingi hjelp verd.

Men han sku kje freista paa aa hjelpa dei oftare helder. Fekk han berre fat i noko pengar, so sku han ikkje heftast rett lenge i dette rottehole. Og di forare han kom seg her ifraa, di betre var det visst. Her kunde han verta fint i klemma, kva dag som helst. Raaka han Sigvor att, var det ikkje visst korleis det kunde koma til aa gaa. Ho kunde vilja ha greida paa eitt og anna som han helst vilde ha for seg sjølv.

Daa han gjekk inn i byen og slong, var det ein annan skil. Han hadde tenkt aa letta henne for nokre kroner daa. Og han var komen bra langt paa veg og. Men daa han væl var komen yver det verste og sku til aa venta seg frukter av strævet sitt, var ho ferdug med skulen og for heim att.

No kunde ho vera kvar ho vilde for han. Han vilde i minsto ikkje raaka henne her.

Godt at fabrikkjen laag so langt undan, elles hadde ho vel for lenge sidan fenge greida paa at han var her. Han hadde sannt aa

segja ottast for aa raaka henne, alt sidan han kom her. Dei andre hadde han ikkje vore rædd. Teodor Aas, den tosken, sku aldri faa greida paa han; og ho mor, — ja ho vilde daa visst ikkje med eit ord nemna at ho hadde sei han fyrr, ein gong.

Ikkje for det, dei maatte so gjerne, for han, vita at han var einaste son aat Inger paa Aas, alle saman. Men det var det som var det leide ved det, at den dagen, det kom ut, kunde han sputta etter dei pengarne han no so lettvent kunde trumfa seg til.

Og for han var det eitt feitt, anten dei bruka det naranet presten hadde sett paa han, elder dei kalla han Pitter Tønnessen.

Vilde ho mor betala han for at han sku heita Pitter Tønnessen, so var daa visst namne godt nok.

Og i kveld sku ho mi sæl faa punga ut.

Han drog fram ei flaska fraa baklumma, sette henne for munnen og drakk, stakk henne so i lumma igjen.

Han geispa. Det vart lenge aa venta dette her.

Den som kunde ha fenge smett seg ned under dyna til Sigvor, — ein halv times tid, um ikkje meir.

Snaal gjenta! Ho maatte visst ha lagt seg, for han hadde ikkje set henne i kveld. Hadde han visst kvar ho laag!

Aa tøv med deg, Julius Blom, elder Pitter Tønnessen, Du er ein stor nok syndar fyrr, og den som ser paa en kvinde for at begjære hende", hja daa.

Han mylte. Pengar jyrst, sidan "vin og piger".

Pitter sat i apallen i fleire timar. Flaska laut fram rett som det var. Sistpaa sat han og vipa paa si grein, som ein fugl i storm.

Han hadde havt so viss ei von um at det maatte kunna laga seg, so han kunde faa verta aaleine med ho mor eit bil ikveld. Men det saag ut til aa verta raadlaust, som det hadde vore. Der sat den gamte knarken hennar, endaa som fyrr, og rødde og saag minst av alt ut til aa vilja gaa og leggja seg. Det vart visst reint av eit horve høve, um han gjekk til sengs fyrr ho vart med.

Nei sjaa der du! Sjaa det gamle svine! Jagu kyste han henne. Sku nokon ha sett maken til gradlus.

Men no gjekk han visst. Det var no helder ikkje det minste for tidlegt. Der for han gjenom døri. Lukka til!

Pitter sat som paa naaler. Han torde ikkje gaa inn fyrr han var sikker paa at hin hadde lagt seg. Det aller tryggaste var vel

aa venta til han var sovna. Men det var ikkje sagt ho mor kunde verta sitjande so lenge, difor var det best aa nytta tidi.

Sjaa der reiste ho seg alt. Han mulla ein eid millom samanbitne tenner og let seg glida ned. No fekk det staa til; no elder aldri.

Ho sette seg ned att, saag han.

Med vare, litt ustøde stig, ok han seg burt aat døri; fekk henne opp, steig inn. Dei tjukke golvteppi tok all ljod burt, so han turvte ikkje frykta for at nokon hørde han naar han gjekk.

Ho mor vart sitjande reint som klumsa, daa ho vart var han. Ho sat berre og stirde, utan aa mæla eit ord.

Han drog næven seinvore opp til hatten, som til helsing,

— Sjaa no endeleg ikkje so forstøkt ut, mor. Eg vil berre helsa paa deg, etter gamalt; og so vilde eg svært gjerne ha nokre kroner, urn det kunde høva so for deg, sa han og saag seg utrygg ikring.

— Er det pengar du gjeng um, so er eg rædd du gjeng i maafaa, svara ho laagt og la saumen ifraa seg.

— Men eg *maa* ha pengar. Eg kan kje liva utan pengar, eg meir enn andre.

Ho sat raadvill ei stund. Herregud kva sku ho gjera! Ho hadde aldri kunne negta

han pengar, endaa ho saag det var gale. Han øydde dei berre ppp i ulivnad. 'Og naar dei so var ende paa, kom han berre att og kravde meir, alltid meir.

Ho *laut* negta; ho vart nøydd til det, paa denne maaten. Dessutan kvar sku *ho* kunna skaffa pengar ifraa. Ho hadde maatta knipe av paa alle kantar, og endaa hjelpte det ikkje. Dei skillingarne ho sjølv kunde raada yver var ikkje so mange.

— Ein vaksen kar burde kunna forsyta seg sjølv, tykkjer eg, sa ho spakt.

Han stod med henderne i broklumma. Han flein litt fyrst. Men so vart han myrkraud i andlite og augo stirde myrke og drukne ut or sine djupe holor. Han steig nærmare, og ein strid tev av sprit stod ifraa han.

— Eg hev havt for kjærleg ei mor eg, til at eg hev kunna lært noko vidare matstræv. Ho hev ikkje vilja sett meg inn i so lite hugsame ting, sa han haadleg.

Det var spit. Ho kjende det. Han gjorde henne urett, som han alltid gjorde. Eit vondt, tungt sinne tok henne.

— Det *eg* vilde læra deg vyrde du aldri. Alt som var meg dyrt ea kjærte trakka du paa. Med det verste herk som fanst heldt du lag. Det var *ditt* folk. *Gaa* til herke, der du høyrer heime. Du hev aust nok skam yver mit ærlege namn.

— Namnet *ditt* kann eg daa visst ikkje ausa skam yver lenger. Ikkje far sitt ein gong. Eg er daud mann. Eg hev inkje med dykkar namn aa gjera. *Du* hev fenge det som du vilde. Men difor tykkjer eg du kunde unna meg nokre skillingar stundom. Det er kje berre moro aa smetta seg fram gjenom verdi med eit laant namn, rædd som ein an-nan ryming. Det er stundom eg f ær hug til aa gjera det kjent for all verdi. Og det skal eg lova deg, at dersom du slær handi av meg for godt, skal eg syta for at folk fær greida paa korleis det heng saman.

Dei spitige ordi dine um *herke* kunde du spara deg. Eg hev aldri røynt anna enn godt av herke. Dei skifte sin siste matbite og sin siste skvett brennevin med meg og hjelpte og rettleidde, so langt dei kunde.

Og det er *meir* enn ein kann segja um deg. Daa du skyna eg korkje var etla til prest elder anna stort, let du meg driva for alle vindar. Og daa so bladi kom med melding um at eg var avliden, hadde du vel den gladaste stund du endaa hev livt. Er det kje so?

Men ein skal aldri gleda seg for tidleg. Du tok gleda litt for snart du, den gongen. Eg fann paa aa livna uppatt, ser du.

Det kosta meg fem dollars aa koma med millom dei daude; men eg let med gleda

mine fem dollars gaa, for eg hadde god grunn til aa koma meg ut av tilvære ei stund, so mykje eg kunde faa smetta meg beinheil heim att.

Ho mor sat og seig meir og meir hjelpelaust saman i stolen sin. Ho stunde høgt av pine.

— Gaa, *gaa*, bad ho. — Kvi piner du meg lenger? Pengar fær du ikkje hjaa meg; aldri. Eg hev inkje!

— Gjev meg dei du hev, so gjeng eg, svara han heilt rolggt. Det er vandt um eg kjem att meir. Ser du ein gong til i bladi at eg er daud, so kann du vera trygg; eg uroar deg ikkje meir daa.

Han gjek nærmare; einstirde paa henne. Det var som um han lykte mun i aa pina henne so mykje som raad var.

—Det ser ut til at du hev hev ei ny utgaava i vente, kaldlo han. Ja ja. Det kann sanneleg turvast. Fyrste utgaava duger ikkje. Hev aldri dugt helder.

Elder sjaa paa meg! Tykkjer du ikkje fyrste bind er ringt? Ein bundel skitne blad, fulle av prenteveilor, lasne og slitne, so dei snaudt heng i hop lenger.

Men er du heppen med prenting og alt, kann andre bind verta likare. Den dag kann endaa koma daa du fær ein son som vert bisp, um ikkje eg vart det. Ja ja; lukka til, mor.

Ho reiste seg, bleik av harme. Fram or ei skrivebordskuffa tok ho nokre pengar og la framfor han paa borde.

— Her er alle dei pengar eg eig, og dette vert dei siste du fær hjaa meg.

Eg hev gjort alt eg hev kunna for deg. Men ingen ting nyttar. Du er og vert ei skamløysa, som eg ikkje vil ha noko meir med aa gjera.

Fær eg so vera i fred?

Ho skalv yver heile kroppen, og ordi dirra av graat og harme.

— Der ser du døri, sa ho.

So sløkte ho ljose og gjekk ifraa han. Men uppøst som ho var, gløymde ho aa ta lykilen til skrivebordskuffa med seg. Tenkte vel helder ikkje at han kunde vera nokon tjuv.

Eit bil stod han reint som ovandotten. Det vart slik ein sniplek skilnad. Men um litt raadde han med seg att. Han sjegla ned paa pengarne. som han endaa heldt i handi,

— Han unner daa liv, den som Ute gjev, knurrra han; men jagu vert det lite aa halda hus med, dette her. Ingi onnor raad med det. Det ein ikkje kan faa med godom, fær ein taka sjølv.

Stillt som ein katt føta han seg burt aat skriveborde; stod litt og lydde, drog so fram skuffa.

Det kunde hetida der var meir i den skuffa, den som saag etter.

Han rota ikring litt, so drog han fram ei pengebok, som han stak til seg.

Han var alt paa veg ut att. Daa let der taslande stig fraa siderorne. Han vilde leggja paa sprang; men fyrr han hadde teke tvo stig vart døri opna og Teodor Aas stod paa dørstokken i berre underklædi. Gjennom halvmyrkre skimta han den kvite skjorta hans, og han hørde dei taslande stigi av filtskorne yver golvteppi.

Det var kje tenkjande paa flugt lenger. Snøgg som ein vind for han aat trøyelumma med handi, og ein augneblink etter skar ein ljøsblenk gjennom rome og eit skot braka laust. Der let ei døyvd stynjing og det dunka mot teppi av noko som fall.

Pitter slengde revolveren og la paa sprang.

I tri stig var han ute i hagen, og um ei liti stund sat han væl løynd i ein tett skogkruil ovani faiisi. Han kjende seg trygg der, for det fyrste.

Kvinnfolki vilde snaudt ha tankarne so mykje samla, at dei fekk nokon til aa setja etter han, fyrr dagen kom, og til des maatte han vel hitta paa ei raad, so dei aldri fekk tak i han meir.

Den sterke spaning han hadde vore i, seig av han noko med kvart, og han kjende

seg reint sjuk. Han bibra yver all kroppen, som i frostrider.

Uff, for ein vesall fyr han var!

Ingen ting tolde han, og ingeu ting kunde han gjera utan han var full. Og full vart han so snart han smakte noko sterkt — mest kor lite det var.

Hadde han endaa havt mod og folkeskikk nok til aa setja seg ei kula gjennom kroppen; men det hadde han ikkje. Han var ein stakkar i alle maatar.

Han tok fram pengeboki. Best aa sjaa um der var noko i henne.

Tenk um ho var tom! Elder full av rekingar og kvitteringar! Daa kunde han gaa paa sjøen med same.

Fingrane dirra av spaning medan han løyste henne upp. Eit kvitt papir datt utør. Han ansa det ikkje. Grov berre som ein galen i alle smottor og gylve han saag ; men aldri eit øre var aa finna,

Det gjekk baade kaldt og varmt igjennom han, Sispaa sat han reint som klumsa ; stir-de berre tomt ut i lufti.

Han saag etter endaa ein gong, og daa maate han storskratta aat seg sjølv; for han hadde vore so uppøst fyrste gongen, at han hadde ikkje lagt merke til at der var eit serskilt rom for pengarne.

Og no drog han fram den eine setelen

gildare enn den andre. Han talde dei etter kvart han la dei inn i boki att.

Tenk fem hundrad kroner! Han hadde vore storheppen. Ja no vilde han Hva ei stund. Naar pengarne var ende paa kunde dei ta han, dersom der var noko att av han daa. Han lekk ta foten fat og koma seg inn til byen fyrr det vart dag; var han fyrst der, sku han alltid smetta seg av seinare. — Koma seg ut av lande var vel de tryggaste.

Ned paa Aas var der ljøs, saag han. Dei hadde vel vorte skræmde av skote.

Tru han kunne ha drepe mannen ? Det var uvilja verk um so var. Han hadde ikkje sikta paa han ein gong. Men skræmt han hadde han vilja.

Han drog fram flaska si og drak til ho var tom. Det brann som eld ned for bringa. Han munde ha gjort det for sterkt. Men han kjende seg oppfriska av det og tok i veg paa nytt. Han la vegen fram gjennom tjukkaste skogholti. Der var tryggaste der. Men han var aldri lenger ifraa bygdevegen enn at han kunde sjaa han ender og daa

Det tok alt til aa ljøsna so smaatt. Det gjaldt um aa koma snøgt frarn. Han maatte vera or bygdi fyrr folk var uppe.

Doggvaate greiner slo imot andlite. Klungergreiner hogg seg fast i klædi og freista halda att. Han ansa ingen ting. Berre dreiv

paa og gjekk forare og forare, og der det let seg gjera sprang han.

Men han vart meir og meir underleg, di lenger det leid. Knei vart so valne og magt-lause. Dei vilde mest ikkje bera han lenger. Viljen valna meir og meir burt. Han kunde ikkje halda tankarne skikkeleg samla lenger. Dei sovna av og døydde burt som i ei graa tett skodda.

Berre ein einaste tanke laag liksom og vakte, lang inne ein stad: — Driv paa, driv paa! Legg deg ikkje fyre her, so kven som helst kann knipa deg sovande.

Han naukra seg fram eit stykke til paa svigtande føter. Stundom paa fire. Fram laut han. Men meir og meir snøflande og ujamne vart stigi, og meir og meir vonlaust vart det. Det gjekk reint paa eit raam.

Han hadde drøymt stundom, at der var fæle dyr etter han som vilde gløypa han ; men naar han vilde ryma undan, so kunde han ikkje røra ein lim.

Det var mest slik no og, skilnaden var berre den at det var kje draum leuger, og dyrehamarne var vortne til menneskje, som tyrsta etter hemn.

Hø ! Var dei der alt ?

Han gjorde eit byks, datt og reiste seg ikkje upp att. Han sansa ikkje meir. Heile verdi vart burte for han.

Der maatte ha vore for lite vatn i spriten.

VII.

Fru Inger hadde stogga paa kjøken ein grand. Ho trong koma seg att i lag fyrr ho la seg. Teodor maatte ikkje skyna noko. Men kom ho inn i eit slikt vere som no ho var, vilde han lett kunna verta var eit kvart og spyrja.

Nei han sku ikkje lida med i den vannlagnaden ho matte stridast med. Den fekk ho bera sjølv. Ho tykte det vilde vera stygt av henne, um ho let han vita det no. Ho visste kor vyrk han var for henne og kor med han vart for den minste ting, han trudde gjekk henne imot. Men fekk han no vita at denne forkomne son hennar livde, vilde det koma til aa valda honom ei pina, som ho vilde gjera alt ho kunde til aa spara han for. Og stygt vilde det vera av henne um ho ikkje det gjorde. Ho var han stor takk skuldug; ja ho kunde aldri fulltakka han fordi han hadde teke seg av henne, verjelause usæle' kvinna og gjort henne til det sælaste menneskje under soli. Men det vilde vera ein klen maate aa syna si takksemnd imot han

paa, aa føra vannhugnad og møda inn i huse.

Nei, ho vilde freista, so godt ho kunde, aa halda alle sorger langt ifraa han.

Det vilde kanskje helder ikkje verta so lenge fyrr ho vart fri denne tunge løyndomen sin.

Han hadde sjølv sagt det og, stakkars gut. Han saag so sjuk og nedfyrekomen ut, at han kunde visst ikkje liva lenge. Ho hadde so vondt, aa so hjartans vondt av han. Men kva i himlens namn sku ho gjera, Her kom han og kravde pengar, — jamnare og jarnnare. Og di meir han fekk, di meir sumla han burt. Slikt kunde ikkje gaa lenger. Det var berre til aa styrkja han i ulikindskapen.

Det small. Det gjekk henne som isvatu gjenom holde. Ho vilde springa aat døri, men magta det ikkje. Ho sat som nomi, — stokki i stein.

— Gud hjelpe, Gud trøyste meg. Han gjorde visst ei ulukka paa seg, jamra ho.

Sigvor kom. Kvit. Forskræmd. — Kva er det! Kvar er far ?

Fru Inger reiste seg med eit rykk so hardt at stolen valt yver ende.

—Ja, kvi kjem han ikkje? Kvar er han?

Ein ny tanke tok henne, med slik ei fælsleg magt at ho lite visste til seg.

Ho reiv upp døri till soverome. Sigvor kom etter med ljós. Sengi stod tom.

Ør av otte treiv .ho jose fraa Sigvor og sprang aat daglegstova. Og der møtte dei eit syn, so uhuglegt, at dei vart staaande rnaallause- av ræddsla.

Fram gruve paa golve laag han far, bleik som ein naae. Or eit saar i sida tipla blode og farga skjorta raud, og ned paa golve stod det i ein dipel.

Ho mor uvita. Sigvor laut ta ljose fra henne og stydja henne burt i ein. putebenk. So sprang ho etter vatn og auste paa skallen hennar.

— Aa herre gud, aa nei, aa nei, ingen ting skal eg sparast for. Han er død og mi er skuldi, jamra ho, daa ho sistpaa kom til seg sjølv att.

Sigvor freista trøysta henne, so godt ho kunde, men ho var sjølv so yverteki av graat at det lite vilde nytta.

Men ho skyna at eit kvart laut gjerast, Ho tok till aa stella med far sin. La han soleis at saare snudde upp.. Det stogga blødinga litt. So lydde ho etter om.hjarta slo. Ho hørde det men det lyddest so veikt og ujamnt.

Det gav henne likevel, meir mod.

— Dersom du kunde hjelpe meg litt mor, so me kunde faa saare fatla og faa han

iseng, so varoherokanskje'endaaobergings von, sa ho.

Daa var det som ho mor raadde skikkeleg utor.

Ho fann fram reine linklutar, og ho gjekk etter vatn til aa vaska saare med. So vaska dei det og batt det til som bcst de kunde:

Tenestgjenta vart send etter doktaren, og daa han kom, hadde dei alt fenge han far til sengs, og Sigvor og Inger sattog vakte yver han

Doktaren spurde fyrst um eit og anna, so tok han til aa stella med saare.

Han' riste paa hovude. Der maatte operasjon til. Kula sat so djupt inne. Vandt um han stod det.

*

Det leid fram imot middag. Sigvor sku ned til kjerangi i Svilanestræ eit erend. Dei trong eit menneskje til aa hjelpe til i huse no, baade med vaking og anna. Dei trudde mest kjæringi i Svilandstræ maatte vera aa faa. No sku Sigvor ned aa høyra um kunde lata seg.

Ho gjekk og tenkte paa det som hendt var. Det var henne ei gaata det heile. Og di meir ho freista paa aa faa løyising paa denne gata, di floknare vart ho, tykte ho.

Ho skyna det ikkje.

Ikkje kunde han far ha gjort det sjølv, det var ho stød paa, og ikkje visste ho um andre ho kunde tru so stygt til helder.

Nei ho skyna det ikkje, slett ikkje.

Ho var just komi fram til døri, daa let det ei grov beljing innantil stova. Ho stogga litt og lydde, men hørde ikkje meir. So gjekk ho inn.

I kraai bak omnen laag ein halmdott og fram or halmdotten stak eit par mannsføter med eit par skeive styvlar paa. Andlite og bulcn laag løynd i halmen, so ho kunde ikkje sjaa kven det var.

Men so tok han til aa røra paa seg, vende seg imot henne, men gaadde henne ikkje.

Ho vart staaande og nidstira paa dette andlite. Det var sorn ho ikkje kunde tru sine eigne augo. Kunde det vera raad. Kunde dette vera *han!*

Dei augo, kunde dei høyra til eit vitugt mannahovud, blodsprenge og¹ ville som dei saag ut.

Ho drog seg skræmd attende mot døri. Han maatte vera galen.

Men det kunde ikkje vera han. Ho maatte ha set gale. Ho kika endaa ein gong inn gjennom dørglytten.

Han hadde reist seg paa aalbogarne og laag liksom og lydde. Han maatte ha høyrt eit kvart.

Augo stirde villt ut or augneholorne, og i munnvikarne laag der skraud.

— Eg er komen i eit rakkars hol, jatla han.

Røvar, røvar alt ihop! Vekk skal de, vekk!

Han seig ned i halmdotten att og rulla seg upp imot veggen. Han tok til aa gaula og syngja :

— Ja der er piger nok i gamle Norge, de vokser op som græsset om vaar, song han.

Sigvor kom uviljande til aa støyta burt i dørklinka med armen.

Braatt stilna songen av. Han kraup ihop i bole sitt, som vilde han løy na seg. Han rulla med augo, villt som ein vitlaus.

— Er det lensmannen, skreik han. Du fær meg ikkje, — fær meg ikkje, ser du. Eg hev ikkje drepe han. Vilde berre skræma han, ser du.

Pengar! Eig ikkje eit øre. Dei hev stole dei fraa meg, stole dei, hører du ! skreik han og slo i veggen med knytte næven.

Han laag eit bil og stirde burt i kraai. So sette han i med ein stygg laatt.

— Jau, det er pene børn mor jsjprge har, skratte han, Hei gutar, ser de den svarte karen der burt i kraai de ? Han hev horn og klør og ein søt liten hale!

Han slo ifraa seg med baae henderne.

— Nei nei! Vekk med deg. Ikkje endaa, No skal eg ha det lystugt eit bil. No hev eg kroner, ser du. Plenty monny, plenty monny, sa han og slo seg paa baklumma.

Ho mor, det vH segja: Fru Inger paa Aas var prakken, prakken, ser du. Men her var gut, som greidde sine ting korso her. No hev eg peng, peng.

Han drog ei pengebok fram av baklumma. Opna henne, vrenge inn ut. Der var ingen ting i henne.

— Alt hev dei stole, alt, skreik han. So byrja han stridgraata, men etraks etter stor-skratta han.

— Hei du gamle asen der inne, skaffa hit nokre glør, lat meg faa røykja tjuvarne ut, ropa han.

Gamla glytte paa kammersdøri og kika ut. Ho vart var Sigvor. Kom nærmare, heilt ut, stirde paa henne.

— Kva den frøkna for og luska etter so tidleg paa dagen. Um ho hadde noko der aa gjera. Ho kunde passa sine eigne ting og lata andre faa vera i fred ho.

Sigvor vilde svara, men fekk ikkje koma til.

— Den fyllehunden var vel ikkje noko aa glo paa for vaksne folk, som sku ha anna aa tenkja paa.

Svine hadde drukke til han hadde fenge

kveisa, det var det heile. Og no fekk ho vel dragast med han her, til han kom seg att. Men det sku kje Sigvor ta seg noko sut av. Mo hadde greidt seg i so mange føyke fyrr, utan andre si hjelp, og var so tenkt aa gjera no og.

Ho drog seg inn att og klemde døri i etter seg.

Sigvor famla seg ut. Ho gjekk som i ei ørska.

Ut paa dørhella sette ho seg, mest utan aa vita av det. Forunderleg hjelpelaus og liti, samankropi, som søkte ho livd imot uvere, sat ho.

Ho hadde fenge slik skjelte i seg, at ho lite raadde med seg, og hovude verkte som sku det sprengjast.

Herregud, um ho kunde faa graata, graata som ein unge i mors fang!

Men ho hadde graate so mykje dei siste timarne, at taarorne vilde ikkje koma lenger. Augo var turre, som ei utturka kjelda. Det vart berre som døyvde rop fraa eit pint hjarta.

Den som kunde havt einkvan aa tru seg til. Kor det vilde ha letta! Men ho hadde ingen lenger.

Og hans var skuldi, han som laag der inne, Maatte ein ikkje hata han. Det var han som hadde ført ulukka yver henne og

dei alle saman. For ein simpel fyr han var. Og slikt hadde ho gjenge og havt medkjensla med, trutt ho heldt av.

Aa kor stygt han hadde narra henne. Aa kor ho hadde vore styvi, som hadde trutt han. Det var elles so rart det heile, at ho lite visste kva ho anten sku tenkja elder gjera.

Stakkars mor! Kor det maatte vera vondt for henne. Aa so mykje, mykje betre det hadde vore for dei alle, um det hadde vore sannt at han var død.

Braadts reiste ho seg att. Augo glødde og henderne knytte seg. Eit kvart maatte gjerast. Aldri sku det spyrjast at ho mor hadde cin so laak son, og aldri sku det spyrjast at ho sjølv hadde gjenge og trutt paa denne skarven. Han maatte vekk, langt vekk fyrr nokon fekk misstanke til han.

Visst var han verd all den straff han kunde faa; og dersom det no lukkast henne aa faa han undan, so var det slett ikkje fordi han hadde fortent det. Men det var for ho mor si skuld. Ho sku sparast for aa maatta staa for retten og vitna imot sin eigen son, og ho sku sparast for alt det slarv og folkedrøs som slikt vilde føra med seg.

Det han hadde gjort urett imot *henne* sku ho tilgjeva han. Ho hadde visst noko skuld i det sjølv og, — tankelaus som ho hadde vore. Det andre fekk verta ei sak millom han

og Vaarherre. Den straff han hadde fortent, fekk han nok um ingen verdsleg domar fekk tak i han.

Ho vende seg raskt og gjekk rundt stova. Ho maatte ha fat i gamla, men inn att vilde ho ikkje gaa.

Midt for kammersgiase stogga ho og banka paa ruta.

Gamla synte seg straks innanfyre, og Sigvor bad henne koma ut, for ho hadde noko ho endeleg matte faa sagt henne fyrr ho gjekk.

Der kom eit ublidt svar innantil kammerse, det var alt. Sigvor venta ei stund, men der kom ingen ut.

— Mer maa nok sterkare lut til her, tenkte ho, dersom eg skal faa noko nytta av henne.

— Du gjorde vist i aa koma strakst, kviskra ho, men so høgt at ho var viss paa aa verta høyrd.

— Eg hev lite tid, ser du. Kunde alltid faa lensmannen hit her i plassen min; men eg tenkjer du helst vilde tapa paa det bytt, so eg trur helst du kjem, naar du fær tenkt deg um litt.

Det um lensmannen, maatte visst ha gjort gamla rædd, for ut kom ho. Men ho laast vera fælt harm for det same.

Ho kunde ikkje skyna ho, kva slike sneid-ord sku tena til. Var ho ikkje eit ærlegt men-neskje kanskje? Og hadde ho ikkje all sin

dag strævt etter aa gjera kvarmanrrrett. Det var tjuvar og kjeltringspakk ein brfukte lensmannen paa, og ikkje skikkelege bygdefolk, Men vilde ho skikka han hit, kande ho' alltid det, ho hadde inkje med den mannen aa gjer ho.

Gamla gjorde teikn til aa vil ja gaa att, men tenkte seg liksom um og stogga for novi.

Kva var det elles du vilde megj sa ho.

— Det erende eg fraa fyrst av gjekk hit i skal eg segja deg seinare, svara Sigvor.

— Eg hev fenge anna aa tenkja paa, for det fyrste. Vilde du vera so gild aa fortelja meg alt det du veit um denne framandkaren, du hev inne. Det kunde vera forvitnelegt aa høyra, Kann ein marka noko paa alt de han rolsa um, den vesle stundi eg hørde paa han, maa det vera ein hyggjeleg gjest du hev i huse.

Kjeringi stod som ho vilde eta henne med augo.

— Um ho var so taapi, at ho trudde eit ord av det rolse hans. Det var det reine dill og inkje anna, so mykje maatte ho og skyna — ho som hadde gjenge paa skular og alt, og var so krønsk paa det, at ho truga ei stakkars kjering med lensmann so snart ho ikkje var paa flekken med same frøkni ynskte det.

Elles visste ikkje ho noko nemnande um

fyren, det var gudsens sanning det, kvart orde. Ho visste berre at han hadd havt arbeid paa fabriken nokre vikor og at han hadde vore hit her eit par gonger fyrr, saman med han Paal, son.hennar og nokre andre.

I gaakveld hadde Paal vore paa fiske, for han dreiv helst med det no, etter arbeide stogga paa fabriken.

So hadde, han raaka denne stakkaren, paa heimvegen. Han var reint fraa sans og, saming log velte seg i veggrøfti, somein galen.

No er han Paal soleis han, att han vil gjerne hjelpa naar han ser det trengst, og so tok han guten med seg hit, for han tykte det var gale aa lata han liggja ute, som eit anna umælande.

Det alt det eg veit, slutta. gamla og fekk det annsamt med aa koma seg inn att.

Men Sigvor bad henne bida endaa eit bil, for ho vilde gjerne vita meir.

Er Paal reist paa fiske att sidan eg ikkje ser han her nokon stad, spurde ho.

Gamla flein, so byrja ho med ei lang utgreiding um at han hadde lenge vore i tankar um aa ta attende til Amerika. For her i lande var det ikkje anna enn sveltihel for ein stakkars arbeidsmann. No var han faren inn til byen i graalysingi idag. Um han var meint

paa aa fara yver til Amerika med ein gong elder ei, visste ikkje ho so sikkert.

— Det er gudsens sanning det, kvart orde.

— Det vilde vel nytta svært lite aa ljuga og er eg rædd, svara Sigvor. Men eg trur du hev talt sant til dessar, endaa du hev dult paa det meste og vigtugaste.

Eg kunde havt hug til aa høyra deg fortelja um kor Paal hev fenge pengar til Amerikabilletten fraa og, men eg hev lite tid, difor skal eg spare deg for den umaken og i staden fortelja deg, korleis eg trur han hev fenge tak i del.

Fyrst hev denne krypen du hev liggjande inne skamfare han far so det stend um live, so hev han teke alle dei pengar han fann med seg; sidan hev Paal stole dei fraa *han* att og no er han paa veg til Amerika.

Tykkjer du so det er underlegt um eg tenkjer paa aa faa lensmannen hit?

— Men jøsses, korleis er det du snakkar gjenta! Du lyg gjerer du! Eg vil kje snakka eit ord med deg meir, no veit du det.

— Skapa deg endeleg ikkje til noko leis. Du skynar visst, tenkjer eg, at det nyttar ikkje. Alle som kjenner han Paal, veit at han ikkje aatte eit øre sjølv, og korleis han daa, so med ein gong, hev fenge raad til aa fara til Ame-

rika, er visst noko som dei fleste hev vondt lor aa skyna.

Kjeringi var kje fullt so kjepphøg lenger. Ho skyna nok at det kunde vera faarlegt um lensmannen vart henta, difor svara ho heilt spakt at ho hadde ikkje greida paa kor Paal hadde fenge pengar ifraa. Ho hadde ikkje tenkt noko yver det.

— Det er gudsens sanning det, kvart orde.

Men det var sant, dei hadde berga noko pengar som han galningen inne heldt paa og øydela. Han var so ifraa seg ei stund, at han togg baade femkrunarar og tiekrunarar, og naar det var so gale, so maatte ein kje vera menneskje um ein ikkje berga alt ein berga kunde.

Kor mykje, elder kor lite det var, som soleis vart berga, visste ikkje ho, for det var han Paal som hadde steilt med det.

Det er gudsens sanning det, kvart orde.

— Ja eg skynar eg hev kje missfare meg naar eg trudde her kunde vera bruk for lensmannen her i huse, sa Sigvor. Men det kann vera det same, dersom du kann tegja, og dersom du lovar meg aa bringa denne gjesten du hev inne fram til byen lyrr soli sprett i morgo, so skal eg ikkje ansa det. Men hugsa væl paa at ingen maa vita det, og aldri maa du nemna eit ord um det til noko menneskje.

Den dag det hender, gjeng eg til lensmannen, og daa vert det verst for deg sjølv.

Kjeringi tenkte seg um.

— Tegja kann eg sagta. Men aa faa den galningen inn til byn, det vert verre.

— Naar han ikkje fær meir brennevin, so kjem han seg nok til kvelds, skal du sjaa.

Og er han fyrst komen til sans og samling att, so agtar han seg nok. Mens hels han det, at kjem han meir paa desse kantar, so treng han ikkje venta noko naade lenger.

Det einaste du hev aa gjera, for det fyrste, er aa passa godt paa so ingen fær høyra alt snakke hans, elles gjeng det gale.

Naar det so vert myrkt, kann du ta baa-ten og ro han til by'n.

Dei vart samde um det, og so skildest dei.

VIII.

Det var ein sur, graakald ettermiddag; det ringde og bles og var reint eit hundever. Folk heldt seg innandørs, for det meste. Berre ned i Vaagen saag det ut til at folk ikkje var so vervande, for det var paa den tid eimbaaten var ventande, og daa var der alltid litt meir folksamt enn til vanleg, mest korleis vere var. Mange hadde erend: ein kalveskrott elder ein eplepøk som sku sendast med baaten til byen, andre sku ta imot eit elder anna dei venta fraa byen, men mange hadde ikkje anna til erend: dei vilde berre glana og faa tidi til aa gaa.

I dag var Per Bøen og ute og gjekk. Han kom stigande med ei surmjølkspann, som handlareu sku ha. Han vilde just gaa inn paa budi daa han vart var jfein plakat, som stod paa krambudveggen, gjekk so burtaat vilde lesa, men steig imist og trilla rundt som ei svimeslegi høna.

I det same kom ein tjukkvakxen kar med fipskjegg og skaftestyvlar ut av krambudi.

— Au, der miste du for 5 øre i mjølk Per, sa han og lo.

Åa nei, so gale var det daa ikkje helder, meinte Per, han kravla seg upp att og strauk bose av hatt og trøya, medan han alt i eit skjegla burt paa plakaten. Der stod:

„*Tvangsauktion.*

Den 30. d. m. blir paa forlangende tvangsauktion at avholde paa og over gaard Sviland med paastaaende huse —"

Per las ikkje meir. Han kjende til det fyrr.

— Men — æ — Han vende seg til mannen med fipskjegge og skaftestyvlarne. Ja um lensmannen trudde det var naudsynlegt med all denne plakatuppsetjingi kring veggjer og grindstolpar ? Det maatte vel vera godt nok og lovlegt nok naar auksjonen vart kunngjord fraa kyrkjebakken paa vanleg maate. Naar det vart kjent baade vidt og breidt, so kunde det vilja dra allslags ^vederheftige spekulantara" til auktionen; um no ein slik fekk tilslage, so vilde der berre verta pengespilla og møda av, og han for sin part hadde havt nok av baade det eine og det andre. Det vilde oftast verta takki ein fekk for at ein sku vera god i seg og tykkja synd i folk det, hadde han set.

— Åa ja, du hev havt det med åa tapa, du Per. Det syner paa bankboki di det, flein lensmannen.

Jau, han trudde det var naudsynlegt med plakatuppsetjing. Folk gjekk ikkje til kyrkje lenger og blad las dei ikkje helder, so han visste ikkje noko betre maate åa gjera det paa. Og at der vart kjøparar nok auksjonsdagen var vel berre godt, vilde han tru, — utan so sku vera at kreditor sjølv sku vera meint paa åa kjøpa — for billeg pris, la han til med ein lur smil i augo.

Per sa kje meir. Han tok spanne og stabba inn paa krambudi. Men lensmannen rusla vidare og sette upp plakatar der det kunde høva.

Ned paa Svilandsnaustveggjen sette han ein.

Svale saag han fraa nyestoveglase, der han sat og rota i nokre gamle papir. Han fann ikkje det han leitte etter; berre pantebreve, det forterande pantebreve laag og ruvde og gjorde seg breidt. Det same korleis han snudde papirbundelen so kom det fremst. So tok han det og las det ein gong til:

„*Pantobligation.*

Underskrevne Anne O. Sviland, erkjender herved at være bleven Peder I. Bøen skyldig den sum kr. 5000 — fem tusinde kroner — som jeg forpligter mig at betale i guld efter 3 — tre — maaneders opsigelse fra en av siderne idet den skyldige kapital imidlertid

forrentes med 5 prosent aarlig hvilken rente ukrævet erlægges til kreditor halvaarlig, nemlig hvert aars 15. juni og 15. december, iørste gang den 15. december d. aar.

Hvis renterne ikke prompte betales, svares 5 — fem — prosent rentesrenter fra sammes forialdstid.

Til sikkerhed for skadesløs betaling ai kapital, renter og mulige omkostninger, pantsættes herved med prioritet op oprinsret næstefter:.....den mig tilhørende eien dom matr.no,.....samt paastaaende og opførendes bygninger og disses mur og nagelfaste indretninger, hvoriblandt kakkelovne og komfyrer, samt i tilfælde af ildsvaade bygningernes asurancesum, til og underliggende herligheder af ethvert slags og forøvrigt alt eiendommen nu og fremtidigen tilhørende.

Saafremt renterne ikke erlægges i rette tid, er den hele gjæld, om kreditor ønsker det, at anse som forfalden til betaling,

Det samme gjælder, hvis pantet ikke uforringet vedligeholdes, eller om brandforsikring af nogen del af de paastaaende huse ophører, eller hvis nogen fordring i pantet, med prioritet foran nærværende obligation misligholdes, saa der afholdes eller gjentagende tillyses tvangsauktion over pantet eller nogen del deraf.

Skal kreditor efter nærværende obligation

inndrive sit tilgodehavende, er han berettiget til ikke blot at holde sig til mig og til pantets senere eiere, men ogsaa til, uden lore-gaaende lovmaal og dom samt uden hinder af løsningsret, som herved fraskrives, at realisere pantet ved auktion".

Svale braut tvert av, slengde pantebreve i golve og trakka paa det. Jau Per Bøen visste nok, med god manns hjelp, korleis det sku vera, den tverdri faren, den stuten — den — den —

Med eit slikt fille papir i neven, maata stort til aa turka seg bak med, kom han og dreiv folk baade fraa hus og heim. Og han kunde gjera det med rolegt samvit, for han hadde sine papir i orden og øvrigheta og kvar mann med seg. Fint stell! Berre dumt at han hadde halde paa aa betalt so lenge. Den reine galskap var det. Det var noko han hadde skyna heile tidi at det vilde koma til aa enda paa denne maaten ; men han hadde havt vondt av besta, stakar, han hadde so mang ein gong skyna at ho kveid seg med aa flytta der ifraa. Sjølv hadde han vel og vore alt for heimkjær.

Han plukka papiri saman att og grytte dei ned i bordskuffa der dei laag fyrr, so tok han byrsa ned av veggen og gjekk ut. I kjø-ken stod ein ryggsekk fyllt med nista. Den tok han paa ryggen; so la han i veg.

Han vilde til fjells paa veiding nokre dagar. No var han fri. Han hadde lenge nok træla til faanyttes. No var det slutt. Aa, det sku smaka aa faa vera sin eigen herre fullt og heilt, utan noko pengesorger og plikter; berre seg sjølv aa syta for. Ja, for han hadde vore som i trældom alle desse aari; træl under Per Bøen hadde han vore. Han kjende seg i elt reint framifraa lynde til aa drepa i: Frøsa svarte drepane hagl gjenom kvite dunmjuke rjupebringor, so fjør fall og blod draup i haustbrun lyng elder blaakvit glitrande nysnjo.

Det rignde og bles endaa, men Svale ansa ikkje stort paa det.

Vere tok ikkje so hardt helder, so lenge han var nede i lidi. Men smaatt um senn la han skogen attum seg, barskogen med sine løynde krær og surlande bekkjer millom krøkte røter, tussegraa stein og vaatt lavande ormegras, med storm ylande yver, med plystring i nov og nabb, døyvd sukking i bar og svagande toppar og regn droplande, tungt. Med svivande skuggar millom stomn og stuv og knestande ljod og tassande stig, rædd rymande skogfugl elder hastande hareføter gjenom vaatt lyng og bleike myrsike, der porsen anga millom tuvorne.

Stundom greip han etter byrsa, men tenkte seg liksom um og let henne vera, dreiv berre

paa og gjekk. Til slutt var han komen upr) der dei siste smaa bjørkekrøklorne stod og streid for live med røter djupt i den magre grunnen, og hardt, sjukt lauv i dei pjuskne krunorne.

Han stogga litt, turka sveitten og saag attende ned yver grendi som tyktest han kald og trong under den graa regnhimlen, og skogen der han hadde fare laag myrk og løyn-domsfull isprengd med ljose flekkjer her og der av ungbjørk og hegg. Men ovanum stengde skodda alt utsyn, berre dei nærmaste hamrar og bergveggjer steig i uklaare former fram under skoddehetta.

Ein hauk siglde paa late vengjer ut or skodda. — Aahaa, ein Uten Per Bøen, tenkte han. Byrsa aat auga, fingen paa avtrekkjaren. No var han maata nær. Skote braka laust med ein gnell atterljom fraa nærmaste fjellveggen. Svale lo høgt med seg sjølv; — Der fekk du, Per farr! sa han, tok den skotne fuglen og gjekk vidare.

Han hadda endaa eit godt stykke att fyrr han naadde sætri, der han var tenkt aa slaa seg til ro med natti, og myrkt i vere som det var, tok det snart til aa skymast, so det galdt um aa driva paa. Men alt som han gjekk, seig han meir og mftr av i tankar: Kva sku han i grunnen ta seg til med no heretter? Eitkvart fura'n maatte han vel ha aa liva av,

han og; men ein slik som han, som ingenting hadde lært, vart det vel ikkje so feitt for. Han hadde elles aldri havt det sers feitt, so han var kje utskjemd soleis. Fanken han syte. Ei leis vart det vel sagta. Han hadde hus og heim til dess auksjonen var yver, sidan fekk det skura som det kunde.

Sæterbudi glytte fram or skodda rett framfor han. Han risste alle tunge tankar av seg. Her vilde han slaa seg til ro nokre dagar, so kunde hitt folke staaka som dei lysste.

IX.

Inn i byen gjekk Ester Berg og drøymde um framtidi.

Dei gamle venerne sine brydde ho seg ikkje um lenger. Ho søkte einsemdi med tankarne sine og arbeide sitt.

Der var komen slik arbeidshug i henne, at ho lite unte seg ro noko tid. Herregud, her hadde ho gjenge og dabba all sin dag og ingen ting fenge gjort, som var reknande for noko.

Ho hadde vore glad i arbeide fyrr og, men ikkje paa denne maaten.

Ho antrast ikkje med adjunkten lenger. Han hadde rett, ho hadde urett — i sumt, so kunde dei likso godt halda fred med einannan.

I sumarkvildi vilde dei til Sviland att. Ho hadde helst vilja reist aaleine; men naar han vilde dit og, so fekk ho vel finna seg i det. Han gjorde visst ikkje noko leidt med det, stakars gamle stratten.

Men Svale vilde ho ha for seg sjølv. Adjunkten kunde halda seg til besta, han. Dei som unge var, fekk vera for seg, og dei som

var gamle, fekk vera for seg. Slikt var berre rimelegt.

Ho hadde so mykje ho vilde snakka med han um. So mykje ho vilde fortelja, at der ingen ende var paa det. Ho trong læra so mykje. Ho var visst fælt dum i mange ting som ei bondekona trong um aa vita. Ho var det. Men ho sku læra. Aa kor ho sku læra! Ho var kje tungnem. Og Svale sku aldri faa grunn til aa trega paa at han hadde teke henne, og ikkje ei vanleg bondegjenta.

Ho var alt teki til. Ho hadde laga seg ny nasjonalbunad. Ho hadde ikkje havt nemnande til hjelp med det helder.

Ho var stolt av bunaden sin. Ho vilde syna han fram. Gaa i han. Fortelja um alt arbeide ho hadde havt med han fyrr han vart ferdug. So vilde Svale visst skyna paa det og sjaa at ho hadde ein god vilje, og ikkje so verst til neme helder. For bunaden var ulasteleg han, det hadde dei sagt, fleire som hadde skyn paa slike ting.

Ja, ho vilde leggja seg ut um aa læra til gangs, alt det som ei bondekona trong um aa kunna. Ho vilde vera um seg paa alle kantar. Aa, kor ho sku ha augo og øyro med seg. Ho sku smaamjølka dei for alt det dei kunde, lura ifraa dei det eine knipe etter det andre, dei gode bondekonorne!

Gamlebesta sku til fyrst. Svale kunde

visst og hjelpa henne til aa faa rette handetamen med mangt. Det vart visst stridt aa læra alt; men det sku nok gaa.

Ho sytte ikkje,

Dei sku nok faa det gildt. Ut for stova sku dei planta bærtre og apalar, og ein liten blomehage sku der og vera. Attmed veggen sku staa ein benk. Naar dei so sat der, trøytt og gode etter vælgjort arbeid, og apalarne var kvite i kruna av blommar og fuglarne kvitra og verdi var blid, so sku det verta hugsamt.

Ja, og so sku dei brjota stein og rydja aaker, saa og planta. Sviland sku verta li-kaste garden i bygdi, Ikkje det minste grand jord sku liggja unytta.

Ho saag det so klaart i tankarne alt saman. Og hugsynerne opna seg, vidare og vidare. Ho saag seg som ung kona paa Sviland. Det er vaar. Ho og Svale er paa nybrote. Han grev stein or jordi og ho san-kar saman, — dei minste.

No raakar han ein stor knabb. Han raar kje med han aaleine. So tingar han med henne um hjelp. Men ho lest vera kaut. Vil ikkje.

Han freistar upp att, og steinen ruggar paa seg litt.

Daa vert ho rædd han skal greida han lei.

— Eg lyt vel hjelpa deg korso, arme makken, seg j er ho.

— Du lyt nok det, lær han godsleg.

So hjelpest dei aat til steinen lyt gjeva seg

Det eitnar av vaat jord og vaarsoli steikjer so varmt att i bakken. Dei er varme og late.

— Spring inn etter guten, segjer han, lat han faa sjaa kor flinke me er.

— Han som er so liten ? Han er kje døypt endaa! Han skynar ikkje slikt han, kann du vita.

— Aa, for det so. — Han er klok. Lik mori, segjer han og smiler so løynsk.

— Men han er ilskefull og, og det hev han fraa faren, svarar ho kjapt.

Han set seg paa ein stein og grundar litt daa.

So segjer han:

— Kva skal han heita?

— Kva trur du ? Gissa !

— Mass, gissar han.

— Du daa!

— Vinc ?

— Nei.

— Sjovat?

— Du kann no faa tru det.

Han gjev upp.

— Eg greider nok ikkje dette, segjer han og ser fælt fortenkt ut.

— Aa, men du er dum ertar ho. Kann

kje du som er so stor skyna at odelsguten skal heita etter far din ?

Han morskar seg og grip etter henne, men han er kje det tære vond. Dessutan fær han ikkje tak i henne helder.

So kjem besta ut og ropar.

— Ho lyt koma heim, segjer besta, for vesleguten er vakna. Han ligg og skrik.

Slike hugsyner tok henne stundom so heilt med, at ho i hugsløysa mest stakk seg forderva med naali, eller sydde so gale, at ho laut spretta det upp att.

Slikt kunde vera harmeleg ofte. Men ho laut læ aat det korso og undrast paa um ho var heilt vitug.

X.

Det hadde vore stuslegt paa Aas dei siste tvotri dagarne. Kula hadde vore lettare aa faa ut, enn doktaren fraa fyrst av hadde tenkt, og det synte seg at saare helder ikkje var so faarlegt, naar det vart stelt paa rette maaten.

Men den sjuke var snaudt attkjennande. Han mælte ikkje eit ord, anten til kona elder Sigvor. Mat smaka han ikkje. Han laag berre og snudde seg til veggen, og vilde helst sleppa aa sjaa nokon av dei.

Stundom stunde han høgt som i den verste pina.

Kvinnfolki gjekk der bleike og mest ende paa av vaking og sut. Mathugen var det smaatt med og arbeide endaa minder. Dei stunda seg mest iorderva etter eit smil ifraa han elder eit venlegt ord, men tagall som ein stein og myrk som eit uver laag han der dag etter dag og aldri laast sjaa dei. Saare let han tenestgjenta stella med, naar det trong vølast.

Den einaste trøysti dei hadde, var at han kom seg litt um senn. Med det laut dei slaa

seg til tols so lenge. Dei nøydde einannan til aa eta og truga einannan til aa sova, naar det vart for mykje lenge millom kvar gong. Sigvor hadde fortalt med mor si kva som hendt var ned i Svilandstræ. Ho hadde fortalt um truloving og alt ifraa fyrst til sist.

Ho hadde yvt seg med det i fyrstningi, for ho visste ikkje korleis ho mor vilde ta det, men so hadde ho teke mod til seg og gjort

det likevel.

Ho mor hadde ikkje svara noko vidare paa det. Ho hadde berre med graat falle henne um halsen, og sagt, at ho burde takka vaar-herre, fordi han i tidar hadde synt henne at ho hadde gjort eit stort misstak.

Endeleg ein dag kom der bod med tausi m i kjøken til dei at han vilde snakka med dei. Det var sekste dagen etter han lagdest det. No var han uppe smaa stunder, og mat tok han til seg, paa den tid maten var fyre, han som andre folk. Men ikkje eit ord hadde han endaa sagt, anten til kona elder dotter, dei siste seks dagarne. Dei kunde ikkje vita so nett kva han var so fortroten for, men dei tenkte so ymist baae tvo.

Daa dei kom inn, sat han i ein ruggestol attmed sengi. Han var bleik og noko magrare enn vanlegt. Lipporne hadde han knipe fast ihoo, som var det noko han hadde sett seg fyre, fast og urikkelegt. Henderne

hadde han hekta i hop framfor seg og let tumarne leika kring ehiannan.

Han laag attyver i stolen, med augo halvt attletne. Yver andlite laag eit hardt kaldt drag, som gav det elles so blide andlite noko framandt og ukjennelegt.

Han saag upp litt, liksom ransakande. Sigvor mest dansa burtyver golve imot

han.

— Aa far, me er so glade fordi du vert frisk att. Det hev vore slik ei vond tid, baade for mor og meg og oss alle saman.

Er du mykje vesal endaa? Fær me deg kje snart inn i stova til os? og ut i hagen? Det er so fint ver no.

Sigvor var so full av spursmaal og paahitt, at Inger fekk ikkje sagt noko. Ho stod berre og saag fraa den eine til den andre.

Dette rolege steinharde andlite aat mannen gjorde henne rædd.

Sigvor tok og til aa undrast daa han ikkje svara paa noko av det ho spurde um. Ho saag betre paa han. Forunderleg kald og likesæl sat han og stirde, medan der drog nokre harde rykk yver andlite ender og gong.

Ho visste aldri av at ho hadde set far sin soleis fyrr. Trudde halvveges det var sjukdomen som var i ferd med aa ta yverhand att.

— Kann me hjelpa deg med noko, spurde ho.

Kjenner du deg ringare kanskje, og vil til sengs att?

Han sukka so djupt og saart.

Det var tungt dette her. Men det laut so vera. No sku det segjast. Han evla kje sjaa henne lenger. Ho kunde reisa kvar ho vilde naar han berre slap sjaa henne.

Kula og saare var ingen ting, imot alle desse tankarne han hadde maatta antrast med desse døgri. Han jaga dei vekk, gong paa gong. Men dei kom att, sterkare med kvart. Sette seg fast, urikkelegt.

Der kunde ikkje onnor løysing vera paa det.

Kva sku han elles vilja, denne framand-karen?

Midt paa natti, naar ingen andre enn *ho* var uppe, naar alle dei andre i huse sov, snikte han seg hit her.

Vilde raaka henne. Og *ho!* ja ho sat uppe og venta. Tykte vel det sku so vera.

Som ei tærande sott laag det og verkte i hugen hans, dette at ho som han hadde trutt so væl um, halde for den gjævaste kvinna han visste um, berre var ei vanleg teva. Hadde møte med andre, fyrst ho trudde ingen visste det, — og det endaatil i hans eige hus.

I febertunge draumar hadde han livt det upp att alt det som hendt var den kvelden.

I dei lange svevnlause netterne saag han

det so greidt for seg: Ein framandkar som sat og kjæla for kona hans. Og ho mælte ikkje imot. Ho vilde det. Og so snart dei trudde seg opendaga av han, kvidde dei seg ikkje ein augneblink med aa ta live av han. Det hadde mislukkast den gongen, men no sku det vera slut), likevel. Han sku korkje bruka kula elder kniv, men endaa stella det det slik at ikkje han sku vera dei i vegen.

Han reiste seg litt i stolen.

— Eg hev ikkje mange ord aa segja. Trengst vel helder ikkje, etter det som hendt er: Eg vil berre segja at det var keidsamt for deg Inger, at den fine bélaren din ikkje var vishøvdare den gongen. Hadde han det vore, so kunde du no vore enkja andre gongen. Men sidan det gjekk so vrangt for dykk, skal eg hjelpa dykk eit stykke paa veg.

Eg vil ikkje vita av deg meir. Vil ikkje sjaa deg for mine augo. Reis kor du vil, men kom aldri hit meir. Fraa no er me skilde, So mykje pengar at du paa simpel vis kan liva skal du faa, men meir vil eg ikkje ha med deg aa gjera. Noko offentlegt skilsmaal bryr eg meg ikkje um aa forlysta verdi med.

Der let eit haast skrik og Inger seig i uvit. Veik som ho var, tolde ho ikkje alt dette,

Sigvor sprang skrærnd etter vatn, men far hennar let seg trøytt siga attyver i ruggestolen.

— Som ein reider fær ein liggja, murra han.

Det varde ikkje so svært lenge fyrr Inger kom seg so fjerre at ho kunde fortelja han korleis det heile hadde seg.

Sigvor fortalde og det ho visste.

Han sat fjetra og lydde paa. Den kalde yta var som stroki av han med ein gong.

— Kann du tilgi meg for dei stygge tankarne eg hyste um deg, sa han sistpaa laagt og stillt.

Eg saag ingi onnor løysing paa det. Pen-garne kom eg slett ikkje i hug.

Ho gret stillt og lenge. Let sitt forpinte hjarta faa letta seg. Han let henne graata ut.

— Stakkars Inger, mulla han halvt for seg sjølv. Tenk at han liver endaa. Og dette hev du aldri vilja sagt meg. Kor det maa ha vore vondt for deg.

Han strauk henne lett yver haare. — Du sku sagt det alt. Eg vilde so gjerne gjort alt eg kunde til aa letta deg alle dine sorger. Og likevel tok du alt pa deg sjølv og vart sjuk for mi skuld. Det var ikkje rett.

Ho saag paa han med taaror i augo.

— Du hev alltid vore so god imot meg og til takk plagar eg deg berre! klaga ho. Men eg tok i miss, syrgjeleg i miss tok eg. Hadde eg visst, at han livde, hadde eg aldri

gift meg upp att. Og daa eg fekk vita det var det for seint. Daa trudde eg det var ret-taste at ingen fekk vita det.

Men no, du hev tilgjeve meg mine miss-grip, vil eg freista gløyma det som er attum og vera deg ei god kona, um eg so sant berre kann.

Daa dei um ei stund laut hjelpa han iar i seng, tykte han alt at han var so bra, at det ikkje vilde vara mange dagarne fyrr han kunde reisa upp for godt. Og han tenkte slett ikkje paa aa senda kona si fraa seg lenger.

Men daa det leid ut yver natti eit bil vart Inger sjuk. Dei laut henta doktor. Sidan vart nærkona og henta. Det vart gut, men han kom nokre vikor for tidlegt.

XI.

Svale Sviland var paa veg til byen.

Ein stad, der vegen svinga soleis til at han kunde sjaa attande til Sviland og Aas og dei andre gardarne kring Vaagen, hadde han sett seg.

Han vilde ta velliva med heimegrendi si for godt.

Han var ikkje modlaus. Han hadde so viss ei von um at det nok vilde laga seg for han og, endaa det til dessar helst hadde gjenge han imot.

Kven visste!

Dersom lukka var med han, kunde han kanskje koma heim att um nokre aar, so rik at han kunde skyla heile den magre kroppen aat Per Bøen med berre hundrakronesetlar.

Daa sku han sjaa framum til nokon kvar av desse som no trudde dei kunde flira aat han.

Men korleis det enn gjekk; heime kunde han ikkje vera lenger. Det vilde segja paa Sviland, for de hadde Per Bøen teke.

Nokon heim han kunde kalla sin, hadde han ikkje lenger. Men det var kanskje best

aom det var. Han hadde visst vore heime alt for lenge. Der vart so lite tiltak og framferd i ein av aa gaa soleis og tassa hus i millom heime all sin dag. Men han hadde ikkje havt hjarta til aa reisa ifraa besta. Ho hadde alle dagar vore han som ei god mor, difor hadde han tykt det var vondt aa fara ifraa henne og lata henne sitja heime og vantrivast millom framande. Og so var det desse faamutte tankarne han hadde gjenge med og, gjenge og trutt at han kunde greida kvitta heile den fæle skuldi som kvilde paa Sviland.

Giftartankarne hans hadde ikkje vore av aller klokaste slage, dei helder.

No var han gudskelov kvitt baade deri eine og den andre av dei gamle grillorne sine. Han hadde fenge svevnen or augo no. Han saag so velsigna klaart. No sk>na hau korleis det sku takast, baade det eine og det andre.

Ja, han hadde sove hadde han, gjenge og drøymt um gjentor og tull som alle andre faamingar og tykt at verdi var kje so reint verst helder. Det aa liva, var i grunnen moro.

Aa nei, det hadde nok helst vore smaatt med moroi. Men det sku nok verta likare heretter; for no visste han kva verdi var: ein stor lorthaug, der berre dei sterkaste vann hlad seg uppe. Dei veike gjeck til botnar i

lorten, elder vart iheltrakka av dei sterkaste.

Men han var kje tenkt aa lata seg trakka ihel. Han vilde ikkje til botnar helder. For han var sterk. Som ei stor høymaala i feit aaker sku han trivast og breide seg øvst uppe paa lorthaugen. Han sku trakka under seg, krasa alt som kom i vegen.

Det skreik i han av girhug, Dei sku endaa faa høyra gjete SvilandsSvale, som for heimantil med tvo hender tome.

Han vilde inn til byen for det fyrste. Kva han sku ta seg til med, var han ikkje klaar yver endaa. Det eine kunde visst vera like godt som det andre, for den skuld, berre han fekk ta til strakst.

Men det var saarare aa ta veifar med heimegrendi enn han hadde tenkt. Der var so mange minne som stakk seg fram, det eine etter det andre.

Mange av dei var slike som han aldri hugsa paa elles. Dei stod liksom og stirde paa han og spurde: — Skal du fara no ?

So kvarv dei og gav rom for andre, alt medan ein tanke arbeida seg fram i han, ein tvil, ein otte:

Kunde henda han hadda livt det beste og ljosaste av sitt liv her likevel ? For han hadde havt det godt her — i barndomen i minsto. Ja sidan og, stundom.

Og no han sat og saag heimetter til

Sviland og Aas, var der noko so unemneleg saart som laag og sleit ned for bringa og vilde mest kjøva han.

Der saag han bekken som rann ned yver Aasmarkerne, gjorde so ein sving burtum Sviland fyrr han rann i sjøen. Ja den bekken kom han visst til aa minnast so lenge han livde og kor langt burt han kom. Der hadde han havt stem med skip og baatar i — i barndomen. Og *ho* hadde vore med. — Sigvor Aas. Alltid naar det hadde vore paa det gildaste hadde ho vore med.

Endaa ein gong let han syne glida yver dei kjende staderne, yver bøarne, yver hus og heim, yver fjorden innerter mot Vaagen og yver skogen og fjelli, som stod attum bygdi, stille som i tankar. Det var uvisst kva tid han fekk sjaa det att. Men det kjende han der han sat, at um han aldri kom her meir, gløyma heimbygdi si kunde han ikkje, til det hadde ho gjeve han for mykje, baade av godt og vondt. Han hadde elles aldri kunna tenkt seg aa verta burte rett lenge. Lukka kunde vera nærmare enn nokon visste. Men antan ho var nærre, elder langt burte, sjølv vilde han vinna henne. Han vilde ikkje liva paa naade og vera andre takk skuldug lenger. Det han var elder vart vilde han ha seg sjølv og sitt eige arbeid aa takka.

Han var glad han hadde stirdt so langt

Ja, for ein lang og seig strid hadde det vore, dette her. dei siste dagarne meir enn nokon-gong fyrr. Det var striden med seg sjølv. Han hadde vore paa veg til aa gje upp, gong etter gong; for han hadde tykt at sku Sviland korna ifra han, var det den største ulukka som nokon gong kunde raama han. Men aa laana pengar paa nytt nokon stad, hadde han slege fraa seg att. Han hadde skyna, at det ikkje kunde nytta. Han hadde røynt nok av det.

Det einaste han saag berging i var aa gje seg yver til Ester. Ho hadde pengar, kor mykje visste han ikkje, men noko paa veg var det daa visst. Og ho heldt av han, gjekk visst og trudde paa han. Henne kunde han faa, naar det sku vera.

Ho var baade vakker og greid, og for-gjord nok etter henne hadde han vore og, den tid han tykte der var liti von um at han kunde faa henne.

Men det var merkelegt kor det hadde sige av han i det siste. So likesæl var han vorten, at han hadde ikkje idst svara paa eit einaste av brevi ho hadde sendt han. I eit av dei siste, hadde ho spurt um han ikkje kunde skriva, med. di ho aldri fekk eit einaste ord fraa han.

Nei, han heldt nok ikkje av henne, paa rette maaten. Det var slikt som ikkje kunde

vara. Difor hadde og denne striden hans vore so beisk desse siste dagarne.

Han visste han kunde koma ut av alle vandskar, berre han vilde gripa til. Men aa gifta seg berre for pengevinning baud han for mykje imot, endaa gjenta var baade væn og gild. Det hadde likevel fleire gonger vore nær paa at han sku ha late umsyne til pengetrongi ha raadte.

Men no hadde han stridt det yver. Sigvor Aas hadde havt meir raagt yver han enn Ester Berg.

For dersom han ikkje endaa hadde havt von um aa vinna Sigvor, hadde han aldri greidt det.

Han kjende det meir og meir paa seg, at Sigvor maatte det verta. At ho hadde synt han ifraa seg den gongen, skyna han ikkje orsaki til endaa. Daa med same hadde han som rimelegt kunde vera tenkt at det var av di ho ikkje brydde seg um han. Sidan saag han at dette var ein rajig tanke, og no sist han var paa Aas hadde ho bede han um orsaking for det ho hadde gjort den gongen.

— Han maatte ikkje bera illvilje til henne for det, hadde ho sagt.

Av dette og meir slikt nørdest vonerne paa nytt. Den dag kunde endaa koma at Sigvor Aas gav han jaorde.

Han reiste seg og gav seg paa veg att, og i hugen hans kviskra det som ei Unn susing i nysproten bjørkeskog.

— Naar du hev fanga lukka, naar du er vorten rik, gjestar du atter heimbygdi di.

XII.

Ester Berg sat paa rome sitt og stræva med aa lesa eit brev ho hadde fenge.

Breve var ikkje so langt just, men det var slike underlege kraakeføter til bokstavar, at det tok ei heil tid fyrr ho rett kunde skyna kva det sku vera.

Men endeleg kom ho til endes med det likevel.

Ho las det upp att. Det kunde ikkje vera rimelegt. Ho maatte ha lese gale.

— „Da der fra Svilands tidlige eier er indkomet i min besidelse en forespørsel om at bortforpakte mine paastaaende huse paa Sviland til jer i somerforlystelserne at bebo som opholdsted, kan jeg paa bemeldte indløbne advarsel anmelde at jeg derimod intet har at ærindre mod en paselig godtgjørelse underdanigst fra Peder Isaksen Bøen“.

— Per Bøen! Kva hadde ho med han aa gjera daa ? Ho hugsa han sagta att etter den dagen ut paa øyi. Han med det sleiskne andlite.

Men kva hadde han med dette aa gjera daa ? Det var Svale ho hadde skrive til. Dette var ja menn meir enn ho skyna.

Ho las breve endaa ein gong.

— Underdanigst fra Perder Isaksen. —

Tosken, tullebukken.

Ho heldt breve framfor seg og skrattlo. Ho vilde gøyma det, det vilde ho. Det sku setjast i glas og raama til bisn for alle filolo-gar og spraakkumuge,

— Svilands tidlige eier. — Kva kunde han meina med det, tru! Var det ikkje Svale, som aatte Sviland no som fyrr daa?

Ho laut freista faa ei greida paa dette. Ho gjekk inn til adjunkten; — um han kunde vita noko.

Han sat og las i eit blad, men la det ifraa seg att daa ho kom inn.

— Her skal du faa noko aa røyna visdomen din paa gamlen, sa ho og flidde han breve.

— Kann du tyda meg dette, er du visare enn baade eg og kong Salamon, og rektor skal du verta i morgo den dag.

Han las breve. Smilte ørlite.

— Du ser me skal faa bu paa Sviland i „somerforlystelserne“, sa han. Han har „intet derimod at erindre mod en passelig godtgjørelse“

Det er greidt. Kunde ikkje du skyna det, du daa?

Ho mylte litt.

— Du daa. Du kan daa vel vita eg skynar det! Men eg kann *ikkje* skyna kvi Per Bøen skriv og ikkje Svale. Kann du greida den floken, vert du rektor, ikkje utan.

Han saag ned yver brevarke att.

— Underdanigest Peder Isaksen Bøen, las han.

Han glodde. — Hm nei. Nei dette skyna han ikkje han helder.

Ikkje utan so sku vera at Svale hadde seilt Sviland til Per ?

— Ja men; — nei det kunde ikkje vera rimelegt lei.

— Jau, han hugsar det no. Han hadde høyrte besta hadde nemnt um ein gong at dei var mykje i skuld paa garden, og at ho trud de det var vandt um dei greidde seg stort lenger.

Ho stod ei stund og tenkte seg um.

— Eg reiser ut til Sviland i dag eg, sa ho.

Han saag upp, forundra. Ho var so rar i maale, tykte han.

— Du ? I dag! sa han.

— Ja, for dersom det ikkje er dei same folki som bur paa Sviland endaa, so reiser ikkje eg dit paa „somerforlystelser“, so mykje er visst. Du vert aaleine daa, skynar du.

— Ja men Sviland er no Sviland det daa, anten der bur nokon elder ikkie.

— Pøh! Nei stakar deg gamlen daa. Segjer so du er vorten so hugslaus, du. Er det kje du kansje, som alltid hev sagt at so gode kakor, som dei gamlebesta baka, fekk du ikkje nokon annan stad. Og slik mjølk og rjome, som den du fekk paa Sviland, {anst ikkje nokon annan stad paa heile kloten.

Du var reint hugteken i besta du, gamlen farr.

Han laut læ aat henne.

— Ja so fær du reisa daa og høyra korleis det er, sa han godslegt. Og so fær du helsa ifraa meg.

*

Det leid fram imot kvelden daa Ester kom. Besta vart reint iorbina daa ho saag henne. Men ho fagna henne paa det beste. Ho var glad fordi ho kom. For her var so einsamt paa Sviland no. Aldri eit menneskje aa sjaa heile dagarne jamt. Aaleine var ho med all si sut, ingen ho kunde netnna eit ord med.

Det var denne stakars guten ho hadde havt so ilt av, — Svale.

Det hadde vore so vondt aa sjaa paa, at ho kunde aldri segja det. Og det var so ilt aa tenkja paa endaa.

Her hadde han gjenge og vore so lettliga fyrr, af det det hadde vore ein hugnad

for henne og. Hadde vel tenkt han kunde verta buande paa Sviland.

Men det var denne fæle renta. Og ho gamle krypen kunde ikkje vera han til noko hjelp helder.

No visste ho ikkje kor han ferdast. Han hadde lova aa skriva til henne strakst, men ho hadde ikkje høyrte gite han endaa. Ho var reint ilhuga.

Ester sat roleg og hørde paa, seig meir og meir i hop.

Det svimra for augo. Besta kom meir og meir burt for henne.

Sistpaa saag ho henne berre som i ei skodda langt burte, og ut av denne skodda sat ho og tala til henne, døyvt og uklaart so ho ikkje fekk nokon samanheng i det.

Der var berre ein ting som ho skyna klaart og ansa etter:

Han var reist, reist.

Ho kom til seg sjølv att avdi det med eitt vart so stillt i stova. Besta sat og stirde paa henne:

— Du er vel ikkje sjuk, spurde ho.

— Nei; aa nei, ho var — var kje sjuk nett helder. Men litt trøytt var ho alltid. Det var so trongt paa dampbaaten og —

— Ja eg saag det *var* eitkvart. Du bleik na so burt. Men no kann du faa leggja deg

litt kvila deg ut um du lyster, so skal eg ha noko godt ferdugt aat deg til du ris upp att.

— Takk, det var snildt, sa Ester.

I grunnen var ho ikkje trøytt, men ho kjende det vilde gjera godt aa faa vera aalei-na ei stund.

Ho la seg, men sovna ikkje.

Det var liksom der var kome eit lite saar ned for bringa.

Det sveid og verkte.

So det var slik det sku enda. Det hadde ho aldri drøymt um. Her reiste han sin veg, utan aa nemna eit ord um det til henne. Han hadde kje funne det umaken verdt. Og ikkje eit einaste av brevi hennar hadde han idst aa svara paa ein gong. Ho hadde nok tykt det var underlegt dette, men ho hadde daa aldri kunna tenkt so gale som dette likevel.

Ho hadde vore for godtrui.

Kanskje hugsa han henne ikkje med ein einaste tanke lenger. Gudfader so raadlaust som det daa vart. Reint forsvore. Det vart til aa gremja seg fleinskalla av.

Og ho som so gjerne hadde vilja hjelpt han. Hadde han kome til henne. Hadde ho visst um det!

Ho sku kje vore sein fyrr ho hadde kvitta skuldi hans til Per Bøen ho. Ho sku talt setlar upp til Per ho, baade raude og grønne, so det sku svive rundt for dei skakke augo hans.

Ein ny tanke tok til aa arbeida inn i det vesle gløgge hovude hennar.

— Enn um ho kjøpte Sviland av Per. Vart gardeiger. Ja, Kvi for ikkje. Berre han vilde selja — so.

Ho spratt upp or sengi med blanke augo.

Ja tru ho sku ?

Det vilde gleda Svale. Gamlebesta vilde verta glad, og kanskje ho sjølv vilde verta den aller gladaste; far naar Svale fekk vita at han hadde so fjerre til gjenta, so sku det no underlegt vera, um ho ikkje hadde han heime att strakst. Og hadde ho han fyrst hjaa seg, so vart det no alltid raad med resten.

Naar ho tenkte vel etter, so var det i grunnen ikkje so underlegt um Svale ikkje hadde nemnt noko um pengenaudi si til henne. Ja, ho var mest viss paa at det var bljugskapen bans som hadde gjort det! For han var bljug, Svale. Han var jamt bljugare enn noko jenta. Ho hadde meir enn ein gong vore lei paa han for det.

Ja, tenk um han hadde gjenge her og visst at ho kunde hjelpa, men vore for bljug og smaalaaten til aa beda henne um det. Kor det maatte ha vore pinesamt for han. Ho hadde beint fram ikkje kunna halde det ut

ho. Men gudskelov, det kunde kanskje rettast paa endaa.

Ho gjekk og dreiv att og fram paa golve ei stund, so gjekk ho inn til besta att. Ho vilde spyrja henne ut um eit og anna.

Besta heldt paa aa pusla med kjelen daa Ester kom inn.

—Er du alt utkvild, sa ho.

Ester svara ikkje noko vidare paa det. Ho gjekk burt til besta, la armarne sine kring henne og kviskra henne noko inn i øyra.

Besta stod og stirde som um ho ikkje skyna henne:

—Var — er de trulova, segjer du ?

Ester nikka. So dreiv ho burt aat glase, sette seg og saag utyver.

Det vart stillt eit bil. So spurde Ester og saag heilt fortenkt ut:

—Trur De Per Bøen sel Sviland igjen ?

Besta saag upp like so fortenkt ho og.

— Fær han nøgdi av peng, so er daa visst ikkje det ut av voni, svara ho og undrast litt paa kvifor ho spurde um det.

Men Ester gav ikkje noko nærmara greida, sat berre og stirde ut gjennom glase, som saag ho syner langt burte ein stad.

Hausten var komen. Aparne ut i hagen paa Aas stod og slepte lauve. Det lyste bleikgult og brandraudt av kvar den kvist.

Graae haustskyor dreiv yver himmelen og stormen gauv um noverne med dyn og brak og lauge yl. Langs alle lider og utyver alle aasar reid han sine rappfötte hestar med sjoging og tot. Han gjorde hallingkast millom greinerne og kjende etter um lauve sat laust nok, nappa seg eit bleikgult her og eit brandraudt der, og krunorne tynntest for kvar dagen.

Snart kunde han fara meir i mak, fekk dei med løynsk kviskring og kjælenskap, dansa litt i luften med dei og let dei so detta mot jordi, der dei la seg med ein døyvd sukk iordi leiken vart so kort.

Men her og der stod ein og annan raunen og strekte greinerne trassugt i vere. Der heldt trasti gjestebod paa dei siste bærkartarne.

Staren og erla hadde fare tun imillom og bedt velliva, men soli tok bra godt endaa, so det var liksom dei kvidde seg med ferdi

søretter. Dei samla seg i flokkar, heldt raad. Dei gamle vilde helst fara strakst, men det vilde kje dei unge høyra paa, og dei var i fleirtal. So vart det til det at dei sku drygja endaa nokre dagar og sjaa. Og so drygde dei baade ein og tvo dagar. Dei drygde ei heil vika. Men so tok det til med kaldvæta, op upp i fjellbrunerne laag det alt snjo. Daa var der inkje som kunde faa dei gamle til aa stogga lenger, og dei unge laut slaa fylgje, anten dei so var huga til det elder ei. Snart var det berre sporveflokkarne som gjesta tuni. Dei kurde seg ihop, fraus og venta snjo.

Paa Aas var alt kome i sit gamle gjenge — for det meste, og ut med Vaagslande rauk det av fabrikkpipa som fyrr det hadde gjort. For arbeidararne hadde kome og bede um arbeid, den eine etter den andre, og løni var dei nögde med, endaa ho ikkje var større enn ho fyrr hadde vore.

Drøse um det som hadde hendt paa Aas var stillna av att. Det hadde ikkje lukkast aa faa greida paa kven som hadde fyrt av det skote. Bygdefolke stod reint i beit. Dei spurde ut baade tenararne paa Aas og dok-taren, som hadde steilt med den sjuke, men faafengt var det. Og var nokon so djerpe, at dei spurde han sjølv um det, smilte han berre og slo det burt i noko anna.

Med det laut dei slaa seg til ro.

Der var elles dei som gissa paa at Paal i Svilandstræ nok var meister for det stykke arbeid. For han hadde alle dagar vore eit utsputt, og at han ikkje hadde noko godt auga til mannen paa Aas, var noko alle visste. Men korleis det no hekk i hop elder ei, underlegt var det at han so snøgt kom or bygdi.

Folke paa Aas brydde seg elles lite um kva hitt folke i bygdi tenkte um den ting, endaa dei var glade fordi Sigvor hadde vore so fjerre fyretenkt som ho var. Det kunde ha vorte leidt for ho mor, um den rette samanhengen hadde kome i dagen. No kunde dei vera fri all den uhugnad det daa hadde vorte.

Fred og hugnad var atter vende til husar.

Serskilt glade var dei i vesleguten sin. Ei stund hadde det set ut til at han ikkje sku verta so gamall, men so kom han seg litt um senn, og no var der vorten éin heil knabb av han.

Olav heitte han.

*

Sigvor hadde bede um lov til aa faa fylgja budeigja til støls med buskapen. Etter det som hendt var heime, tykte ho det vilde

vera ein stor lette aa faa koma upp i fjelle i den store stilla og anda inn rein fjellluft og svala den saare hugen sin i einsemdi.

Ho var vorti reint nervøs og underleg av seg i det siste.

Ho hadde fenge ein vond støkk i seg, som ho ikkje kunde verta kvitt. Det var nok alt det ho hadde gjenge igjenom i det siste som var skuld i det. Og di meir spaningi ho hadde gjenge i, seig av henne, di verre vart det.

Det sette seg som ein strid knute ned for bringa og vilde mest kjøva henne.

Fjelllufti vilde atter gjera henne sterk, trudde ho.

Det vart so ho reiste med.

Der var eit fjellvatn eit stykke ifra sætri. Der fiska ho, naar ho hadde ei fristund; elles hjelpte ho til med budeigja, mjølka og kva som falla kunde.

So var det ein kveld ho kom paa at ho sku freista fiskelukka si lenger nede enn ho fyrr hadde vore.

Ho tok baaten og rodde nedyver. I øvste enden var vatne noko breidt, men det smalka meir og meir av, di lenger ned ein kom. Straumen vart og svært strid naar det bar nedetter eit stykke; til slutt strøymde det med øgjeleg magt utfor eit stup.

Kom ein fyrst burt i stridaste straumen, var det ute med ein. Men Sigvor heldt seg nær land, for der var det minst faarlegt.

Daa ho kom ned der vatne var paa det smalaste, la ho til lands og festa baaten i ein stein. Der stakk seg fram ein liten odde der, og budeigja hadde sagt at der alltid var van aa vera gilt med fisk. No vilde ha prøva.

Og det vart ikkje lense aa bida, fyrr den fyrste språke fjellauren hekk paa kroken. Der vart eit heilt bask, fyrr ho fekk han inn i baaten; men ho lirka so lenge med han, at sistpaa maatte han til. Det var ein svær rugg paa fleire kilo.

Ho hadde vel driva paa med fiske ein halv time, og teke den eine språke auren etter den andre, daa ho med eitt kvakk upp. Der let eit mansmaal tett ved henne. Ho hadde vore so uppteki med fiske, at ho hadde ikkje gaatt at nokon kom.

Hadde ho gaatt han fyrr, hadde ho rymt med ein gong, men no var det for seint. Han stod alt og heldt i baaten.

Ho visste ikkje kva ho sku gripa til; kjende berre at ho vilde burt i fraa han so snart ho kunde.

Det saag slett ikkje ut til, at han var noko vidare modig, han helder, i fyrstningi. Han vart staaande og fingra nervøst med baat

feste eit bil, daa han hadde helsa utan aa faa svar.

Men han manna seg strakst upp att

— Det ser ut til, at du hev fiskelukka med deg du, sa han og gjorde seg fyre med aa vera blid.

Ho svara ikkje noko endaa. Saag berre upp paa han so underleg rart, at han atter vart nervøs og modlaus.

— Eg tenkte du maatte ha kvidt deg med aa koma paa desse kantar av lande meir, etter det mandomsvarpe, du gjorde sist du var her, sa ho sistpaa'; men sidan du no er her att, so latt meg faa segja deg det med same: Eg hatar deg. Eg hatar deg for det skarveverke du gjorde mot far, og for all den sorg du hev valda mor fram gjennom aari.

Det narrespele du hev drive med meg, kann eg gi deg til, daa det fulla var eg sjølv som gav deg høve til aa byrja det. Eg kjende deg ikkje godt nok. No kjenner eg deg. Her etter skal eg vita aa agta meg.

Pitter Tønnessen, — for han var det — stod framleides og heldt fast i baaten.

— Tru at eg var gali, — fraa meg sjølv; tru at det maa ha vore noko i meg, som tok all magt fraa meg og liksom gjekk paa sjølv styr. Tru ikkje at eg held av deg meir, drøym ikkje um noko samliv for oss tvo. Me høver ikkje i hop. Sku me det gjera, maatte

eg vera ein like so stor moralsk krypling som du sjølv er.

Noko rolegare la ho til: — Eg hev ikkje meir aa segja deg. Kanskje du vil vera so beinsam, at du løysar baaten min, so eg fær ta paa heimveg att?

Han svara tvert og heilt roleg: — Nei, eg vil ikkje.

Du fær hugsaa paa, at eg kom hit berre fordi eg vilde finna deg og tala med deg, og endaa hev eg ikkje fenge sagt eit ord av det eg hadde aa segja.

Eg skal kje vera langdrjug, berre du vil høyra paa meg.

Han gav henne ikkje tid til aa svara noko, men heldt fram med det same:

— Det er kanskje stygt av meg aa uroa deg paa nytt lag; men eg kunde ikkje anna.

Eg kjende at eg laut takka deg for alt du hev vore for meg, og eg laut paa nytt faa fortelgja deg, at eg trass alt held av deg og ikkje kann vera deg forutan. Eg veit nok, at det kan lyda som spott i dine øyro, men det er daa like vel ei sanning, som eg gladeleg kann døy paa.

Aa Sigvor, du kunde verta mitt livs frelse, dersom du vilde. For eg kjenner at du er den einaste som endaa kann gi live verd for meg. Det er liksom eg er i ei høgare verd, naar eg er i din nærleik.

— Daa du skaut paa far, var du og i min nærleik. Det kann henda det var fordi du kjende deg i ei høgare verd, du løyste det skote; men fordi du korkje skal kjenna deg i ei høgare verd enn den du i røyndi er i, ei helder i framtidi skal vera i min nærleik, vil eg ein gong for alle segja deg, at eg ikkje bryr meg um aa høyra meir av vaase ditt. Og sku du endaa ein gong faa hug til aa gyta fagre ord, so kom kje hit, men reis ein annan stad av, fall Sigvor han i talen, Ho steig i land og løyste baatfeste, gjekk atter inn i baaten og vilde skuva fraa land. Men han heldt att.

— Du kjem ingen veg fyrr eg vil, sa han og tok fastare tak i baaten. Me er langt fraa folk. Du er heilt i mi magt, og eg kann fara rned deg som eg sjølv lyster,

— Det kann vera faarlegt aa røra rneg. Du gjeng paa fri fot berre so lenge eg lyster; det gjerer du rettast i aa hugsaa, svara ho og bleikna.

Han drog berre likesælt paa akslerne.

— Kjaraste, søtaste, gildaste gjenta i heile verdi! Eg maa eiga deg fullt og heilt. Det fær kje hjelpa kva maate det skjer paa, sa han med gir i mæle og gjorde teikn til aa vilja stiga inn i baaten, han og. Ho reiste seg med eitt, greip ei aar og

støytte han i brjoste med so han s.eig attyver i fjøra.

So skauv ho baaten fraa land. Men i rædsla hadde ho gløymt, at baaten laag paa ein faarleg plass.

Han seig lenger og lenger burt i strau- men, og fyrr ho rett kuude koma til seg sjølv att, var han komen langt ned imot stupe. Der nede gauv fossen sin molltone ut i stilla. Sigvor skyna med ein gong, at ho var i faare, ja at det galdt live.

Ho greip aararne som i ørska. Ho maatte berga seg. Men alt ho sleit og rodde, vilde det so lite nytta. Baaten seig og seig, lenger og lenger ned imot stupe.

Fossen dura nærmare og nærmare. For øyro hennar let han som eit burande villdyr. Rett no gløypte han henne i sitt svarte svelg. Ingen stad augna ho livs berging.

Med skræmde augo saag ho seg ikring, og i si naud ropa ho:

— Herre Gud, eg flydde undan te berga mi æra og til ikkje aa gjera deg imot, Herre frels meg!

Snarare og snarare dreiv baaten. Dm ein minutt vilde han vera paa stupe.

Ho saag seg ikring endaa ein gong, med rædde, raadlause augo. Det saud for øyro og blode tottest storkna til is i aadrarne.

Daa greip ein frelsande tanke henne :

Den einaste maaten, ho kunde verta berga paa, va.r at ho rodde med strau- men, paa skraa mot nærmaste aabreiddi.

Det kunde gaa gale korso, men var ho retteleg snar til aa springa or baaten med sama han tok land, so kunde det gaa godt og. Ho laut i minsto freista.

Det gjekk godt. Det var gjort med nokre aaredrag aa koma til lands, og det hōvde so heppe, at baaten rende seg upp yver ein flat stein. Han stod ein augneblink og skalv i den sterke strau- men, so v Reid han seg rundt paa steinen og rak vidare med bakstammen fyre; men Sigvor kom velberga i land.

Ein augneblink etter for baaten i fossen høgt boren paa kvittoppa skumskavlar. Men paa hi aabreiddi, lenger uppe, laag Pitter Tønnessen og klumheldt seg i ein stor stein.

Han skreik og bar seg, som um han sjølv sku vore i baaten. Rædsla hadde teke han, so han hadde ikkje merka at Sigvor hadde hoppa iland.

*

Dagen etter flutte Sigvor heim fraa sætri. Ho kjende seg ikkje trygg der lenger. Men ho nemnde aldri med eit ord for nokon korleis det hadde gjenge til at ho miste baaten, elder at ho atter hadde raaka Pitter Tønnessen.

Heime paa Aas tok dei i dei dagar i mot eit brev. Det kom fraa Amerika, og der var pengar i det.

Det var Paal i Svilandstræ, som sende det.

Han bad med mange fagre ord um orsaking, fordi han hadde gjort bruk av pengar, som ikkje var hans.

Men samstundes vilde han og faa lov aa nemna, at det paa ein maate var ein god gjerning han hadde gjort med aa ta vare paa dei; for det var han viss paa, at hadde Pitter fenge steilt seg med dei, som han vilde, hadde aldri eit øyre vorte berga.

Han for sin part hadde ikkje havt bruk for alle; men hadde teke vare paa dei korso. Og no sende han dei til rette eigarmaimen, baade dei han hadde set seg nøydd til aa laanta, og dei andre.

Til slutt vilde han segja hjarteleg takk for laani. Og han vilde vona, at dei ikkje bar noko agg til han for det han hadde gjort.

Der vart stor forundring yver dette pengebreve paa Aas; for det var ingen, som med ein tauke hadde kome i hug, at Paal nokon gong, med fri vilje og utan aa verta tvinga til det, vilde betala pengarne attende.

I grunnen var dei glade for det. Pengarne kom alltid vel med, og naar ein kunde

faa dei att, utan noko bry, var det aldri betre enn som so.

Ikkje minst glad var Sigvor. For ho hadde heile tidi kjent med seg sjølv, at ho kunde ha berga dei pengarne, hadde ho bore seg annarleis aat den gongen ned i Svilandstræ. Ho kunde ha telefonert inn til byen og fenge Paal stogga, fyrr han hadde kome lenger. Men daa hadde vel heile soga kome utyver millom folk, og det hadde ho so Ute mot paa, difor totte ho det var gilt, det no laga seg, utan noko slags staak.

Men der hadde hendt noko anna heime i grendi, medan ho var paa sætri. *Det* tykte ho ikkje braadt so gildt um: Per Bøen hadde s elt Sviland.

I grunnen kom det ikkje henne ved, kven som aatte Sviland. Men det gjorde henne litt vondt korso. Ho bar paa so mange minne der ifraa, ho hadde upplivt so mangt der, at det var mest som ho aatte ein part i Sviland, ho og, tykte ho. Og so gamlebesta daa, som vel laut flytta der ifraa. Det maatte vera vondt, no paa hennar gamle dagar. Etter som dei sa, sku ho flytta til ei syster i grannesokni. Men det var vel hennar toskeskap som var skuld i det med. Svale kunde budt paa Sviland no som fyrr, hadde ho bore seg aat som ho burde.

Ho hadde gjort ein blodig uret imot

Svale. Aa, for ei gaas, aa, for eit naut ho hadde vore !

Ho hadde aldri halde av nokon andre enn Svale. Aldri. Ho kjende det no. Ho heldt av han meir og meir for kvar dag som gjekk. Men no var han reist. Ingen visste kvar han var. For seint fekk ein sjaa sine missgrip.

Og no naar garden var seid paa nytt, korn han vel aldri heim att meir helder. Han kunde faa ein betre og billegare gard ein annan stad, var so han brydde seg um sovore. Desutan vart vel Sviland so vanstjorna no heretter, at ingen vilde kunna liva der lenger. Ein kunde ikkje godt venta det helder, at ei bydame sku kunna driva ein gard til gagns, tykte ho.

Ho sku elles ikkje flytta der til helder — for det fyrste, var det lydande til. Der kom til aa verta audt og tomt paa Sviland no.

Nei, radt audt sku der ikkje verta helder Ho vilde gaa dit i sine fristunder, som fyrr ho hadde gjort, minnast det som hadde vore og drøyma um det som kanskje kunde koma.

XIV.

„Garibaldi” seg frametter mot den engelske kanalen. Nordveststormen kvein i mastrer og skorstein og storsjøarne braut stynjande mot stammen.

I lange rullingar, i braae hissige kast gauv dei inn mot skipssida, sleikte med vaate tun-gor yver rekka og sputta skum og salt sjø langt inn yver dekk.

Men „Garibaldi” stampa imot og ok seg fram like godt, lyfte sitt svarte skrov paa høgste baarerygg, kløyvde seg veg og aat seg fram utan stans.

Og yver den vide, voggande, stormpiska flata draus vinternatti glitrande stjerneljos og blankgule maanestraalar.

„Garibaldi” var paa heimveg; kom fraa millomhavslandi med frukt. Men fyrr det kunde bera heim for godt, sku han innum i London og lossa farmen.

Svale Sviland stod i maskinrome og skufla kol, og medan han arbeidde let han tankarne leika.

Maskina dura og arbeidde med tunge,

ustøde stempelslag. Det rulla og huska, upp og ned, att og fram, og kvar gong atterskipe hov seg paa baareryggjerne let der eit døyvt dunder fraa skruven, som baska i sjøskorpa og let ei kvit skumbraut etter seg.

Men Svale ansa ikkje noko, anna enn arbeide sitt og sine egne tankar. I dei 18 maanarne han hadde vore umbord, hadde han vant seg baade med den sterke rullingi og dei andre ulemporne ein storm førde med seg, so det nauvde han ikkje stort.

Han var kornett til aa tenkja paa alle dei barnskne draumarne, han hadde teke med seg heimantil, medan han stod der og skufla kol under dampkjelen.

Ja, han hugsa sagta desse hovdalause draumarne sine. Han hadde kje bala so lite med dei. Han hadde vore heilt i deira vald ; vonerne hadde baara høgt og bore tankarue paa ville vidder.

I draumarne sine var han alltid heppen. Han fann gullklumpar og gullskjerp, der ingen hadde kome paa aa leita. Midt i svarte gullgravarbyen fann han det.

Han vart rik daa, reiste heim att strakst.

Men heime var der iugen som venta han. Ikkje besta eingong visste at han kom. Det høvde just so at det var sundag og den dagen han kom, og folksamt var der ved kyr-

kja. Folk undra seg; snudde paa seg, saag etter han.

— Kunde dette vera Svale Sviland ? Var der vorten slik ein storkar av *han!*

So helsa dei paa han daa, baade den eine og den andre.

Sigvor Aas og far hennar kom og og helsa. Sigvor var raud som ei njupa. Han heldt i handi hennar, litt lenger enn nett naudsynlegt, og di raudare vart ho.

Far hennar bad han med seg heim til Aas. Der bar det paa gjestebod og det som gromt var. Dei tykte vel dei laut gjera æra paa næraste grannen sin naar han kom heim att av langferd, og det med mykje pengar endaatil, — meir enn baade det han og Per Bøen aatte, um dei so la det i hop.

Dagen etter gjekk han til Per Bøen og kjøpte Sviland att av Per. So la han i veg og bygde nye gilde hus, og daa dei væl var ferduge, raudmalaa og fjelga paa beste maaten, gjekk han til Sigvor og sa at ho kunde flytta heim til han strakst likso godt som seinare.

Og ho so gjorde. -----

Ja, draumarne hadde vore ville nok, og hadde det gjenge etter dei, hadde han sagta kome heim paa ein annan maate enn no det vart.

Lande med gullklumpar og gullskjerp i

hadde han kje funne endaa, og dei pengarne han hadde tent desse maanarne vart det ikkje so stor rikdom av, endaa han hadde gøymt mest kvart øre.

Men um det no ikkje hadde gjenge so rart for han *denne* gongen, kunde det verta Hkare ein annan gong. Ein fekk ikkje tapa mode. Han kunde vel *endaa* koma i gulllande.

Han *maatte* koma der, sku han verta rik, og rik *vilde* han verta kva det sku kosta, ior den som var rik var megtig som ein liten gud.

Men noko rikdom sankan han seg aldri med aa fara til sjøs. Han fekk nok freista med noko anna.

Denne turen han no hadde gjort, var elles ikkje spillt ior han korso. Litt hadde han tent, og han hadde set so mykje og lært so mykje, som visst vilde koma væl med for han seinare, at han trega ikkje helder.

Det var og helst av eit slumpehøve at han kom til aa reisa til sjøs.

Det hadde gjenge so til med det, at daa han paa von og vaage drog heimantil og var komen mest inn til byen, kom han i lag med ein fyrr, som sku same vegen som han sjølv. Dei fylgdest resten av vegen.

Framandkaren var svær til aa røda. Han fortalde han sku ut paa langferd med „Gari-

baldi" der or byen, hadde vore med ein tur fyrr og, og no sku dei ut att um nokre dagar. So kom Svale til aa spyrja um han trudde der kunde vera plass for han aa faa um bord. Han hadde ikkje nett tenkt paa aa reisa til sjøs, men kunde der vera ei bra hyra aa faa, kunde han likso godt det som noko anna.

Og hyra fekk han, men han laut ta til takkar med kolskuflararbeid i maskinrome. Løni sku vera femti krunor maanaden.

Det vart eit stridt arbeid, tykte han. Det kunde endaa gaa so lenge hiten ikkje var alt for drjug, og det var han ikkje fyrr dei kom inn i Millomhave, men daa vart det soleis at han snaudt kunde halda det ut,

Han tok til aa drikka, han som dei andre maskinfolki.

Dei saag ikkje noko likare utveg, sku dei kunna halda det gaaande,

Ein svenske, som var kolskuflar og elles litt rar av seg, drak reint umaatelegt. Til slutt tok han til med alt slags galne paafynster; og ein dag, medan dei stod og arbeidde og hiten var paa det sværaste dei endaa hadde kjent han, tok svensken paa sprang upp gjennom trapperne i berre skjorta.

Strakst etter vart maskina stansa. Svensken var sprungen i sjøen. Dei leita etter han eit heilt tak, men han saagst aldri meir.

No, daa han var vorten skikkeleg van med arbeide, gjorde ikkje hiten so mykje, men i fyrstningi *var* det fælt,

„Garibaldi" gjorde ein overhaling, so Svale var aat aa trilla yver ende. Han laut halda seg fast rned baae henderne. Tankarne hans vart skipla litt ved det; men strakst etter var dei atter i sitt gamle far.

— Det var slett ikkje sagt han kom til aa reisa heim no. Kunde godt henda han gjekk ifraa i London og sette yver til Amerika med ein gong. Det var dit ein maatte, sku der verta folk av ein. Der kunde ein koma seg fram, la ein seg ut um det. Ein vanleg arbeidar der kunde tena likso mykje som ein prest heime. Og dei som tok skulevegen, var det endaa romare for.

Han visste um fleire slike som hadde reist heimantil med tvo hender tome, so kravsa dei seg ihop litt pengar um sutnaren med farmarbeid elder anna grovarbeid; men um vetteren dreiv dei paa med skulegang og studering, og mange vetrar gjekk der ikkje, fyrr dei hadde fenge seg baade eksamen og embette med nokre tusund dollars i løn um aare.

For reine talghovud nytta det vel lite aa gaa paa skule i Amerika og; men nei menn sku der no ikkje svær visdomen til helder, so mykje skyna han. Og var so han kom til aa

ta til med noko slags studering, so sytte hart slett ikkje for at han ikkje sku greida eksamen nok so fint.

Men prest vilde han ikkje verta. Det var daa alt for keidsamt for ein frisk kar. Nei, offiser vilde han verta — flateoffiser, helst admiral. So kunde han ein vakker dag uventa koma heim paa eit stort amerikansk slag-skip. Medan bygdefolke stirde forvitne fraa kvar den haug og attum kvar glasruta og skipe stolt gleid inn yver Vaagen, let han ka-nonerne dundra til helsing, so husi skok seg og kvar den glaamar rundt heile Vaagen fekk dottar i øyro.

*

Paa ei skjenkestova ut med hamni i London, sat nokre karar og svalla og drakk.

Det var dei fleste av manskape paa „Garibaldi".

Svale hadde ikkje vilja vore med, ifraa fyrst av; men sistpaa gav han etter. Naar alle hine gjekk, so kunde han vel sagta vera med han og. Der var kje noko moro i aa gaa og traava i byen aaleine helder, ukjend som han var, og naar ein fyrst sku ha landlov, fekk ein daa gjera so mykje som raad var ut av den vesle stundi det varde, tykte han.

Han fylgde ikkje stort med i det hine

svalla ura. Det var helst baatsmannen, som hadde orde. Han fortalde smaasogor fraa den tid han reiste paa Nordland, og det brydde ikkje Svale seg stort um.

I staden gav han seg til aa skoda paa skjenkegjenta, som hadde det annsamt med aa bera flaskor og glas til og ifraa bordi kringum i salen.

Han fekk hug til aa snakka til henne. Ikkje fordi han trudde ho skyna noko av det han sa; men fordi han tykte det kunde vera moro aa sjaa korleis ho vilde te seg. Desutan var her so lenge sidan sist han høyrde ei skikkeleg klaar gjenterøyst, at det vilde vera som ei høgtig berre aa høyra henne tala, sjølv um han ikkje skyna eit ord av det ho sa.

Kunde henda han fekk henne til aa læ og, og det vilde vera mest endaa gildare.

Han passa paa ein gong ho stogga litt tett ved, medan ho sette vekk nokre tomflaskor.

— Hev De det so annsamt kvar kveld ? spurde han.

— Aa ikkje alltid, svara ho.

Svale sat berre og glodde. Slikt hadde han ikkje tenkt.

Ho skyna norsk, kunde *tala* norsk!

Daa han kom til seg sjølv att, var ho alt burte millom dei utarste bordi. Men han

tenkte med seg sjølv, at naar det stod soleis til som no han var komen etter med, so sku han sagta gaa hit oftare. Dersom gjenta daa ikkje hadde det alt for annsamt, so kunde han faa seg eit hyggjelegt svall med henne att i millom. Det kunde ho vel ikkje ha noko i mot, ho helder.

Det vart anna det, enn aa høyra paa alt rolse kameratarne fann paa til aa trøyta tidi med. Det var oftast slikt som ein kunde yva seg med aa høyra paa.

Han var i minsto lutande lei av det.

Der kom fleire og fleire øltyrste gjester. Dei fleste saag ut til aa vera sjøfolk. Dei slo seg ned kring bordi, surne stader tvo og tvo ved kvart bord, og surne stader fleire. Korkarne small, og røda gjekk trillande lett paa dei mest ulike maalføre.

Svale sat so at han hadde yversyn yver det meste av salen. Der var berre eit par smaabord i ei kraa bak ei sula han ikkje kunde sjaa. Men han høyrde der var folk der og. Og han drogst meir og meir burt imot dei bordi. Han var vorten forviten, for millom all laatten og all den bylgjande surr av mannemaal som dreiv gjenom salen, tykte han der var eit han kjende. Kor det var han hadde høyrte det maale fyrr, kunde han ikkje minnast; men høyrte det hadde han. Denne kvas-

se hivande laatten! — Det sku daa vel ikkje vera Paal?

Svale reiste seg, og der for som ein rar stying av gleda gjennom han. Tenk um det kunde vera Paal i Svilandstræ!

Men han sette seg ned att med sama. Det kunde ikkje vera rimelegt at Paal var her. Han var aat aa roa seg med at han hadde teke i miss. Der kunde vera andre, som bruka same maaten aa læ paa. Slikt var ikkje sætande.

Daa stakk der seg eit skjeggutt andlit og ein fleinskalle fram att um sula, ein norsk eid glymde gjennom rome fylgd av nokre ord paa engelsk. Skjenkjegjenta skvatt upp bak disken, der ho stod og saag, halvt i draumar, ut gjennom vindauga.

Ho munde nok ha gløymt finna meir drikka aat han.

Fleinskallen vilde atter stikka seg attum sula; men uo vart det *han* som gløymde seg av.

Han hadde fenge auga paa Svale. Sat og stirde ei stund, som um han ikkje vilde tru sine eigne augo, so drog ein breid smil seg yver andlite hans, han reiste seg rask og kom imot Svale som møtte han paa halvvegen.

Der vart helsing og stor undring paa baee kantar.

Paal var litt drukken og kunde ikkje faa Seg til aa sleppa handi aat Svale. Det var

so rart aa raaka godtfolk heimantil her, sa han, at han maatte faa lov aa halda henne.

— Det er noko eg lyt faa takka deg for, heldt han fram og drog Svale med seg ned paa ein benk ved eit bord som stod tomt no.

— Eg veit du var av dei faa som var beinsam og greid med mor, medan du var heime, og det lyt eg faa takka deg for. Paal knepte neven aat Svale so det sveid.

— Mor er eit godt menneskje i grunnen, men live hev alltid teke paa henne med harde hender. Støtt laut ho snu den harde sida til, so ingen hev rett til aa lasta henne um ho sjølv og er vorten hard av det. Live er kjært for ein fatig stakar og, men ingen bergar seg fram med mildskap og mjuklynde i vaare dagar meir enn for tusund aar sidan. Den sterkaste vinn no som fyrr.

Paal gret.

Svale sa, at han visste ikkje noko sers godt han hadde gjort henne, som kunde vera vidare takk verdt,

Men daa svor Paal gjennom taaror paa, at han hadde gjort henne mykje godt. For det fyrste hadde han lete henne faa bu i Svilandstræ paa aaravis utan aa ta eit øre i husleiga, og for det andre hadde han visst um denne 01-handelen hennar utan aa nemna det til nokon som vilde gjera henne ulukkeleg for det, Og det var likso vel gjort av han som hitt.

Det var kje so greidt aa Hvberga seg for eit gamalt utslite kvinnfolk. Det var stridt nok ofte for dei som yngre var, og hadde no kje ho havt dei øri ho kunde tena med ølhandelen sin, attaat den vesle granden han ender og daa kunde avsjaa, hadde ho visst vore paa kassa for lenge sidan.

Men at ho hadde fenge halde paa so fjerre lenge som ho hadde, det vilde han segja var gode folk og fyre takka.

Det var kje so greidt med slikt helder i vaare dagar. Ulovlegt det som alt anna ein kunde tena ein grand paa; og ein surøygd totalist sat det i kvar vik og paa kvar tange og passa paa at kvar og ein, Vaarherre hadde gjeve ei alt for raud nos vart heitande drikkar. Men kvar den armingen, som ikkje med sin salighets eid kunde stadfesta at han aldri hadde selt ein drope av denne fæle gifti, han hadde berre eitt aa gjera: gjeva seg Gud og lensmannen i vald; for totalistarne sparde korkje ven elder uven.

Paal vart meir og meir oppøst, og Svale skunda seg med aa faa røda vend inn paa noko anna. Han lika ikkje aa sjaa paa denne fyllegraaten aat Paal.

— Du reiser vel med ein elder annan baaten du oe, vil eg tru.

Jan, han gjorde daa det. Daa han for heimantil, tok han yver til Chicago. Der ar-

beidde han eit aars tid. Det var for det meste sjauarbeid han hadde havt; men so hadde han hyrt seg med ein amerikanar. Ein lille-baat var det, men han hadde bra hyra, kosten var god og officerarne snilde, so han vilde halda ut umbord i lengste lage korso.

— I morgo tidleg skal me reisa attende til Chicago, sa han.

— Spør du nytt heimantil ofta, spurde Svale. Eg for min part hev ingen ting høyrte sidan eg reiste, so du kann skyna eg er for viten.

— Aa nei, rne hev kje so mange som gjev seg større um oss, anten eg elder du, sa Paal, og det eg hev frett heimantil, sidan eg reiste er ikkje so mykje. Eg hev fenge nokre brev fraa mor, det er alt.

Paal tok til aa koma seg att i lag. Dei tvo kameratarne, han hadde havt med seg gjekk sin veg, og so flutte dei burt *til det borde *dei* hadde havt. Det saag ut til at Paal likte seg best der, — bak sula.

Svale gav seg ikkje. Paal laut fortelja eit og anna av det som stod i brevi han hadde fenge. Han kom meir og meir paa glid, og Svale fekk greida paa mangt, som han ikkje visste um fyrr.

Det sorn han mest kom til aa leggja seg paa minne, var det som Paal Eortalde um denne streiken dei hadde prøvt med heim paa fabrik-

ken. Det var berre det skire tull det, ifraa fyrst til sist, som og ventande kunde vera.

— For det var denne Tønnessen du veit, sa Paal, han sku vera som ein leidar for heile streiken han. Talde dei andre til baade seint og tidlegt. *Dei* trudde og skyna slett ikkje at det berre var ap han for med. Naar so det heile vel var i gang, luska han seg undan.

Dette var sovore alle kunde ha skyna, dersom dei hadde visst kva kar han var, men det var ingen som visste det. No sidan, hadde det kome upp, at det ikkje var nokon vanleg arbeidar, denne karen, men ein bysprett av fine folk. At han hadde arbeid paa fabrikk, var berre for han sku faa høve til aa setja seg inn i ymse ting som vedrørte drifti og dei ymse arbeidsmaatarne ved ein slik fabrik. Og det var rimelegt nok; for det spurdest det med, at denne sauie Tønnessen var trulova med dotten paa Aas, ho Sigvor. Dei hadde nok funnest inn i byen, desse tvo, og det var ventande, at mannen paa Aas vilde at han som verson sku verta, sku setja seg grundigt inn i alt, for det var ingen nermare til aa ta atti enn versonen, naar han sjølv fall ifraa.

Men naar so var, kann alle skyna at fyren ikkje meinte noko aalvorlegt med heile staake han fekk istand. Nei, det heile var berre for han sku faa noko aa gina aat. Naar han so

kom attende til byen, kunde han moroa sine jamlikarar med rispor um dei dumme bønder.

At han som verfar sku verta ikkje hadde noko imot det, visste han nok, for ein ting var det at baade han og huslyden hans sku ta seg ein austlandstur daa, og ein annan ting var det, at han hadde alle lager fulle daa nett og helst ynskte aa stogga drifti éi tid; difor kunde hin trygt driva gjøn med arbei-dararne, utan aa ottast noko misnøgje fraa den kanten.

Svale sat og lydde etter, med open munn og stirande augo. Det lyddeest so utrulegt, mykje av det, tykte han; og likevel var der som ei løysing paa mangt eit spursmaal han hadde bala med. Stod det soleis til, hadde han ingen ting aa gjera heime meir.

— Eg var mykje i lag med Tønnessen, medan eg var heime, og hadde soleis høve til aa leggja merke, til eitt og anna som gav meg mistankar, heldt Paal fram; og no, i siste breve fraa mor, fær eg full vissa.

Ho fortel, at Sigvor korn ned til henne ein dag og bad og velsigna um ho ikkje vilde gjera vel aa skjussa Tønnessen inn til byen med baat. Han var vorten so sjuk og laut ha fat i eiri paalitande doktor strakst. Bygde-doktaren munde nok ikkje vera god nok han.

Ja, mor tok paa ho, men fyrst hadde ho maatta lova Sigvor, baade med hand og munn,

at ho aldri med eit ord sku nemna noko um denne turen.

Men paa vegen hadde Tønnessen sjølv fortalt mor baade um truloving! og mangt anna. Han hadde vore so pratsam, at det var mykje. Noko slags sjukdomsfakter hadde ikkje ho set paa han, men litt i hovude hadde han nok, etter som ho skriv.

Hadde Svale i denne stundi vore litt gløggare enn han var, kunde han vel lett ha kome til aa tvila paa um alt det Paal fortalde var sant. Berre den urolege, springande forteljemaaten, og den synberre umaken han gjorde seg med aa laast vera likesæl og ovenpaa, kunde i andre høve vore nok til aa vekkja mistankar; men Svale gaadde kje noko. Han sat som negld i benken, nomen, klumsa, utan aa mæla eit ord. Heile salen sveiv rundt for augo hans, og i lufti let det som eit døyvt surr av mange røyster som nærma seg gjenom ei skodda av tobaksrøyk og øleim.

Paal var tagna, sat og stirde paa han. Han gaadde det sistpaa og kvakk or.

— Det—det kann kje vera sant, stota han helst for aa segja noko.

Men Paal gav seg kje. Dei drakk øl og tretta um det ei stund. Tilslut spurde Paal um han hadde part i gjentungen kanskje, sidan han var so viss paa at andre berre for med lygn.

Daa tagna Svale.

Kva grunn hadde vel han ti! aa tvila paa at det var sant.

Hadde ho kje med greide ord sagt at det ikkje kunde verta noko av millom dei, og hadde ho nokon gong teke dei ordi i seg att?

Aa nei, det var visst so rimelegt som det nokon gong kunde verta. Berre furdigt, at endaa han hadde fenge nei, hadde han ikkje havt vit og mannskap nok til aa faa henne or tankarne korso. Han hadde berre furta ein grand med sama. Sidan hadde han tenkt det lagar seg nok, det jamnar seg vel med aari.

Den dag sku endaa koma, at ho vilde vera glad um ho fekk fylgja han, um det so var til verdsens ende.

Men han hadde nok rekna gale, tosk som han var og alltid vart. Slikt eit hugteke mann-folkkrek var visst noko med det dummaste og hjelpelausaste gud herren i sin visdom hadde skapt. Naar ein var i det vere, vart ein narr og idiotar. I minsto hadde han vore det.

Han burde slege seg til ro med det, naar han hadde fenge nei ein gong, og ikkje tenkt paa aa freista ein gong til.

— Skaal! Paal tømde glase.

Svale kvakk or att og tømde sitt han og.

— Ja ja, eg gjev ein glad fa'n i heile

greida der heitne eg, sa han og gjorde seg likesæl. Eg kjem nok ikkje til aa sjaa heim att endaa paa nokre aar, og di mindre nytt eg spør no, di meir vert det vel aa høyra, naar eg ein gong kjem heim. I kveld vil me drik-ka so lenge me kann staa.

Skjenk j eg jenta laut finna meir drikka aat dei.

Paal var fallen i djupe tankar, saag det ut til. Han sa kje noko ei lang stund, sat berre aa trumma paa bordskiva med fingrane. Svale hadde helder ikkje vidare masehug, sat og studde andlite i handi og tagde

han og.

Sistpaa tok Paal til aa snakka med seg sjølv. Og det kunde lian trygt, ior Svale la kje merke til kva han sa.

— Nei, sa han, det er kje ior pengarne si skuld. Han held visst av henne. Eg ser det paa han. Men daa sku gjenta med retten vera hans. Tenkjer ho hev ikkje vidare i mot det sjølv helder. Denne andre hev ho sjølv sagt skjussa fraa seg, etter det som hendt er. Det burde ho ha gjort fyrr.

Svale skauv det eine glase burt til han. —

Skaal, sa han,

Kva er det elles du sit og tøyser um, Paal?

— Aa, ingen ting vidare ! Paal tok glase og drakk of det, so sette han seg til aa trum-

ma att, nett som fyrr; men han snakka ikkje med seg sjølv lenger.

Braadt snudde han seg til Svale.

— Er du mykje glad i den Aasgjenta du? spurde han.

Svale vart iorfjamsa, raud radt aat haar-garen. Det kom som ein sturtsjø yver han. Her sat han og trudde ingen visste no^o um det, og so naar han sku til høyra, so visste kanskje all verdi um det.

Men so morska han seg upp. Kva skila det Paal og heile smelta anten han var glad i nokon eller ikkje.

— For det fyrste skilar det ingen kva eg er, og for det andre kunde det vel ikkje vera noko gangn i det, um eg var det helder, naar gjenta er trulova fyrr, svara han.

— Men du *er* glad i henne. Eg ser det nok, so *det* nyttar det nok ikkje aa nekta. Men var det ikkje so at denne bydama som hadde vore i huse hjaa dei heime paa Sviland og heldt paa aa verta faarleg for hjartefreden hans. — Verkeleg tykkjest eg minnast, at eg hev høyrnt noko i den leid; eg trur det er etter Per Bøen eg hev det, sa Paal, han strauk yver skjegge og flein so underlegt.

Svale reiste seg i fullt sinne. Trudde Paal at det var ein unge han hadde med aa gjera, med di han sat og vilde ha han til ap paa denne maaten. Elder kva meining kunde

han ha med det. Var so han tykte der var noko moro i aa sitja og pina han med slikt, so sku han strakst syta for at der vart ein ende paa *den* trøyskapen, for no gjekk han. Og ute var han fyrr Paal visste ord av.

*

Dagarne gjekk.

„Garibaldi" var reist; men Svale Sviland gjekk att i London. Han hadde gjenge i fraa der. Heim vilde han ikkje. Kva sku han heime?

Han gjekk og grunda paa kva han sku ta seg til med, um han i det heile sku ta seg til med noko meir. Han livde paa billegaste maaten og var helst leid seg sjølv og heile verdi. Naar det var paa det verste, spurde han seg sjølv kva han i grunnen gjekk her og trødde etter. Kva var det han gjekk og prakka paa kvart øre etter. Kunde han kje like so godt liva litt flust medan pengarne strak til og so sidan leggja seg til aa døy, anten av svolt elder frost, so var han fri alt i hop. Noko slags hugnad vart det kje for han korso.

Ein dag som det var paa det aller verste med hugsykja og myrke tankar, var han vitne til noko som fekk han til aa ta ei braad avgjerd.

Han hadde gjenge og drive mest heile

dagen; det leid alt til kvelds. Han slentra so smaat ned etter mot dokkarne.

Det rignde, og byen var graa og ufysen.

Som han traska fram etter gata, timde han gjenom regnskodda ein folkehop eit stykke burte. Han vart forviten og gjekk burtaat. Folk snakka høgrøysta og med mykje fakter, og alle stader i flokken let ord som Botha, Transvaal og Methuen. Det var utanfor vind-augo i ei bladstova, folk hadde samla seg. I vindaugo var nyaste nummer av bladi upp-hengt. Det var *det* folk var forvitne etter aa sjaa. Svale skyna ikkje stort engelsk, men so mykje fekk han ut av det han saag og høyrde, at der um nokre dagar sku sendast ein ny her-styrke til Transvaal.

Ein tanke braatok han, so han stod som fastnagla i gata: — Gjekk han kje her og var leid av alt i hop. Kunde der betre høve gje-vast til aa sleppa fri. Faa ei ærleg kula, og so var det kje meir.

Drepa folk? Tøv! Han kunde senda skoti i tretopparne elder i bakken, so gjorde dei ingen mann skade. Staten gav leigesol-datar 30 krunor dagen, hadde han høyrte, so der vart pengar aa tena og, for dei som slapp væl ifraa det.

Strakst, i denne stundi, gjekk han og let seg leiga. Her sku vel finnast ein norsk konsul i byen, som kunde rettleida han ein grand.

Og kunde ikkje konsulen gjera noko, sku han hjelpa seg sjølv; men greidde han seg ikkje sjølv helder, so hadde han i alle høve gjenta paa skjenkestova aa ty til. Ho kunde baade norsk og engelsk, og for god betaling, kunde han vel faa henne til aa hjelpa i eit knipetak. I den von rusla Svale vidare. Han hadde fenge noko nytt til nøring for nye tankar; men desse tankarne var kje ljose og modige. Han trødde tungt i gata under dei, der han kvarv i den graa regnskodda.

XV.

Heime i Vaagsbygdi gjekk live sin jamne gong, for det meste. Folk murka kvar med sitt og var nøgde so lenge alt gjekk væl.

Og var so storemannen ein elder annan gongen skræmde den fredelege bygdi med eit naasfall, elder der vart panta for skatt elder skuld, so vart der alltid litt snakk og litt fun-deringmed sama; men strakst etter skreid live jamnt og rolegt som fyrr det hadde gjort. For det nytta kje aa sparka imot, elder ta det med noko slags ovse, anten paa den eine elder den andre kanten. Kvar og ein fekk skikka se& i den lagnad, han vart etla her i verdi, um det stundom kunde falla tungt nok.

Paa Sviland var alle dørar stengde. Den nye eigaren var kje flytta inn der endaa. Gong etter gong hadde det spurst, at den og den dagen sku Ester busetja seg der for godt, men ho var ukomi endaa. No var her snart tvo aar sidan ho kjøpte. Folk skyna seg ikkje paa slikt. Det var beint fram harmelegt, var det, aa sjaa paa at slik gild gard som Sviland hadde vore, sku verta vanstjorna paa den maaten.

Ein slaattekar kora og slo flalaste vollarne um sumrarne, og um vinteren vart høye ført inn til byen, det var alt, elles fekk det styra seg sjølv paa Sviland. Det som vilde detta, fekk detta : taksteinen av take, og bordtake av vegjerne. Aakerlapparne grodde yver med ugras, og i uversbolkar fløynde væta ut yver alle stader og gjorde skade, berre av di holveitar og bekkjefar var fulle av uronad som aldri vart vekkrenska.

Det var ein styremaate, som var til aa graata aat, sa folk.

No siste sumar hadde adjunkten fare der og trøtt nokre dagar; men kva var det I Ikkje kunde han, og ikkje vilde han gjera noko helder, saag det ut til.

Hans arbeid var helst til aa liggja i ein skugge og røyta maten. Og det maatte han so gjerne, for han aatte vel sjølv det han la i seg.

Men der var surne, som ikkje hadde kunna halde seg, dei hadde maatta spurt han korleis det sku verta, det kunde vel kje svara rekning aa driva gard paa den maaten lenge ?

Han hadde ikkje svara større paa det.

— Frøkni var i utlande, hadde han sagt. Med det hadde dei maatta slaa seg til ro, for det fyrste, dei som var forvitne.

Dei fekk no venta og sjaa. Det var kje sagt det vart noko likare styremaate um frak-

ni kom heim helder, var dei rædd for. Ho kunde vel kje ha so rar greida paa korleis ein gard sku drivast, ho helder, som ventande kunde vera.

Tidi skreid. Mikkjellsmess kom, helgemess med; men daa spurdest det for visst ein dag, at no var Ester Berg flutt til Sviland for godt. Og ho hadde ei Uti smaagjenta med seg. Eit par aar gamall kunde ho vel vera, smaagjenta, sa dei som hadde set henne.

Sviland vart paa nytt ein forvitneleg stad. Det kunde vera moro sjaa denne bytausi driva gard. Ho kom venteleg til aa saa aakrarne til med „tusindfryd" og slikt noko, meinte kararne; men kvinnfolk! undrast mest paa kor ho hadde den naudande væne gjentungen ifraa.

Dei undrast mykje paa dette. Dei kjen-de so Ute til henne. Var ho gift tru, elder korleis hekk det saman ?

Dei var so forvitne, dei vilde mest rivna.

Men so tok dei seg mannskapen til og gjorde seg erend til Sviland, snart den eine og snart den den andre av kjeringarne. Og Ester skyna godt kva dei gjekk etter. Ho var snild og beinsam imot dei. Ho hadde moro av aa sjaa og høyra paa, kor dei stræva med aa faa sine spursmaal sløgt lagde, so ingen sku merka kva dei stila paa. Naar dei so var

komne væl yver det verste og hadde fenge røda inn paa den rette laami, vart alltid spursmaali meir nærsøkne enn fyrr dei hadde vore

Og Ester fortalde. Ho laug med godt samvit, for det var slikt som ikkje kom andre ved. Ho hadde ikkje stole vesle gjenta si, anten fraa dei elder andre.

Ho var enkja, sa ho. Hadde berre vore gift eit halvt aars tid.

— Han hadde fulla vore embettsmann han daa?

Aa nei, han hadde nok ikkje havt noko embette helder.

— Det kunde vera ein annan riking, kanskje?

Aa nei, rik hadde han ikkje vore, det var berre slik ein vanleg — steinpokkar; men det var sant, steinpokkararne i utlande hadde betre betaling enn steinpokkarar her i lande.

Dei gjekk'ifraa henne. Dei skyna det nytta ikkje. Men ho maatte aldri tenkja dei trudde henne!

Nei, ho hyrpte nok paa nosi aat ein likare kar enn ein steinpokkar, den tausi, so det maatte ho aldri innbilla dei.

Men at ho var mor til ungen, det var noko alle kunde sjaa, korleis det so meir var med han som far sku vera.

Ho KræmarSessela ned i Vaagen sa det

ho, at slike fine folk sku ein aldri tru betre enn andre. Ho kjende til det slage ho. For ho hadde tent i byen, Sissela.

Det kunde godt henda ho hadde vore gift, denne her j men ja menn kunde det godt vera lygn og.

Ein fekk venta og sjaa, meinte ho. Slikt kom nok alltid for ein dag. Ho hadde aldri anna merkt.

Og Vaagskjeringarne fylgde raadi. Dei venta. Men det vart ikkje kvitare, kor lenge dei venta, for der var ingen andre enn Ester som hadde ereida paa det, der ikriug, og ho gav ingi onnor greida, enn den dei alt hadde fenge.

Ho skyna so godt, at dei ikkje trudde noko paa dette um giftarmaale med steinpokkaren, endaa dei aldri gat eit ord um det meir. Men dei kunde no ha det so godt, for henne. Ho brydde seg syttan og ein halv um kva dei trudde elder ei. Ho vilde faa ha veslegjenta si i fred for nyfknaden deira; og han som faren var, kunde dei og lata vera. Han hadde nok ikkje steilt seg so imot henne, som ho helst hadde ynskt og vilja; men kom han ein gong heim att til henne, som ho tenkte og vona, sku han møta ein kjærleik, som brann like klaart som fyrr.

Der hadde vore stunder, daa ho helst hadde ynskt seg under torva; men slikt vilde

ho kje koma ihug lenger. No vilde ho setja Sviland i stand. Vent sku der verta, som paa ein herregard. Blomar sku gro, og aldetre lava av frukt millom grusstrøydde gongar. Det sku verta ein heim, der det var unelegt aa vera. Og var det so laga, at Svale kom att til henne, sku han maatta sanna at kjærlege hender hadde steilt um fedragarden hans.

Her var so mangt aa onna med, so mangt aa røyna tankarne paa. Det hadde vore so vanstjorna baade ute og inne, dei siste aari, at arbeide liksom laag og retta aimarne imot henne og bad um hjelp. Og kvart arbeid som vart gjort, skapte ein hugnad som ho aldrig hadde kjent maken til, gav henne nye røymslor og fødde nye tankar i henne. Det var reint so ho ynka dei stakars byfolki som gjekk der inne i byen og sleit gatesteinen og trudde dei var mykje til folk. Noko dei kunde setja upp imot dette friske, glade landlive, aatte dei ikkje, Visst laag dei kring bygderne nokre vikor um sumrarne og tykte det var herlegt. Men den hugnad arbeidslive hyste i seg her ute, med alle sine smaasigrar, den hadde dei ingen tanke um.

Ho visste nok, dei kalla det aa «stige ned», aa «begrave» seg dette her, men ho sytte ikkje. Det saag ut til aa verta gildare og gildare etter kvart. Tanken paa Svale og

veslegjenta deira skuva fram og gjorde tiltak! lette.

Det var ein ting ho tenkte mykje paa: — um ho ikkje burde ta gamlebesta til seg, naar ho no kom seg skikkeleg i gong.

Ho hadde det visst godt der hovar; men ho vilde daa visst tykkja godt um aa faa koma attende til Sviland, der ho hadde stulla alle sine dagar. Ho sku stella um henne det beste ho visste, so ho sku nok koma til aa trivast. Det vilde ha mykje aa segja for henne og aa faa besta hit att. Ho kunde vera til hjelp og rettleiding paa mange maatar; dessutan vilde det vera mykje hyggjelegare for dei baae tvo.

Verkeleg trudde ho, at ho vilde faa henne hit ja.

Men besta vart ikkje henta , for der hende noko, som gav Ester so mykje annaaatenkja paa, at ho reint gløymde besta ut. Gamla i Svilandstræ kom burt til henne ein dag. Fyrst snakka ho um vind og ver og andre Hkehente ting, so tok ho til aa gjøla for Ester, og naar ho tykte ho hadde gjort nok av det, kom ho fram med rette erende sitt.

Det var denne stova ho hadde butt i. Ho vilde høyra korleis Ester vilde gjera med den. Han Paal, son hennar, hadde skrive og sagt at ho sku kjøpa baade stova og tufti, dersom eigaren heldt henne lai, og dersom Per ikkje

var for dyr. For Paal visste ikkje at Sviland atter hadde skift eigar.

No hadde ikkje ho hug til aa kjøpa. Ho var gamall og kunde visst ikkje ha so mange aari att aa liva i; og var ho fyrst under torva, so meinte ho Paal kom ikkje hit meir, og daa trong han ikkje noko stova her helder, so ho totte det var reint i utrengsmaal aa kjøpa, Men det var sant, ho hadde butt der so lenge no, at ho vilde tykkja aafaatt med aa flytta og, so dersom ho fekk det etter ynskje, vilde ho helst faa verta verande der. Ho sku betala leiga, sjølvsagt. Ho venta kje det at folk vilde lata henne bu der for inkje.

Medan Svale og gamlebesta atte det, hadde ho kje betalt eit øre i leiga helder daa, for det var folk med samvit det. Per Bøen hadde ikkje tekje noko helder. Men som sagt ho venta kje at folk vilde lata henne bu der for inkje.

— Folk med samvit!

Ester kjende paa det ein grand og lo inni seg. Det var greidt nok aa skyna, det. Gamla fiska eiter aa faa verta buande i Træ for inkje, no so fyrr.

Høgt sa ho:

— Eg tenkjer ikkje me skal vera meir samvitslause me, enn det andre. Bu De i stova so lenge De lyster.

— Ja, neimenn var no kje det meiningi,

nei; det var det kje. Tak du morr, det du tykkjer er rimelegt. Rett skal vera rett. Um no Svale hadde vore s o god i seg, at han ingi leiga hadde teke, so var det ikkje sagt at andre sku fara etter det. Ho hadde ikkje nemnt det paa den maaten. Det kom berre for henne so, sidan dei hadde det paa snakk um stovo korso. For det var sant, at so fjerre trong som Svale hadde for pengar, den tid han hadde Sviland, so vilde ho segja det var stort av han at han hadde lete henne faa bu der aar etter aar for inkje. Ho kunde gjerne segja, ho heldt av guten for det same. Hadde beint fram havt vondt av han. Her for han sin veg; ingen visste kvar der vart av han, og aldri spurdest han meir.

Det hadde vel harma han, meir enn nokon trur, at han sku maatta sleppa Svilandifraa seg. Men det var det, maa vita, at dei han hadde sett si lit til, heldt seg for gode for han. Frøkni paa Aas, var nok ikkje huga paa aa sitja paa Sviland som ei onnor bondekjering. Der maatte nok gromare reir til. Ho kjende til den tytta h o.

Elles meinte ho gyllingi var faren sin veg, no etter kvart, so dersom han kom og baud seg upp att, var han daa visst velkomen.

Ho sku no kje segja det for visst, um det kunde vera i slike erend ho var fari til London no, men urimelegt tykte ho ikkje det

var, for han Paal, son hennar, hadde skrive heim at Svale var i London.

Det sku nok heitast vera til ei ho kjende fraa den tid ho gjekk paa skule inn i byen, ho reiste; men ho for sin part hadde no sine egne tankar um det der.

Gamla stadfeste det ho sa med eit kast med hovude og ei djup rukka i skallen.

Men Ester sat og var forundra paa seg sjølv.

At ho ikkje flaug dette gamle trolle kring halsen av berre gleda! At ho vann sitja roleg! Gudskelov, so var han daa endaa livande. Alt kunde endaa retta seg.

Ho saag burt paa gamla. Den djupe rukka i skallen sa henne at der sat meir visdom att endaa i den skolten, berre ho vilde ut med han so —. Og Ester hadde god hug til aa vita meir; men ho torde ikkje spyrja større helder. Det var best aa fara varlegt og laast som ingen ting var.

— Men tykkjer De ikkje det er stygt av han, at han aldri hev skrive heim? Han kunde daa i det minste ha sendt besta ett-kvart, sa ho, so rolegt ho kunde.

— Aa, han er vel han, som mange andre av kararne: naar det ber imot ein grand, set dei seg fyre og vil ikkje meir. Det var tungt nok for han, dette her, at han sku missa baade garden og gjenta paa ein gong, so hev han

hel gjeve seg yver, vil eg tru. Elles maa eg aegja eg hev ikkje stor greida paa det; det maa eg segja eg ikkje hev. Men nok er det, Paal hadde raaka han i London for nokre vikor sidan; for Paal reiser med ein 'merika-nar han, i fast ruta tnillom Chikago og London. Svale sku vera med ein norske innantil byen, han. Kvar dei daa sku av, nemner ikkje Paal noko um i breve, so det kann godt henda dei var paa heimveg og, for alt det eg veit. Gamla reiste .seg og vilde gaa. — Ja ja, sa ho med handi paa dørtrykkjaren, sidan du er so beinsam, at du vil lata meg faa vera i stova, so skal eg sjaa um eg ikkje kunde gjera deg ei beina att, var so du trong ein kvar gongen. So skeivla ho ut.

Men Ester tok veslegjenta i armarne og tulla rundt paa golve med henne.

— Me fær nok gjera endaa ein utanlandstur eg og du, vesla, er so det trengst, Snakka med han vil eg i det minste endaa ein gong, sa ho.

XVI.

Sigvor Aas hadde vore i London i tvo dagar.

Verten hennar, gamle skippar Hanssen, var flutt hit for eit par aar sidau fraa Norig. Kona hans var fraa London, og ho kunde aldri trivast rett i hans heimland. Foreldri hennar hadde drive ein restaurant, so lenge dei var arbeidsføre, men sistpaa maatte dei slutta, daa var det Hanssen tok kona og dotter si med seg hit og tok atti etter verfare.

Kona hans hadde lenge vore sjukleg, og ei stund etter dei var flutte hit, døyde ho; so no var det dotteri, ho Petra, som styrde baade restauranten og huse elles.

Skipper Hanssen var elles ingen gamall mann; men han hadde fenge ein helseknekk i seg dei siste aari han for til sjøs, so han var helst kruslen av seg likevel. Nokon skjemtegauk var han ikkje, men hyggeleg og greid, og naar gikti ikkje var alt for leid med han, var han ein stor pratmakar.

Sigvor og Petra visste ikkje noko hyggjeligare tidartrøyt, daa dei gjekk i lag paa sku-

len heim i byen, enn naar dei fekk han til aa fortelja fraa turarne sine til sjøs.

Det var alltid soleis at dei fylgde med. Og dei mintest væl so godt det han fortalde, som det dei fekk vita paa skulen. Dei faa aari som hadde gjenge sidan den tid, hadde sett sine merke paa han. Gikti hadde lagt til. Han hadde kruknast, og haar og skjegg hadde graana; men hjartelage var det same milde som fyrr, og baade han og Petra gjorde alt dei kunde for at Sigvor sku trivast den stundi ho var hjaa dei. Men endaa tykte dei ho var so still og stur, at dei snaudt kunde tru det var den same livsglade gjenta, dei fyrr hadde vore van med.

*

Det var i kveldingi. Petra var i fullt arbeid i skjenkestova, og far hennar var ute i byen eit lite erend. Sigvor sat inne aaleme. Ho hadde ei bok framfor seg, men ho las ikkje stort. Ho sat helst og stirde gjennom vindauga ut paa gata. Der var eit yrjande liv der ute. Det seig framum som ein straum, utan stans og ende. For moro skuld tok ho til aa telja dei som for framum, men kom av tale fyrr ho naadde femti.

So kom Petra inn og henta henne ut i skjenkestova. Ho sku faa høyra noko, sa ho.

Det var ein buktalar, som var komen inn

der. No stod han og forlysta dei andre gje-sterne med kunststykki sine, for gode ord og eit glas øl. Det var ein høg, bleik mann med svart heilskjegg. Han kunde vel vera burt imot femtiaars alderen, etter som han saag ut. Men det mest sermerkte ved han, var ein fotsid lereitsfrakke han hadde paa. Frakken var kvit, men baade framme og bak var han liksom yversaadd med underlege svarte strik og teikn.

Han stod midt paa golve, vend imot eit laskeskaap bak disken, tenkte seg liksom um. So ok han eit stig fram imot skaape og banka paa kaapdøri. Der kom kje noko svar fyrste ongen. Han laut banka ein gong til. Men daa art det liv i skaape.

Fyrst hørde dei ei kjerling klynka og et ikkje som knurra, men so tagna kjeriingi og ikkje sette i aa kvinka, som um der var nokon som av henne eit spark. So vart det stillt att.

Mannen laut banka paa endaa ein gong. aa var der eit grette mansmaal, som spurde kven et var som banka.

Aa, det var ein ferdamann som bad um hus til natti.

— Drag til helvites, sa det i skaape. Dei tok ikkje imot reisande, der i huse.

Men mannen utfor døri bad so vakkert um aa faa sleppa inn.

Han sku vera nøgd med ei kraa paa golve, og sengklæde hadde han med sjølv, so han sku kje vera til større bry for dei.

Nei daa, han fekk berre ein grov gjeft til svar. Dei vilde ha ro med natti i skaape. Han kunde berre ha seg av garde, og det strakst. Gneldrebikkja tok til paa nytt so det skar i øyro, og stakkaren for døri fekk ei ty-deleg tilsegn um at dersom han ikkje pakka seg strakst, vart politie varsla.

Etter dette kunststykke skjenkte Petra i eit glas øs aat han. Han tok stillslegt imot det og med takk,

Medan han drakk, bad ho han vera gild aa lata dei faa høyra litt musik med same. Og han var kje tver. Han plystra aat dei. Alle laut lyda etter. Slike tonar hadde ingen høyrte iyr, so mjuke og reine, kløkkjande til taaror. Det var kunst. Daa han slutta braka det laust med handklapp rundt i heile salen og mange røyser ropa etter meir.

Men det nytta ikkje. Rolegt som fyrr tømde han glase som Petra paa nytt hadde iyllt aat han, so takka han for seg og gjekk.

Sigvor stod burtvend og vekkdirøymd, med dei siste saare tonarne endaa skjelvande gjennom hugen. Dei minte henne um farne dagar, desse tonarne, um fløyteijod og bekkje-sus gjennom grøn skog og sprettande engjer heime i Vaagsgrendi.

— Var han ikkje ilink, du? spurde Petra.

Sigvor kvakk or. — Jau, ein underleg mann. Kven var det for ein?

— Det er ein raring, som ingen kjenner noko til. Best som ein kann sjaa han rett ofte her ikring, kjem han med eitt vekk og er vekke paa maanadsvis; men so ein vakker dag er han her att. Folk trur han ein gong hev set betre dagar og at vannheppor av eit eller anna slage hev gjort han til slik ein farande raring.

— Sigvor! ropa det inne. Det var Hans sen, som var komen att.

— Eg lyt nok be' deg vera so gild aa hjelpa meg litt, sa han, daa ho stod i stova hjaa han. Du f ær orsaka at eg umakar deg; men eg tenkjer ikkje det skal staa so lenge paa.

Eg hev ienge nokre brev, ser du, som det hastar med, og no vilde eg gjerne faa deg til aa lesa dei aat meg, for eg ser ikkje godt sjølv. Petra plar lesa brcvi aa meg; men ho hev vel ikkje tid endaa, tenkjer eg.

Det var tri brev i alt — vanlege forretningsbrev, og det var snart gjort aa fara igjenom dei.

Men so hadde han fenge nye blad og, og han vilde gjerne ho sku sjaa litt paa dei med same. Det han helst ynskte aa faa vita

var korleis det gjekk med krigen i Sud-Afrika, for endaa han berre hadde butt i London i tvo aar, var han so god engelsmann som no-kon kunde verta.

Men der stod ikkje stort um krigen. Der stod berre at den troppestyrken som sist reiste heimantil, var væl framkomen til general Colley i Maritzburg.

Dei sat og snakka um krig og slikt ei stund og var samde um at det var fælt.

— Men endaa so fælt det er, so er der likevel folk som av eigen fri vilje gjeng med, baade paa den eine og den andre kanten; kann du skyna deg paa slikt, sa han.

— Eg hugsar soleis ein norsk sjømann, som kom her fyre jol. Han hadde fare med ein norsk baat, var nett komen hit etter ein langtur paa millomhavslandi. Baaten sku gaa heim her ifraa; men guten hadde gjenge ifraa her. Hadde tenkt aa faa seg hyra paa nytt, vil eg tru; men medan han gjekk her gjerandslaus og venta, hadde han fenge ei un derleg grilla i seg. Han vilde plent med i krigen i Sud-Afrika; hjelppte ikkje kor det snudde.

Desse tropperne me las um istad, sku nett sendast i dei dagar, so der var godt um fylgje for han og. Men han kunde ikkje engelsk og ikkje var han kjend i byen, og so stod han der.

Av eit høve hadde han kome til aa høyrte Petra segja nokre ord paa norsk ein kveld ut i skjenkestova, og so kom han her ein dag og vilde faa henne til aa rettleida seg litt. Ho hadde ikkje stunder daa, og so vart det eg som maatte i veg.

For det fyrste vilde han faa greida paa kor det norske konsulate var aa finna. Eg fylgde med han, og paa vegen fekk eg nok so god greida paa han. Hadde eg hugsa att namne hans, kann det godt vera du kjenner han, for dersom eg ikkje misminnest alt for mykje, sku han vera antan fraa di heimbygd elder fraa grannesokni.

Han tok fram ei bok og bladde i.

— Eg trur mest eg skreiv det upp her, sa han, baade namn og heimstad. Eg hev som ei dagbok til stød for minne.

No kom Petra inn, vilde ha litt vekslepengar hjaa han.

— Kva var det han heitte han galningen me sende i krig her i vinter, spurde han.

— Aa ja han; ja det hev eg gløymt aa fortelje deg urn, Sigvor.

De var nokre store krukar, baade du far og konsulen, som ikkje greidde telja han yver. Det er synd for den vene guten, um han sku koma til noko.

— Tja ja, me gjorde det me kunde me, veit du, men oss vilde han ikkje høyra paa,

og so laut han faa gjera som han sjølv vilde.

Etter som det lyddest paa han, hadde han ikkje nokon som syrgde, um gale sku henda. Utan so *du* sku ha lagt serleg elsk til han.

Ja, her hev eg namne. Eg trudde det sku vera her.

Svale Sviland, las han. Kjenner du no-koa sjøgut heimantil, som heitet so?

Men Sigvor svara kje. Dei venta det ikkje helder, for ho var sigi i uvit attmed stolen sin, kvit som ein naae i andlite.

Ho vart lyft upp og bori i seng.

*

Det var nokre dagar seinare. Petra sat inne hjaa henne. Dei tvo gjentorne sat og sna.kkast i trumaal.

— Hev du kje vunne faa det ifraa deg endaa, spurde Petra.

— Nei, det er so underlegt, tykkjer eg. Eg kann kje slaa meg til ro med det slik. Det er liksom noko støtt kviskrar meg i øyra at eg skal leita han upp att, og at det var mi skuld at han for sin veg.

— Ja, men kjære deg, dersom du no ikkje finn han! Du maa hugsa paa der er mange vandskar aa vinna yver. Han kann vera langt ifraa Maritzburg, naar du kjem dit. Og post

er det kje sagt dei iær til seg send, naar dei fyrst kjem ut i villmarki. Det er krig, veit du.

— Eg hev tenkt yver alt. Der er ingen vandske, eg ikkje vil freista vinna yver. Eg hev berre ein ting aa gjera: reisa so snart eg kann.

— Du fær aldri lov for far, aldri — og ikkje for meg helder. Du er kje sterk nok til aa tola ei slik reis. Hugsaa paa det,

— Det er just ei slik reis som kann styrkja meg, og inkje anna. Berre tanken paa at kvar time som gjeng fører meg nær mare og nærmare Maritzmrg vil gjeva meg kjempekraft. For nett det er det, som hev gjort meg hugsjuk og veik at eg inkje visste, og inkje sjølv kunde gjera til aa venda min laake lagnad, elder stilla min angst og uro. Men no veit eg det eg trengxum aa vita, og eg veit kva eg skal gjera. Veggen ligg open for meg. Alt er greidt.

I morgo kjøper eg billett. Baaten reiser um tvo dagar, og eg er med.

I dag hev eg vore burt paa redaksjonskontore her tett ved.

Eg fekk sjølve sjefredaktøren i tale, og han sa for visst at 94. regiment, som du veit Svale stend i, ikkje reiser fraa Maritzburg endaa paa ein maanad, so eg skal nok naa han fyrr han kjem lenger. Redaktøren visste nok kva han sa, for dei hadde ein fullt paaliteleg

mann, som kvar dag sende telegrafisk melding um kvar den ting som tropperne tok seg fyre og um krigen elles. 94. regiment sku berre vera reservetropper, lor det fyrste, sa han.

— Men eg skynar deg ikkje endaa, eg. Du fær ikkje verta vond paa meg, um det fell litt tungt for meg aa setja meg inn i alt. Det er so underlegt det heile, tykkjer eg.

Eg hev visst ingen rett til aa krevja at du skal skrifa for meg, men kjære søte Sigvor mi, dersom det ikkje er deg for mykje imot, vilde eg fælt gjerne faa vita litt meir. Kva vil du gjera naar du finn han? Han kann ha gløymt deg, vil gjerne ikkje sjaa deg ein gong. Her er lenge sidan sist, og gutarne skal kje alltid ha det med aa vera sers langminnte, hev eg høyrte.

Sigvor lo ein liten glad laatt, og der kom glans i augo.

— Nei, no gjerer du Svale urett, Petra. Eg kjenner han so godt. Han er kje slik. Det er eg, som hev vore stuttminnt, jaala, gaas! Og det hev eg fenge Hda for.

Nei det er just vissa um at alt endaa kann verta godt att millom oss, som hev gjort at eg er komi hit, og som gjerer at eg um tvo dagar reiser etter han. For eg tok imot eit brev fyrr eg reiste heimantil. Det breve gav meg denne vissa. Og naar eg skal segja som sant er, so var det helst det breve, som gjorde

at eg so med ein gong tok meg fyre aa kom hit. Hadde ikkje dei vore, hadde eg vel snaudt kome fyrr til sumaren.

Men kann du no gita kven breve var ifraa og kva der stod i det?

— Nei du, det kann eg vist ikkje. Men at det maatte vera eit skjeldsynt brev, det tyk kjest eg vera viss um, naar det kunde faa deg til aa renna i veg slik; for no hev eg gnaala um aa faa deg hit i tvo aar, og eg hev vore so lækker eg hev kunna, — og det vil segja mykje det, Sigvor; for eg kann vera lækker, naar eg vil. Der er faa som greider staa imot daa. Men deg nytta det ikkje med. Ja ja, orsaka. Eg vil tyje skjenna no naar eg fyrst hev deg her.

Men kva var det for eit under med det breve daa?

— Aa breve i seg sjølv var vandelaust nok, og ikkje var det so langt helder; men endaa var det det gildaste brev eg hev fenge paa mange aar.

Der stod at Svale var her i London. Han som skriv, hadde snakka med han. Svale kom aldri til aa gløyma meg, stod der; og eg gjorde ei stor synd imot guten, um eg let han gaa lenger og syrgja. Hadde han havt nokon som brydde seg um han heime, hadde han med gleda fylgt „Garibaldi" heim; men no kom han til aa gaa ifraa her, og daa var det

ikkje visst kva ende det vilde ta med han i det vere han var og millom berre framande.

Til slutt bad han meg um ikkje aa tvila paa at det var sant det han sa, sjølv um eg kunde tykkjast aa ha grunn til det,

«Fraa ein som vil dykk baae væl", stod der til underskrift. Meir stod der ikkje; men eg skyna kven det var iraa, for eg kjende skrift i.

I fyrstningi tvila eg nok paa at det var anna enn tøys han for med; men so drog det etter med meg, og eit par dagar etter eg hadde fenge breve, reiste eg inn til byen. Daa var „Garibaldi" nett komen, og umbord fekk eg det stadfest at Svale hadde vore med; men var gjengen ifraa her. Daa skyna eg at Paal var til aa lita paa.

Nei, daa fekk eg slik uro paa meg, at eg kunde ikkje una heime ienger. Eg tykte heile mitt livs berging laag i aa faa raaka Svale att, faa snakka med han, halda han i handi, som i gamle dagar. Det fekk vaaga seg um det var lygn alt det som stod i breve, berre eg kunde raaka han.

So tok eg i veg paa von og vaage. Eg visste ingen ting. Inkje adressa elder noko. Men eg tenkte at var eg snar, kunde lukka kanskje vera med meg og, for ein gongs skuld, so eg raaka han likevel. Og no tykkjer eg

lukka hev vore med meg mykje godt, endaa ho slett ikkje er ublanda.

— Men kven var det, som skreiv til deg, du?

— Det var Paal i Svilandstræ, ein sambygdingen min som reiser tilsjøs.

Petra hadde teke Sigvor kring live.

— Du hev maatta gjenge igjenom so mykje, so eg trur vist lukka hev vendt seg no. Det er langt til Maritzburg; men eg vil ikkje telja uført lenger, for eg skynar at all den lukka du ynskjer deg, finn du berre der. Og eg unner deg av hjarta alt det beste, difor vil eg no hjelpa til, det beste eg evlar, so ferdi kann lukkast.

— Takk, eg visste du vilde meg væl, utan deg kunde eg ingen veg jkome.

Ei taara glein fram i augnekvarmarne; men der laag smil kring munnen og von lyste or milde aueo.

XVII.

Det hadde vore jolasumar, men det teikna til aa verta paaska vetter, tykte folk.

Snjoen draus ned dagstøtt, mest ei heil vika, og ein ulideleg kald nordvest gjorde det endaa meir vettarslegt. Solauga hadde kava seg mykje godt høgt paa himmeten alt; men som no det var, saag det helst ut som um det sku vilja slokna og døy i graa snjokave og surkald vind.

Folk heldt seg helst innandørs, fyrde i omnen og let vere tura. Var dei nøydde til aa gaa ut um døri, laut baade vaasklædi og snjostyvlarne fram, og endaa var det so vidt dei greidde seg.

Det rakk og det drygde; snjoen datt og kulden varde ved, og so vart der' ikkje onnor raad, dei laut forherda seg baade den eine og den andre og kika ut.

Surne hadde naudsynlege erend til hand-laren, ein etter olje, ein annan etter mjøl; men dei fleste sette kosen til skogs, for no hadde kjeringarne elda mest baade dag og natt ei heil vika til ende, so no traut det med turr-

veden og ein utveg til meir maatte til, korleis det so snudde.

Men nordvesten gauv paa som fyrr og folk kava seg fram gjennom djupsnjoen og rennefoke med samanbitne tenner og attknipne augo, sveittande som ploghestar, men med juklar baade i haar og skjegg.

Der tvo elder fleire raakast, var vere det idssaste samtaleemne, og alle var mykje godt samde um at slik kulde og uberda ikkje kunde vara so lenge, til des var det alt for kvast med kulden og for mykje snjo i opi mark.

*

Og slik vart det og. Daa folk vel hadde fenge seg brauter, baade til handlaren og til skogs, gjekk vinden seg paa sudvest, og mildver vart det med ein gong, med tungt havbrak gjennom lufti og svarte skyhausar som spaadde regn.

Snjoen kremdest meir og meir, og føre vart tyngre og tyngre til det sistpaa vart uppi ei blaut surpa, som korkje vyrde feitlerstyvlar elder annan fotbunad, men trengde seg inn like til skinne.

I myrke kvelden, gjennom all denne blaute snjosurpa sleit ein ferdamann seg fram. Han kom fraa byen, var tenkt aa naa heim til Vaagsgrendi fyrr folk kvelda.

Det var Svale Sviland.

Der hadde ikkje vorte noko Afrikareis av med han. Livshugen hadde vakna paa nytt. Heimlengten tærde so han fekk vondt. Han angra paa det han i si livsleida hadde gjort, cg attaat alt kom eit pinande samvitsagg.

Det var Ester. *Ho* kom han støtt i tan-kerne no. Han hadde bore seg aat som ein slusk imot henne. Beint fram uærleg hadde han vore. Som ein rymling hadde han fare sin veg, utan so mykje som eit ord til veifar.

Og Esler gjekk visst og trudde vel um han, ho. Heldt av han. I minsto hadde ho gjort det, den tid han reiste heimantil. Og Ester var ei gjenta som han kunde havt hugnad av. Ho var baade vakker og greid.

Men so sku ho liksom ikkje vera den rette daa. Ho paa Aas sku gaa framum alle ho.

Jau, no hadde han for brye! Aa, for ein tullebuk han hadde vore.

Som um han ikkje hadde vore førhuga nok etter Ester og, den tid han tykte der Uti von var um at han kunde faa henne.

Men soleis var han, — reint som forgjord.

Det var vel største voni, at ho korkje sakna han elder bar noko sorg for han lenger ; for var ho Uke so stuttminnt som surne andre gjentor, hadde ho gløymt han for lenge sidan.

Men det var det same. Han vilde raaka

henne att og høyra henne segja at ho ikkje bar agg til han for noko.

Og han vilde sjaa heimbygdi att, for ingen stad i verdi var det slik som heime. Han vilde høyra vaaren susa i Hderne og sjaa blaa himmel yver høge fjell og bleik sumarnatt svepa seg kring bygdi med kvild og blide draumar.

Henne paa Aas kunde det vel henda han raaka og; men det fekk vaaga seg, han fekk vel ikkje slag av det. Heretter var ho berre luft for han. No var han sterk og vilde gaa sine egne vegjer, utan aa ta umsyn til henne.

Han hadde rymt ifraa London, utan aa beda vælliva. Han hadde ikkje set seg syn med aa koma ut av dei vandskarne han her hadde fløkt seg burt i paa annan maate. I siste slømdi hadde han kome seg um bord i ein Gøteborgsbark som nett sku gaa heim. Og glad var han.

Vinden var lagleg og «Nora" skaut bra fart; men Svale hadde ikkje kjent seg trygg fyrr dei væl var ute or Kanalen.

Det gjekk bra det fyrste døgere etter dei var komna ut i Nordsjøen og; men vinden auka paa etter kvart, og fram paa ettermiddagen andre dagen, var det storm, so det rauk baade stikka og straa. Og storm og svær sjø vart det, heile den fyrste vika, so det var eit bask utan ende med seglreving og manøvrering paa alle vis.

Der var korkje nattero elder matfred aa faa.

Dei var tvo gonger upp under Norig, men dreiv av att. Segli miste dei, det eine etter den andre; og tvo baatar og største parten av rekka paa bakkboards sida tok ein braatsjø med seg.

I niande døgne la stormen seg endeleg noko. Det var stridt nok endaa, men ikkje verre enn at dei kunde lensa undan vinden. Land saag dei ikkje paa nokou kant, helder ikkje fyrar. Dei laut sigla etter bestikke, og etter det, sku dei no vera rett ut for Lindesnes med kurs for Skagerak.

Men „Nora" kora aldri yver Skagerak meir. Dei munde nok ha vore nærmare land enn dei hadde trutt. Myrke natti som det var, rnaanemyrkt og med tette snjokavar, kunde dei ingen ting sjaa, men dei kunde høyra kor det braut yver fall og flu, berre eit lite stykke ifraa dei. Der vart gjort alt, som gje-rast kunde, til aa koma ut i rom sjø att, men seglslitne og i ringt stand som alt var etter den lange stormen, nytta det ikkje.

Skuta dreiv i land, vart knust i bitar. Det var so vidt dei fekk kara seg Hand i baaten. Daa dagen kom, synte det seg at dei var eit stykke utanfor Mandal.

I Mandal skildest Svale med dei andre, og no var han endeleg komen so lang at han timde ljose heime i Vaagsgrendi.

Men det var ein ting han undrast paa, medan han gjekk vegen heimetter. Det var at der var ljøs paa Sviland.

Var Per Bøen flutt inn der, elder korleis kunde det ha seg, tru ? Forvitenskapen tok han.

Han kom paa at han vilde leggja vegen um Sviland. Det vart ikkje stort lenger um han gjorde den kroken, og losihuse burt i Vaagen, der han var tenkt aa tøvra med natti, fann lian alltid ope, sjølv um han ikkje kom der fyre midnatt.

Daa han kom upp i tune, stogga han og lydde, for der let song innantil stova. Det var visst eit barn, som song, etter som det lyddest. Forunderleg mjuke og reine strøymde tonarna ut imot han, og ei mild, vekjømeleg kjensla tok han, so taarorne vilde mest losna.

Men det varde ikkje lenge. Han var strakst herre yver sine kjenslor att og gjekk vidare. Fyrst kom han til skytja; han tøygde seg inn gjenom den opne døri med same han gjekk framum; men det var so myrkt inne der, at han kunde ikkje sjaa noko. Litt lenger burte laag fjosen, og medan han gjekk vegen burtetter, kom han paa at han sku kika inn um døri, der og; for dersom Per Bøen hadde seilt Sviland til nokon, so var der vel nokre kyr, vilde han tru.

Men nei, fjosen var tom. Han kveikte endaa i ei stikka og lyste, tii aa vera viss.

Det maatte vera so daa, at Per berre hadde leigt burt stovehusi til einkvar, kven der no kunde vera.

Elles kunde det vera det same for han, korleis det var. Det kom han ikkje ved lenger. Han hadde ikkje nokon rett til aa gaa her og lura.

Han hørde fotslag! av eit menneskje burt ved stova; det kom visst hit, best aa koma seg avstad,

Dei raakast i vegen, midt millom stova og fjusen. Det var eit kvinnfolk, saag han. Han helsa og vilde framum, men snudde braadt og spurde um her var langt att ned til Vaagen.

Kvinnfolke svara ikkje strakst. Det ok seg berre nærmare og stirde paa han, so han vart heilt flat.

— Augo er baade dimme og skrale, og myrkt er det, so det kan vel henda eg tek imisst; men eg tykkjer mest eg sku kjenna maale, sa det.

Det var gamla i Svilandstræ, han hadde raaka, og Svale gav seg yver med ein gong.

Det kunde ikkje vera urimelegt, at ho hadde høyrte maale hans fyrr, nei, trudde han.

— Ja, men *er* det ikkje Svale ? frega ho.

— Jau, du hev rett i det morr, det er Svale.

Segjer, so du vilde daa sjaa heim att korso.

— Aa ja, det vart til det, Nokon heim hev eg elles ikkje lenger, men det er rart med det korso, ein Hkar aa sjaa kjende tufter att ender og daa.

Han ok seg ifraa henne nokre stig, vilde gaa, men ho flutta seg etter.

— Nei korleis fekk Paal liva daa, du. Han Skreiv han hadde snakka med deg i London. Mi sann kann du koma inn og svalla ein grand, eg er so forviti at —

Eg held paa med aa baka her, hadde tenkt meg burt i skytja etter ein grand ved no, og hadde du kje snakka til meg, so nei menn hadde ikkje eg visst kva slags framandkar det var som. snørde forbi.

Gjer so, kom berre inn, det kunde lögje vera eg kunde ha eitkvart nytt aa forlelja eg og.

— Kven er det som bur her no daa, spurde Svale.

— Aa, — det er ei framandkona det; ho kjøpte her strakst etter du var reist, men her er kje lenge sidan ho flutte inn lier. Elles er ho ned i Vaagen eit erend no, so det er berre eg og ei Uti dotter hennar som styrer huse.

Svale tenkte seg u m og kom til den endskap at han alltid kunde fylgja med inn paa kjøken nokre minuttar og, det var kje verre med det.

Daa ho væl hadde fenge han tilsættes paa

kjøken, attmed gruva, letta ho paa stovedøri og keik inn.

— Aa, ho er komen til sengs, gjentungen, ser eg, sa ho.

So gjekk ho aat skytja etter ved.

Medan gamla var ute, hørde Svale at gangdøri vart Opna og nokon kom inn i stova der det slengde ifraa seg eitkvart.

Det kunde no kje vera kona, som gamla hadde snakka um, dette, tenkte han, for det for og plystra; men ho hadde vel mann og, naar ho hadde born. Det maatte vera h a n som var komen.

No kom gamla med veden og samstundes vart stovedøri opna.

— Aa, er du alt komen morr, sa gamla og slengde vedfange ifraa seg. Spurde du bra nytt i Vaagen ?

Svale sat so, at han kunde ikkje sjaa anten stovedøri elder ho som stod der, men han hørde svare:

— Der vart fortalt meg at Sigvor Aas hev slutta sine dagar. Ho døydde i London — av Tyfus. Far hennar fekk telegram um det i dag.

*

Det var nokre dagar seinare. Svale sat i stova paa Sviland saman med Ester og ves-legjenta deira.

Dei hadde nett sete og snakka um aa

henta besta hit, so snart raad var, og dei var vortne sameinte um det, So vart det ei liti togn. Kvar sat med sine tankar; berre gjentungen hadde det annsamnt med ei ny dokka ho hadde fenge.

Ester reiste seg sistpaa, smeit seg atlutn stolen hans og stod saag paa han ei stund, men han gaadde henne ikkje.

Ho kunde ikkje lata vera aa strjuka han mildt yver haare med handi. Daa kvakk han or, vende seg og saag upp paa henne.

— Kva tenkte du so hardt paa? spurde ho.

— Det kom berre for meg, kor lite me menneskja evlar aa snu vaar eigen lagnad som sjølv me lyster. Her gjeng ein strir og kavar til aa naa alt, som lukka helter, og rett som ein trur ein hev henne i neven, so er ho langt burte att. Det er som aa kava i, sudrage for live, den eine bylja ber oss til og den andre ifraa att, og anten ein sparkar mykje elder lite, kjem oftast paa eitt ut, ein vert liggjande der sudi elder lagnaden slengjer ein av.

Ho tok han mjukt kring halsen. — Du kann ha noko rett i det du segjer; men lat oss helst ikkje tenkja paa alt det vrang som kann finnast, men vera glade.

— Ja lat os det, sa han og kyste henne. Maatte det berre so sant vera i ei god stund me atter hev funnest.

— Det fær me daa vona, smilte ho.

Skannat och redigerat av

Kent O Agdestein Vatna

2011-03-27